



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 8 LS

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Lov om den europeiske  
arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og  
samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si  
avgjerd nr. 319/2023 om innlemming  
i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149



# Innhald

|          |   |    |                |   |    |
|----------|---|----|----------------|---|----|
| <b>1</b> | <b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....   | 5  | 4.4.2          | Høyringsinstansane sine syn .....   | 19 |
|          |   |    | 4.4.3          | Departementet si vurdering .....  | 20 |
|          |   |    | 4.5            | Iverksetjing .....  | 20 |
| <b>2</b> | <b>Bakgrunnen for lovframlegget</b> .....   | 6  | 4.5.1          | Framlegget i høyringa .....   | 20 |
| 2.1      | ELA-forordninga .....   | 6  | 4.5.2          | Høyringsinstansane sine syn .....   | 20 |
| 2.1.1    | Innleiing .....   | 6  | 4.5.3          | Departementet si vurdering .....  | 20 |
| 2.1.2    | Formål og sakleg verkeområde ....   | 6  | <b>5</b>       | <b>Samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd</b> .....  | 21 |
| 2.1.3    | Nærmare om oppgåvene til ELA .....  | 7  | 5.1            | Innlemming av forordninga i EØS-avtala .....  | 21 |
| 2.1.4    | Plikt til å peike ut ein nasjonal kontaktperson .....                               | 8  | 5.2            | EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 .....  | 21 |
| 2.1.5    | Evaluering av ELA .....   | 8  | 5.3            | Gjennomføring i norsk rett .....  | 21 |
| 2.1.6    | Trygdeforordninga .....   | 8  | 5.4            | Departementet si vurdering .....  | 21 |
| 2.1.7    | Forordningane om fri rørsle av arbeidstakarar og EURES .....                        | 9  | <b>6</b>       | <b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....  | 23 |
| 2.2      | Høyring .....   | 9  | <b>7</b>       | <b>Merknader til dei enkelte lovføresegnene</b> .....   | 25 |
| 2.2.1    | Proessen .....  | 9  | <b>A</b>       | <b>Forslag til lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova)</b> .....  | 26 |
| 2.2.2    | Generelt om høyringsinstansane sine syn .....                                       | 10 | <b>B</b>       | <b>Forslag til vedtak om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149</b> .....   | 27 |
| <b>3</b> | <b>Gjeldande rett</b> .....   | 14 | <b>Vedlegg</b> |   |    |
| 3.1      | Innleiing .....   | 14 | 1              | Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344 ..... | 28 |
| 3.2      | Regelverket for utsending av arbeidstakarar .....                                   | 14 | 2              | Avgjerd i EØS-komiteen nr. 319/2023 av 8. desember 2023 om endring av vedlegg V (Fri rørsle for arbeidstakarar) og VI (Trygd) og protokoll 31 (om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane) til EØS-avtala .....                           | 55 |
| 3.3      | Trygdekoordinering .....  | 14 |                |   |    |
| 3.4      | Fri rørsle av arbeidstakarar .....  | 14 |                |   |    |
| 3.5      | Sosiale føresegner innan vegtransport .....   | 15 |                |   |    |
| 3.6      | Plattforma mot svart arbeid .....   | 15 |                |   |    |
| <b>4</b> | <b>Gjennomføring av ELA-forordninga i norsk rett</b> .....                          | 16 |                |   |    |
| 4.1      | Metode for gjennomføring – eiga gjennomføringslov .....                             | 16 |                |   |    |
| 4.1.1    | Framlegget i høyringa .....   | 16 |                |   |    |
| 4.1.2    | Høyringsinstansane sine syn .....   | 16 |                |   |    |
| 4.1.3    | Departementet si vurdering .....  | 16 |                |   |    |
| 4.2      | Behovet for forskrifter .....   | 16 |                |   |    |
| 4.2.1    | Framlegget i høyringa .....   | 16 |                |   |    |
| 4.2.2    | Høyringsinstansane sine syn .....   | 16 |                |   |    |
| 4.2.3    | Departementet si vurdering .....  | 17 |                |   |    |
| 4.3      | Om regulering av deling av teiepliktige opplysningar ved styresmaktssamarbeid ..... | 17 |                |   |    |
| 4.3.1    | Framlegget i høyringa .....   | 17 |                |   |    |
| 4.3.2    | Høyringsinstansane sine syn .....   | 18 |                |   |    |
| 4.3.3    | Departementet si vurdering .....  | 18 |                |   |    |
| 4.4      | Endringar i folketrygdlova og EØS-arbeidstakarlova .....                            | 19 |                |   |    |
| 4.4.1    | Framlegget i høyringa .....   | 19 |                |   |    |





DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 8 LS

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

## Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 8. november 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen legg Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram forslag til lov som gjennomfører europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344 («ELA-forordninga»). Forslaget inkluderar endringar i folketrygdlova § 1-3 a og EØS-arbeidstakarlova § 1, fordi ELA-forordninga endrar forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589.

Det blir og bedt om Stortinget sitt samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming av ELA-forordninga i EØS-avtala.

Gjennomføring av forordninga krev lovendringar og medfører økonomiske konsekvensar. Stortinget sitt samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd er derfor naudsynt i medhald av Grunnlova § 26 andre ledd.

EØS-komiteen si avgjerd og uoffisiell norsk omsetting av forordninga følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

## 2 Bakgrunnen for lovframlegget

### 2.1 ELA-forordninga

#### 2.1.1 Innleiing

ELA-forordninga blei vedtatt i EU 20. juni 2019 for å opprette ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, European Labour Authority, forkorta ELA. Forordninga tredde i kraft i EU 31. juli 2019 og blei tatt inn i EØS-avtala 8. desember 2023.

Bakgrunnen for ELA er ein open europeisk arbeidsmarknad med fri rørsle av arbeidstakarar og tenester i den indre marknaden. EU har omfattande lovgjeving som regulerer ulike aspekt ved dette, inkludert regelverket om fri rørsle av arbeidstakarar, utsending av arbeidstakarar i samband med tenesteyting og koordinering av trygdeordningar. Det er medlemsstatane sjølve som har kompetansen til å handheve regelverket om arbeidsmobilitet. Det har likevel vore utfordringar med handheving og utveksling av informasjon på tvers av landegrensene, noko som kan gjere det lettare for useriøse aktørar å kome unna, og som aukar faren for låglønskonkurransse og sosial dumping. ELA blei etablert for å hjelpe medlemsstatane og Europakommisjonen med å bruke og handheve EU-retten meir effektivt på områda arbeidsmobilitet og trygdekoordinering. ELA skal dessutan være eit verkemiddel for (meir) rettferdig arbeidsmobilitet.

ELA skal blant anna bidra til at grensekryssande arbeidstakarar og verksemdar får betre informasjon om rettar og plikter i andre medlemsstatar. Vidare skal ELA bidra til å utvikle og styrke samarbeid mellom nasjonale tilsynsetatar og utveksling av informasjon mellom medlemsstatane. Dersom medlemsstatane ønskjer det, skal ELA kunne bidra med å koordinere samordna og felles tilsyn og kontroll på tvers av landegrensene. ELA tilbyr òg ei frivillig meklingsordning dersom det er usemje mellom medlemsstatane om bruken av relevant EU-rett.

ELA har òg fått oppgåva med å koordinere Det europeiske arbeidsformidlingssamarbeidet (EURES) og Den europeiske plattform mot svart arbeid. Vidare skal ELA utføre analysar og

risikovurderingar og støtte medlemsstatane i å byggje kompetanse på desse områda.

ELA har ikkje nokon sjølvstendig myndigheit til å fatte vedtak med verknad for medlemsstatar, sjå òg punkt 2.1.2.

ELA er i dag i full drift med om lag 150 tilsetje og eit årleg budsjett på ca. 50 millionar EUR. Den daglege drifta blir leia av ein administrerande direktør, og den overordna styringa ligg hos styret (Management Board). I ELA sitt personale inngår ein nasjonal kontaktperson (National Liaison Officer, forkorta NLO) frå kvar medlemsstat. Denne skal fungere som eit bindeledd mellom nasjonale styresmakter og ELA.

#### 2.1.2 Formål og sakleg verkeområde

Forordninga regulerer i hovudsak etablering av ELA og styresmakta sitt ansvar og roller. ELA sitt oppdrag er å hjelpe medlemsstatane og Europakommisjonen i å effektivt nytte og handheve EU-retten på områda arbeidsmobilitet og trygdekoordinering, jf. artikkel 1 nr. 2. ELA-forordninga påverkar ikkje utøvinga av grunnleggande rettar som er anerkjend i medlemsstatane og på EU-plan, jf. artikkel 1 nr. 3.

ELA sitt saklege verkeområde kjem fram av dei rettsaktene som er nemnd i artikkel 1 nr. 4, og eventuelle framtidige rettsakter som bygger på desse. Av desse (inkludert nyare rettsakter som byggjer på dei nemnde) er følgjande tatt inn i EØS-avtala:

- På området *utsending av arbeidstakarar i samband med tenesteyting*: Utsendingsdirektivet, handhevingsdirektivet og endringsdirektivet til utsendingsdirektivet.
- På området *trygdekoordinering*: Trygdeforordninga og gjennomføringsforordninga.
- På området *fri rørsle av arbeidstakarar*: Forordninga om fri rørsle av arbeidstakarar i unionen og direktivet om å lette utøvinga av arbeidstakarars rettar i forbindelse med fri rørsle for arbeidstakarar, samt EURES-forordninga.
- På området *sosiale reglar innan vegtransport*: Fartsskrivarforordninga, køyre- og kviletids-

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

forordninga, endringsdirektivet om krav til handheving for utsending av førarar i vegtransport og forordning om yrkestilgang til vegtransportmarknaden.

Vidare inngår føresegner i forordninga som gjeld samarbeid med sikte på kampen mot svart arbeid, jf. artikkel 1 nr. 5.

Forordninga skal ikkje røre ved dei rettane eller pliktene enkeltpersonar eller arbeidsgivarar har etter unionsretten eller nasjonal lov eller praksis, eller dei rettane og pliktene til nasjonale styresmakter som følgjer av dette, eller den uavhengige stillinga til partane i arbeidslivet, som er uttrykkeleg anerkjend i EU-traktaten (TEUF), jf. artikkel 1 nr. 6. Det er også presisert i artikkel 1 nr. 6 at ELA-forordninga ikkje skal påverke eksisterande bilaterale avtaler og ordningar for administrativt samarbeid mellom medlemsstatane, særleg dei som gjeld koordinerte og felles tilsyn.

ELA-forordninga inneber ikkje at ELA kan beslutte noko som bind medlemsstatane, eller får direkte verknad overfor borgarar eller verksemder. Det følgjer av forordninga at ELA ikkje skal gripe inn i kompetansen til medlemsstatane og autonomien til partane. ELA skal primært støtte medlemsstatane og leggje til rette for betre samarbeid innanfor verkeområdet sitt. Det er fastsett konkret og uttømmende kva EU-regelverk på arbeidsmobilitetsområdet som er relevante for arbeidet til ELA, og forordninga gir ikkje nye materielle reglar på arbeidsmobilitetsområdet.

ELA-forordninga inneber følgeleg ikkje avståing av nasjonal styresmakt til ELA.

### 2.1.3 Nærmare om oppgåvene til ELA

#### *Koordinering av EURES (artikkel 6)*

ELA har fått oppgåver knytta til koordineringa av det europeiske arbeidsformidlingssamarbeidet EURES, og skal støtte medlemsstatane i å yte tenester til enkeltpersonar og arbeidsgivarar. ELA har til dømes tatt delvis over Kommissjonen sine arbeidsoppgåver i det europeiske samordningskontoret i EURES.

#### *Samordna og felles tilsyn (artikkel 8 og 9)*

ELA skal bidra med å koordinere samordna og felles tilsyn og kontroll på tvers av landegrensene på dei områda som ligg innanfor styresmakta sitt verkeområde. *Samordna tilsyn* er tilsyn som blir

utført i to eller fleire medlemsstatar på same tid og i samband med andre relaterte saker, og med støtte frå personalet ved ELA der det er føremålstenleg. *Felles tilsyn* er tilsyn som blir utført i ein medlemsstat med deltaking av nasjonale styresmakter frå andre medlemsstatar, og med støtte frå personalet ved ELA der det er føremålstenleg. Prosedyrane for tilsyna er nærmare beskrive i artikkel 9, blant anna at avtaler om felles eller samordna tilsyn skal fastsetje vilkår for å gjennomføre tilsynet, inkludert omfang og føremål.

Reglane om felles og samordna tilsyn inneber ikkje at norske styresmakter får plikt til å la andre statar eller ELA gjennomføre tilsyn i Noreg. Deltaking i tilsyn er frivillig, og ELA har heller inga styresmakt til å fatte avgjerd om oppfølging av eventuelle brot som er avdekkja ved felles eller samordna tilsyn. Medlemsstatane skal «leggje vinn på» å delta i felles og samordna tilsyn, jf. artikkel 8 nr. 3. Ein medlemsstat som vedtek å ikkje delta, skal grunngje dette skriftleg overfor ELA og dei andre medlemsstatane som er involvert, i tillegg til eventuelle tiltak medlemsstaten vil setje i verk og, straks dette er kjent, resultatet av desse. ELA har ingen avgjerdsmyndigheit eller sanksjonsmoglegheit overfor medlemsstatar som vel å ikkje delta i slike tilsyn.

Etter artikkel 9 nr. 7, skal opplysningar som vert samla inn under samordna eller felles tilsyn, kunne nyttast som prov i rettssaker i dei medlemsstatane som det gjeld, i samsvar med lovgjevinga eller praksisen i den aktuelle medlemsstaten.

#### *Plattform om å styrke samarbeidet i kampen mot svart arbeid (artikkel 12)*

ELA-forordninga innlemmar Den europeiske plattform mot svart arbeid i ELA. Plattformen er no sett opp som ei permanent arbeidsgruppe under ELA, jf. artikkel 16 nr. 2 jf. artikkel 12.

#### *Mekling mellom medlemsstatane (artikkel 13)*

ELA tilbyr ei meklingsordning, som er regulert i artikkel 13. Formålet med ordninga er å forlike i enkeltsaker om bruken av unionsretten på områda som er omfatta av ELA-forordninga, og å gi ei ikkje-bindande utsegn. Meklingsprosedyren kan utløysast etter oppmoding frå ein eller fleire medlemsstatar som er partar i tvisten, eller etter forslag frå ELA sjølv, jf. artikkel 13 nr. 2. Mekling kan berre gjennomførast etter avtale med alle medlemsstatane som er partar i tvisten, og fri-

villigheita gjeld begge fasar av meklinga. Dersom ein medlemsstat ikkje ønskjer å delta i mekling, skal den informere skriftleg ELA og dei andre medlemsstatane som er partar i tvisten om grunnane for dette innanfor fristen i ELA si meklingsprosedyre, jf. nr. 7. Der ein medlemsstat vel å delta i mekling, skal medlemsstaten innan tre månader frå det er gitt ei ikkje-bindande utsegn, rapportere til ELA om kva tiltak som er sett i verk for å følgje opp denne, eventuelt grunnge kvifor det ikkje er sett i verk tiltak. ELA kan likevel ikkje avgjere korleis til dømes Noreg skal stille seg i ein prosess, og heller ikkje treffe avgjerder knytt til korleis oppfølginga etter meklinga og den ikkje-bindande utsegna skal vere.

Dersom tvisten gjeld trygd, kan Den administrative kommisjon for koordinering av trygdeordningar, etter avtale med medlemsstatane som er partar i tvisten, be om å få spørsmåla oversendt til seg, jf. nr. 11.

#### 2.1.4 Plikt til å peike ut ein nasjonal kontaktperson

Forordninga pålegg kvar medlemsstat å peike ut ein nasjonal kontaktperson (NLO) som skal arbeide ved hovudsetet til ELA, jf. artikkel 33, jf. 32 nr. 1. Etter artikkel 32 skal dei nasjonale kontaktpersonane hjelpe til med oppgåvene til ELA, medrekna å lette samarbeidet og den utvekslinga av opplysingar som er fastsette i artikkel 7, og å bidra til koordinering av tilsyn som er fastsette i artikkel 8. Kontaktpersonane skal også fungere som kontaktpunkt for spørsmål frå til medlemsstaten deira eller spørsmål frå andre som gjeld medlemsstatane deira, jf. artikkel 32 nr. 2. Den nasjonale kontaktpersonen har rett til å be om å få informasjon frå nasjonale styresmakter i samsvar med den nasjonale lovgjevinga til medlemsstatane, jf. nr. 3.

Dei nasjonale kontaktpersonane har ei sentral rolle i å støtte samarbeidet og informasjonsutvekslinga medlemsstatane imellom. Den nasjonale kontaktpersonen kan be om informasjon frå medlemslanda, men kan ikkje treffe avgjerder med verknad for medlemsstatane.

#### 2.1.5 Evaluering av ELA

Artikkel 40 i forordninga har ei føresegn om evaluering av ELA kvart femte år. Etter denne skal Kommisjonen evaluere resultatata til ELA i relasjon til målet, mandatet og oppgåvene til styresmakta. Evalueringa skal særleg omfatte erfaringar frå meklingsordninga, men også eventuelt behov for

å endre mandatet og omfanget av aktivitetane til ELA. Det skal også evaluerast om aktivitetane til ELA bør utvidast til å omfatte sektorspesifikke behov, og kva som vil bli dei finansielle verkna-dene av ei slik endring.

I evalueringa skal det også vurderast moglege synergjar med andre byrå og styresmakter på området for sysselsetjing og sosial- og arbeidsmarknadspolitikkk. På grunnlag av evalueringa kan Kommisjonen leggje fram lovgjevingsforslag for å endre verkeområdet til forordninga, jf. artikkel 40 punkt 1. Dersom Kommisjonen finn at det ikkje lenger er grunnlag for å vidareføre ELA, kan den foreslå at forordninga skal endrast eller opphevast. Resultata av Kommisjonens evaluering skal rapporterast til Parlamentet, Rådet og styret til ELA, og dessutan offentleggjerast.

Dei seinare åra har det kome inn slike evalueringføresegnar i fleire rettsakter. Formålet er å kunne revidere korleis rettsakta skal fungere etter at den har virka i fem år. Dette spring også ut av behovet for å vurdere omfanget av rettsakter meir generelt i EU. EU-kommisjonen har ikkje noka plikt til å foreslå å revidere forordninga, men kan gjere det.

Departementet understrekar at frå norsk side vil eventuelle framtidige endringar i mandatet eller rolla til ELA bli nøye vurderte, blant anna opp mot EØS-relevans. Noreg har i samanheng med evalueringa formidla at utviklinga til ELA framover bør skje innanfor dagens mandat og at ei evaluering bør fokusere på korleis ELA har fungert med desse rammene. Departementet er elles einig med LO i at mandatet til ELA ikkje bør inkludere vikarbyrådirektivet, jf. punkt 2.2.2. Etter departementet sitt syn er vikarbyrådirektivet heller ikkje relevant for ELA.

Det er ikkje kjent når resultatata frå evalueringa vil kome. Dersom den skulle resultere i forslag om revisjon av mandatet til ELA, må saka gjennom ein ordinær lovgjevingsprosess i EU. Dersom ei revidert rettsakt blir vedtatt i EU, må EØS-relevansen vurderast før denne rettsakta kan innlemmast i EØS-avtala. Ein må i så fall også få godkjenning av Stortinget til innlemming på nytt.

#### 2.1.6 Trygdeforordninga

ELA-forordninga artikkel 45 gjer to endringar i trygdeforordninga. I artikkel 1 legg ho til eit nytt punkt (na) med ein definisjon av Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta. Vidare legg ho til ein ny artikkel 74a som slår fast at ELA skal støtte bruken av trygdeforordninga i samsvar med oppgåvene til ELA slik desse er fastsette i ELA-forord-



ninga, men utan at dette skal røre oppgåvene og aktivitetane til Den administrative kommisjon. Trygdeforordninga (og den tilhøyrande gjennomføringsforordninga) er gjennomført ved folketrygdlova § 1-3 a. Det følgjer av § 1-3 a fyrste ledd at trygdeforordninga med dei endringsforordningane som er lista opp der, gjeld som lov med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg VI til EØS-avtala, protokoll 1 og avtala elles. Det fylgjer vidare av § 1-3 a. tredje ledd at føresegnene som er gitte i eller i medhald av folketrygdlova, skal fråvikast så langt det er naudsynt for å overhalde pliktene som følgjer av desse. Lista over forordningar i folketrygdlova § 1-3 a fyrste ledd er uttømmende, og den viser alle forordningane som har gjort endringar i trygdeforordninga sidan den blei innlemma i EØS-avtala.

### 2.1.7 Forordningane om fri rørsle av arbeidstakarar og EURES

ELA skal bidra til å sikre fri rørsle av arbeidstakarar i EU og EØS, og dette har skapt behov for endringar i regelverket om dette. Artiklane 46 og 47 i ELA-forordninga fastset naudsynte endringar i EØS-arbeidstakarforordninga og EURES-forordninga.

Kapittel III i EØS-arbeidstakarforordninga regulerer kva for organ som skal sikre samarbeidet mellom medlemsstatane når det gjeld arbeidstakaranes arbeid og frie rørsle. Artikkelen 46 i ELA-forordninga inneheld føresegner som gjeld endringar i organa i EU som kallast det rådgivande utvalet («Advisory Committee») og det faglege utvalet («Technical Committee»). ELA skal delta i møta til det rådgivande utvalet, og dette synleggjerast ved ei tilpassing i teksten i EØS-arbeidstakarforordninga artikkel 26.

Artikkelen 46 i ELA-forordninga bestemmer at artiklane 29–34 i EØS-arbeidstakarforordninga opphøyrer. Dette inneber at ELA tar over arbeidsoppgåvene til det faglege utvalet, sjå nærmare i fortalen punkt 43. Opprettinga av ELA fører også til nokre administrative endringar i artikkel 35 og 39 i EØS-arbeidstakarforordninga.

Artikkelen 47 i ELA-forordninga gjer endringar i EURES-forordninga. Ved innføringa av ELA blei forvaltninga av det europeiske koordineringskontoret i EURES delvis overført frå Kommisjonen til ELA. Det europeiske koordineringskontoret blir no styrt av både Kommisjonen og ELA. Arbeidsfordelinga mellom organa er skildra i artikkel 6 i ELA-forordninga. Rolla til ELA i EURES-samarbeidet blir synleggjord i artikkel 47 i ELA-forordninga og gjennom endringar i

artiklane 1, 3, 4, 7, 8, 9, 14, 16, 19 og 29 i EURES-forordninga. EØS-arbeidstakarforordninga og EURES-forordninga er gjennomført i EØS-arbeidstakarlova § 1. Det følgjer av fyrste ledd at forordningane med dei endringane som er lista opp, gjeld som lov med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg V, protokoll 1 til EØS-avtala, og avtala elles.

## 2.2 Høyring

### 2.2.1 Prosessen

Lovframlegget vart sendt på høyring den 5. juni 2024 med høyringsfrist 1. juli 2024. Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

Energidepartementet  
Finansdepartementet  
Justis- og beredskapsdepartementet  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Samferdselsdepartementet  
Utanriksdepartementet

Arbeids- og velferdsetaten (NAV)  
Arbeidstilsynet  
Havindustritilsynet  
Luftfartstilsynet  
Politidirektoratet  
Skatteetaten  
Sjøfartsdirektoratet  
Statens vegvesen

LO  
NHO  
YS  
Virke  
Akademikerne  
Unio  
Spekter  
KS

Departementet inviterte også høyringsinstansane til eit høyringsmøte den 21. juni 2024. I møtet deltok Samferdselsdepartementet, Arbeids- og velferdsetaten, Arbeidstilsynet, Skatteetaten, Akademikerne, NHO og KS. Utredningsinstruksjonen punkt 3-3 fastsett at høyringsfristen normalt skal vere tre månader, og ikkje mindre enn seks veker. Instruksjonen punkt 3-3 siste ledd opnar likevel for å setje kortare høyringsfrist enn seks veker i EØS-saker. I slike saker kan fristen tilpassast tida som står til disposisjon.

I avgjerda om å setje ein kortare høyringsfrist la departementet vekt på at forordninga ikkje

omfattar private borgarar sine rettar og plikter, og at deltaking i ELA ikkje vil innebere nokon form for overføring av myndigheit. Vidare blei det lagt vekt på at fristen for nasjonal gjennomføring av forordninga på seks månader etter EØS-komiteen si avgjerd er overskride, og at det er viktig at denne overskridinga blir så liten som mogleg. Det blei òg lagt vekt på at departementet inviterte til eit høyringsmøte der instansane fekk eit ekstra høve til å kome med innspel.

Høyringa blei òg publisert på heimesida til departementet med informasjon om at høyringa er open, og at alle kunne sende innspel. Departementet fekk innspel med realitetsmerknadar frå fylgjande instansar:

Arbeidstilsynet  
NAV  
Statens vegvesen

Akademikerne  
KS  
LO  
NHO  
Norsk flygerforbund  
Anonym privatperson

Fylgjande instansar har uttalt at dei ikkje har merknadar:

Justis- og beredskapsdepartementet  
Samferdselsdepartementet  
Havindustritilsynet  
Skattedirektoratet

### 2.2.2 Generelt om høyringsinstansane sine syn

Høyringa viste brei støtte til forslaget om å gjennomføre ELA-forordninga i norsk rett. Det kom mange synspunkt og innspel utover det konkrete forslaget til gjennomføringslov, blant anna til det norske samarbeidet med ELA og styresmakta si rolle framover. Først blir det derfor gjort nærmare greie for dei generelle og overordna synspunkta frå høyringa. Innspel om dei konkrete framlegga til gjennomføring av forordninga blir omtala i dei aktuelle punkta nedanfor.

LO er positiv til gjennomføring av ELA-forordninga og forventar aktiv og strategisk deltaking frå norske styresmakter i ELA sine ulike organ og prosessar, med føremål om å auke både den nasjonale og europeiske innsatsen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. LO meiner at norske styresmakter bør prioritere innsatsen mot sekto-

rar som er særleg prega av negative konsekvensar knytt til grensekryssande aktivitet, som samferdsel og bygg og anlegg. LO har ingen merknadar til forslaget til lov om gjennomføringa av ELA-forordninga.

For det vidare arbeidet og den norske deltakinga i ELA, trekk LO fram at initiativ som kan styrke arbeidet mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er viktig og at ELA kan styrke det administrative samarbeidet mellom land, bidra til raskare løysingar når det er usemje mellom land, og sikre meir og betre tilgjengeleg informasjon for styresmakter, arbeidsgjevarar og arbeidstakarar. Ofte slit tilsyns- og kontrollatane med å få naudsynt informasjon, særleg ved grensekryssande arbeids- og tenesteyting. Norske styresmakter bør derfor bruke ELA aktivt for å styrke innsatsen på tvers av land, og gjere det vanskelegare for useriøse aktørar å operere fritt.

Handheving av arbeidsmiljølovgeving, skatte- og trygdlovgeving ovanfor utanlandske aktørar i luftfarten er etter LO sitt syn ikkje eksisterande. LO ber derfor norske styresmakter om å bruke ELA aktivt for å styrke handheving og oppfølging i luftfarten for å sikre ein sosial berekraftig europeisk luftfart.

LO viser til at ELA no er under evaluering, og understrekar at evalueringa ikkje må føre til eit utvida mandat og oppgåver som svekker autonomien til partane i arbeidslivet. Den må heller ikkje undergrave det nasjonale handlingsrommet i arbeidslivspolitikken. LO ber norske styresmakter følgje evalueringa nøye og med eit særleg fokus på forslag som vil kunne krevje overføring av styresmakt. Primært bør ELA få meir tid til å verke og hauste erfaringar før ei omfattande revidering av mandat og oppgåver blir set i verk. LO er særleg skeptisk til forslag om å gje arbeidsmarknadsstyresmakta mandat til å følgje opp vikarbyrådirektivet. Faste tilsetingar er grunnpilaren i den norske arbeidslivsmodellen og ytterlegare rettsleg normalisering av vikarbyråa kan undergrave norske styresmakter si evne til å regulere den norske arbeidsmarknaden. Avslutningsvis understrekar LO at det er viktig at partane i arbeidslivet blir inkludert i norske styresmakter si oppfølging og utvikling av arbeidet i ELA.

NHO skriv at ELA har som eit mål å bidra til å sikre rettferdig mobilitet av arbeidskraft i heile EU. Arbeid med dette er noko NHO støttar. For næringslivet utgjer arbeidsinnvandrarar ein betydeleg arbeidskraftsressurs. 6 av 10 medlemsbedrifter i NHO opplyser at dei har udekte kompetansebehov. God tilgang på og tilrettelegging for utanlandsk arbeidskraft er derfor avgjerande

framover. Det er positivt med eit organ som ELA som jobbar med å gjere det lettare for enkelt-personar og bedrifter å dra nytte av den indre marknaden. Arbeids- og tenesteinnvandring har hatt fleire positive verknader for norsk økonomi og næringsliv, som synt i NOU 2024: 7 Noreg og EØS: Utvikling og erfaringar. Samtidig er det påvist tilfelle av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i nokre bransjar. Her er det naudsynt med både førebyggjande arbeid og koordinert innsats, noko NHO jobbar aktivt for på fleire område. NHO oppfattar at ELA kan bidra positivt inn her, ved blant anna å skulle lette utveksling av opplysningar, bidra med kunnskap og leggje til rette for samordna og felles tilsyn. Det er også bra om Noreg sitt samarbeid på arenaer som plattform mot svart arbeid og EURES, blir styrka gjennom tilknyttinga til ELA. NHO er derfor positiv til Noreg si deltaking i ELA, slik dei ulike sidene av dette er presentert i høyringa.

Ved formaliseringa av Noreg si rolle i styret til ELA, ser NHO det som positivt at samarbeidet med partane i arbeidslivet også blir formalisert. Her kan ein ta utgangspunkt i arbeidsgruppa med partane som er knytt til Den europeiske plattform mot svart arbeid, kor Arbeidstilsynet deltek. Det vil òg vere naturleg at den norske nasjonale kontaktpersonen (NLO) i ELA kan bidra inn i dette samarbeidet. NHO skriv at ELA bidrar med kunnskap og analysar som er av interesse for partane i arbeidslivet, slik som oversikt over arbeidskraftsbehov og -overskot i dei ulike medlemslanda og ulike reguleringar knytt til arbeidslivskriminalitet.

Vidare meiner NHO at erfaringar frå jobbformidlingsportalen EURES, som no delvis ligg under ELA, i større grad kan delast med partane. Det vil òg være relevant å sjå utviklinga av ein jobbportal for tredjelandsborgarar, som del av EUs Skills & Mobility-pakke, opp mot EURES og ELA si rolle. Departementet skriv i høyringsnotatet at regjeringa legg vekt på å nytte dei norske EØS-midlane til å finansiere tiltak for samarbeid med blant anna andre land sine tilsynsstyresmakter, og at dette vil kunne være eit verdifullt supplement til ELA-aktivitetar. Dette meiner NHO at er fornuftig. NHO viser også her til at NHO har vore involvert i fleire prosjekt knytt til EØS-midlane.

NHO viser til at ELA blei oppretta for fem år sidan, men har vore operativ kortare enn dette. NHO støtter derfor Noreg sitt syn om at utviklinga framover bør skje innanfor dagens mandat. Det verkar prematurt å setje i gang med ein revisjon av grunnforordninga allereie no. Dette har òg

vært innspelet frå Business Europe til den pågåande evalueringa i regi av Kommisjonen.

Med tanke på ELA sitt arbeid framover, viser NHO til at Business Europe blant anna har anbefalt at ELA bør ha fokus på vidareutvikling av informasjonsformidlinga si, vurdere ein meir framståande rolle når det gjeld informasjon om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar og vidareutvikle støtta til kompetansebygging for partane i arbeidslivet. NHO set pris på departementet si involvering av påverka aktørar, og ser fram til fortsett god dialog og informasjonsdeling om arbeidet i og med ELA framover.

*Akademikerne* føreset at dagens rammer for ELA ligg fast, det vil seie utan myndighetsoverføring (jf. høyringsnotatet punkt 5.2 og 5.3). Kommisjonen si evaluering av ELA kvart femte år omfattar ELA sine mål, mandat og oppgåver. Akademikerne har merka seg at i samband med evalueringa i 2024 har norske styresmakter formidla at ELA si utvikling bør skje innanfor rammene av det gjeldande mandatet (høyringsnotatet punkt 5.4). Dersom dette i framtida blir endra, legg Akademikerne til grunn at det blir ein ny høyringsrunde.

Avslutningsvis takkar Akademikerne for god partsdialog i det pågåande arbeidet med ELA, og ser fram til at dette blir vidareført også etter gjennomføringa av ELA-forordninga.

KS støtter implementeringa av ELA-forordninga i norsk rett.

KS støttar dei lovendingane som er foreslått som følge av ELA-forordninga. Det er viktig å sikre ein heilskapleg og oppdatert implementering av forordninga i norsk rett, samtidig som norske arbeidsgivarar må haldast godt informert og få naudsynt støtte i denne prosessen. KS ser fram til vidare dialog og samarbeid med departementet for å sikre at implementeringa skjer på ein måte som er praktisk og effektiv for norsk arbeidsliv og kommunal sektor. Det er særleg viktig at utforminga av forskrifter skjer i tett dialog med dei partane som vert påverka for å unngå unaudsynte byrder og for å sikre hensiktsmessige løysingar. KS ser òg fram til at implementeringa av ELA-forordninga legg til rette for eit strukturert og godt partssamarbeid, som vil fremje ein rettferdig og effektiv arbeidsmarknad.

*Norsk flygerforbund* har hatt dialog med ELA, både direkte og via LO, gjennom deira europeiske paraply European Cockpit Association (ECA) og via samanslutninga mellom enkelte arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonar i luftfarten, Europeans for Fair Competition (E4FC). Norsk flygerforbund har over lang tid arbeida for ein

meir sosialt berekraftig norsk og europeisk luftfart, der fri flyt av arbeidskraft ikkje resulterer i fri flyt av arbeidsvilkår, slik dei meiner det er i dag. Norsk flygerforbund viser til at ELA har kommunisert til organisasjonen at luftfart, som er den mest mobile sektoren av alle, er eit område ELA både ønskjer og meiner det er naturleg å dekke.

Norsk flygerforbund meiner at ELA kan ha ein svært positiv verknad på norsk og europeisk luftfart og ivaretakinga av flygarar og kabintilsetje sine arbeidstakarrettar. Det er allereie etablert kontakt mellom Luftfartstilsynet og ELA gjennom ein workshop i Bratislava for dei europeiske luftfartsstyresmaktene 16. november 2023. Det er gjennom slik deltaking, koordinering av tilsynsaktivitet på tvers av landegrensar og effektiv informasjonsutveksling, at Luftfartstilsynet får tilgang til dei reiskapane dei treng for å rydde opp i arbeidslivet i norsk luftfart – og bidra til oppryddinga av arbeidslivet i europeisk luftfart. Det er ved aktiv deltaking i ELA at Noreg kan setje oppryddinga i norsk og europeisk arbeidsliv, og i særleg grad i luftfarten og andre høgst mobile sektorar, på agendaen.

Norsk flygerforbund er positive til gjennomføringa av ELA-forordninga i norsk rett og til at Noreg deltar aktivt i ELA gjennom sin egen National Liaison Officer.

*Arbeidstilsynet* erfarer at ELA sidan oppstarten i 2019 har utvikla seg til å bli eit viktig sentrum for informasjonsutveksling og samarbeid mellom tilsynsstyresmaktene i dei europeiske landa. Arbeidstilsynet har vore Noreg sin observatør i nokre av ELA sine arbeidsgrupper, og har hatt stor nytte av dette. Arbeidstilsynet har sidan 2021 deltatt som observatør i arbeidsgruppa for tilsyn, og sidan 2016 som observatør i Den europeiske plattformen mot svart arbeid, som no er innlemma i ELA som ei permanent arbeidsgruppe. Arbeidstilsynet meiner at det vil være positivt og nyttig om Noreg tar steget fullt ut med deltaking i ELA sitt operative arbeid, inkludert deltaking med ein eigen National Liaison Officer (NLO).

Arbeidstilsynet viser til at deira erfaring er at ELA bidrar til betre og styrka samarbeid mellom tilsynsstyresmakter i EU sine medlemsstatar, og til økt kunnskap om arbeidsmobilitet og dei utfordringane som følgjer av slik mobilitet. Gjennom ELA sine mange arbeidsgrupper og ulike aktivitetar vert arenaer for utveksling av erfaringar etablert, der tilsynsstyresmaktene diskuterer prioritering av (risiko)bransjar for tilsyn og rettleiing, tilsynsmetodikk og tilsynsverktøy, analysearbeid og korleis ein kan få til best mogleg samarbeid over landegrensene.

Arbeidstilsynet viser til at dei ofte møter på arbeidsgivarar med aktivitet både i Noreg og heimlandet deira, noko som ofte kompliserer arbeidet. Arbeidstilsynet har derfor behov for dialog og samarbeid med tilsynsstyresmakter og tilsynskolleagaer i land kor arbeidstakarar som arbeider i Noreg og deira arbeidsgivarar/verksemdar kjem frå.

Tilsynssamarbeid på tvers av landegrensene er eit viktig verktøy for å møte utfordringane. Arbeidstilsynet erfarer i tilsynsarbeidet deira, òg for å kunne gi betre informasjon og rettleiing til arbeidstakarar og arbeidsgivarar om plikter og rettar i den norske arbeidsmarknaden.

Arbeidstilsynet har gode erfaringar frå ulike samarbeid med andre land sine tilsynsetatar, blant anna gjennom støtte frå EØS-midla. Gjennom samarbeidsprosjekt med tilsynskolleagaer i dei baltiske og andre øst-europeiske land har Arbeidstilsynet kunna gjennomføre bilaterale tilsyn og etablere gode rettleiingstiltak på tvers av landegrensene. Samarbeid med andre land sine etatar gir Arbeidstilsynet høve til å erfare nye metodar for tilsyn, betre innsikt i utfordringar knytt til arbeidsmobilitet og kunnskap om korleis imøtegå utfordringane.

Gjennom fleire år som observatør i ELA-forum, har Arbeidstilsynet fått god innsikt i moglegheitene som full deltaking i ELA legg til rette for. Blant anna er opplæringstiltak, utvekslingsmoglegheiter for læring og hospitering i andre land, noko Arbeidstilsynet har vore avskoren frå å delta i. Men det vil endre seg dersom ELA-forordninga gjennomførast i norsk rett. Arbeidstilsynet erfarer òg at norske løysingar for samarbeid og praksis er etterspurd hos ELA og medlemslanda i EU. Det er særleg stor interesse for norsk trepartssamarbeid, styresmaktssamarbeid og korleis vi har gjennomført bilateralt samarbeid og informasjonstiltak. Arbeidstilsynet legg til grunn at full norsk deltaking i ELA vil kunne gi auka nytte og praktisk støtte til samarbeid om tilsyn og informasjonstiltak på tvers av landegrensene, samt full tilgang til ELA sine ulike arbeidsgrupper og høvet til deltaking i alle ELA sine mange aktivitetar.

Arbeidstilsynet er på denne bakgrunnen positive til og støtter departementet sitt forslag til ny lov om gjennomføring av ELA-forordninga i norsk rett. Ei gjennomføring av ELA-forordninga vil ha nokre administrative konsekvensar for Arbeidstilsynet, blant anna i form av eit auka koordineringsbehov for etaten, i samband med kontakt og samhandling med ein kommande norsk kontaktperson (NLO) og knytta til full deltaking i relevante ELA-arbeidsgrupper. Ei gjennomføring av

ELA-forordninga vil òg innebere vidareføring av og auka deltaking frå Arbeidstilsynet i ulike relevante aktivitetar og samarbeidstiltak, blant anna når det gjeld tilgang til, planlegging og gjennomføring av felles tilsyn og kontrollar. Det kan også bli aktuelt for Arbeidstilsynet å hjelpe til med faglege eller juridiske vurderingar i eventuelle tvistar og rådgjeving i tilknytning til ELA sin meklingsordning. Arbeidstilsynet vil også ha oppgåva med å koordinere norske styresmakter sitt samarbeid med ELA (vidareføre nasjonal koordineringsgruppe for ELA) og leie forum for å involvere partane i samarbeidet med ELA (vidareføre nasjonal partssammensatt gruppe for ELA/EØS).

NAV viser til at dei er ein stor og samansett organisasjon med eit breitt fagspekter. ELA treffer derfor NAV på fleire områder, både innanfor det operative samarbeidet mellom arbeidsmarknadsstatane i Europa ved EURES, innanfor trygdekoordinering og i spørsmål om trygdemisbruk og -kontroll. Innanfor dei to førstnemnde områda har NAV allereie deltatt i svært velfungerande EU-samarbeid gjennom mange år, under leiing av Europakommisjonen v/DG Employment. NAV ser fram til at ELA-forordninga kjem på plass i norsk lovverk.

NAV ser i fyrste omgang ingen store behov for endringar av dei skildringane som er gjort i høyringsnotatet på NAV sitt område, men peiker på at beskrivelsen av korleis NAV avdekkar trygdesvindel under punkt 6.3 ikkje bør framstillast som ei uttømmende liste over korleis NAV avdekkar trygdesvindel.

Når det gjeld artikkel 13 i forordninga, om mekling i saker der statane ikkje blir einige i spørsmål om trygdekoordinering, ønskjer NAV å påpeike at det allereie finst ein dialogprosedyre som er fastlagd i avgjerd A1. I tillegg har individuelle borgarar høve til å ta opp ei sak via SOLVIT, som nemnt i høyringsnotatet. NAV si erfaring med SOLVIT-saker på trygdeområdet er at eit av problemområda nettopp er at institusjonar i to land ikkje blir einige seg imellom. I slike tilfelle er ikkje alltid dialogprosedyren etter avgjerd A1 hensiktsmessig, samtidig kan det være behov for ei avklaring utan at ein skal gå til domstolen. NAV meiner derfor at meklingsinstitusjonen i ELA-forordninga kan vere nyttig i ein del saker som har «gått seg litt fast i systemet», utan at dei passar inn i dialogprosedyren.

*Statens vegvesen* støtter forslaget, og har ingen merknader til innhaldet.

## 3 Gjeldande rett

### 3.1 Innleiing

---

Mandatet til ELA gjeld fleire EU-rettsakter som er tekne inn i EØS-avtala og gjennomført i norsk rett, jf. punkt 2.1.2. Den nasjonale reguleringa har blant anna noko å seie for kva norske forvaltningsorgan som vil få oppgåver i samanheng med ELA-forordninga. Ei kort oppsummering av gjeldande rett og praksis på ELA-forordningas område fylgjer nedanfor. Ein breiare omtale er gitt i høyringsnotatet punkt 4.

### 3.2 Regelverket for utsending av arbeidstakarar

---

Mandatet til ELA gjeld regelverket for utsendte arbeidstakarar, som er gjennomført i norsk rett i arbeidsmiljølova §§ 1-7 og 18-11, og i forskrift 16. desember 2005 nr. 1566 om utsendte arbeidstakarar (utsendingsforskrifta). Med utsending av arbeidstakarar meinast situasjonen der ein arbeidstakar vert send av sin arbeidsgivar frå ein medlemsstat til ein annan i samband med midlertidig tenesteyting. Utsendingsregelverket fastset kva av vertslandet sine reglar om løns- og arbeidsvilkår som skal gjelde for utsende arbeidstakarar i samband med tenesteytinga. Reglane om utsending av arbeidstakarar er sentrale i arbeidet for å motverke arbeidslivskriminalitet og forskjellsbehandling mellom utanlandske og norske arbeidstakarar.

Arbeidstilsynet fører etter arbeidsmiljølova § 18-1 tilsyn med reglane i arbeidsmiljølova og tilhøyrande forskrifter. Dette inkluderer utsendingsforskrifta. Havindustritilsynet og Luftfartstilsynet fører tilsyn med desse reglane innanfor områda sine, det vil seie innanfor petroleumsverksemda og for flygande personell i sivil luftfart.

### 3.3 Trygdekoordinering

---

Mandatet til ELA omfattar vidare trygdeforordninga. Kompetansen til å fastsetje reglar på trygdeområdet er ikkje overført frå nasjonal-

statane til EU. Reglane i forordninga opnar derfor ikkje for harmonisering av nasjonalstatane si trygdelovgjeving, men berre for ei koordinering mellom trygdesystema. Denne forordninga har blant anna reglar som bestemmer kva stat si trygdelovgjeving som skal gjelde for EØS-statsborgarar som flytter innanfor EU/EØS for å arbeide (reglar om lovval), og reglar om utrekning av pensjon. Formålet med koordineringsføregnene står i fortalen til trygdeforordninga:

Reglene om koordinering av de enkelte medlemsstaters sosiale trygdeordninger er en del av den frie bevegeligheten for personer, og skal bidra til å bedre arbeidstakernes levestandard og arbeidsvilkår.

Trygdeforordninga og gjennomføringsforordninga er gjort til del av norsk rett ved folketrygdlova § 1-3 a om gjennomføring av trygdeforordninga og gjennomføringsforordninga (tidlegare forskrift 22. juni 2012 nr. 585 om inkorporasjon av trygdeforordningane i EØS-avtala). Forordningane 859/2003 og 1231/2010 som også blir omfatta av verkeområdet til ELA er likevel ikkje teke inn i EØS-avtala, og blir ikkje vidare omtalt.

I Noreg er det Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet som har hovudansvaret for den praktiske bruken av trygdekoordineringsforordningane.

### 3.4 Fri rørsle av arbeidstakarar

---

ELA sitt mandat omfattar òg regelverket om fri rørsle av arbeidstakarar. Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 av 5. april 2011 om fri rørsle av arbeidskraft innanfor Unionen (EØS-arbeidstakarforordninga) er gjennomført i norsk lov i EØS-arbeidstakarlova § 1. EØS-arbeidstakarforordninga gir rettigheter til arbeidstakarar som nyttar sin rett til fri rørsle. Hovudformålet er å sikre at arbeidstakarar handsamast likt med nasjonale borgarar under opphaldet i ein EØS-stat, når det gjeld sysselsetjing, løn og andre arbeidsvilkår.

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

ELA skal òg hjelpe med å auka arbeidsmobiliteten over landegrensene. EØS-arbeidstakarforordninga sine reglar om arbeidsformidling fylgjer av kapitel II og er revidert og erstatta av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 2016/589 (EURES-forordninga), sjå Prop. 141 LS (2019–2020). EURES-forordninga har føresegner om Det europeiske nettverket for arbeidsformidling, EURES. Noreg har delteke i EURES-samarbeidet sidan 1994, og deltakinga blir forvalta av Arbeids- og velferdsetaten, der det Nasjonale koordineringskontoret for EURES er plassert. Hovudmålet til EURES er å bidra til ein meir velfungerande europeisk arbeidsmarknad gjennom auka samhandling og integrering av arbeidsmarknadene i EØS-statane. EURES fremjar frivillig geografisk mobilitet og yrkesmobilitet mellom statane på eit likeverdig grunnlag i samsvar med nasjonal lovgjeving og EØS-retten. Gjennom EURES-nettverket er det enklare for arbeidsgivarar å rekruttere etterspurd arbeidskraft, og lettare for arbeidstakarar å finne ny jobb i ein annan EØS-stat og i Sveits.

### 3.5 Sosiale føresegner innan vegtransport

Mandatet til ELA omfattar dernest regelverket om sosiale føresegner innan vegtransport, som inkluderer fleire direktiv og forordningar.

Direktiv (EU) 2020/1057 fastset særreglar for utsending av sjåførar i vegtransportsektoren. Direktivet blei gjennomført i norsk rett i november 2023 i forskrift om utsende arbeidstakarar §§ 1 andre ledd og 14a til 14e. Det overordna målet for direktivet er å skape ein effektiv og sosialt ansvarleg vegtransportsektor gjennom på den eine sida å sikre tilfredsstillande arbeidsvilkår og sosialt vern for sjåførar, og på den andre sida å sikre passande forretningsvilkår og rettferdig konkurranse for vegtransportverksemdene. Bakgrunnen er blant anna at arbeidsoppdraga til sjåførane gjennomgåande har kortare varigheit og ein meir mobil karakter enn dei typiske utsendingsoppdraga. Det blir vist til høyringsnotatet punkt 4.5.1 for nærmare omtale av dette.

Forordningane (EF) nr. 561/2006 og (EU) nr. 165/2014 har reglar om køyre- og kviletid for førarar av køyretøy i gods- og persontransport på veg og om bruk av fartsskrivar for registrering og kontroll av køyre- og kviletida. Formålet er å harmonisere konkurransevilkåra og betre arbeidsvilkåra og trafikktryggleiken. Forordningane er

gjennomført i norsk rett gjennom forskrift 2. juli 2007 nr. 877 om køyre- og kviletid og fartsskrivar for vegtransport i EØS (køyre- og kviletidsforskrifta). Statens vegvesen og politiet er kontrollatar etter forskriftene. Det vises elles til høyringsnotatet punkt 4.5.2.

Direktiv 2006/22/EF stiller minstekrav til gjennomføring av kontroll av køyre- og kviletidsreglane. Det vises elles til høyringsnotatet punkt 4.5.3.

Forordning (EF) nr. 1071/2009 er ein del av EU si såkalla vegpakke, som forutan denne forordninga også består av forordningane (EF) 1072/2009 og (EF) 1073/2009. Forordning (EF) nr. 1071/2009 gir reglar om tilgjenge til yrket som vegtransportør for buss og godstransport. Forordninga er gjennomført ved forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskrifta) § 1a. Statens vegvesen og politiet er kontrollatar etter forskrifta. Det blir samtidig opna for at departementet kan gi kontrollfullmakt til tilsetje i andre offentlege organ. Elles viser departementet til høyringsnotatet punkt 4.5.4.

### 3.6 Plattforma mot svart arbeid

EU etablerte i 2016 ei europeisk plattform for å styrke innsatsen til medlemsstatane mot svart arbeid (undeclared work). Plattformen blei innlemma i EØS-avtala same år.

I plattformen deltek ein representant frå kvar av medlemsstatane, ein representant frå Kommissjonen og fire representantar frå hovudorganisasjonane i arbeidslivet på EU-nivå. Arbeidstilsynet deltek som norsk observatør. Representantar frå partane i arbeidslivet på EU-bransjenivå, Den internasjonale arbeidsorganisasjonen – International Labour Organisation (ILO) og Eurofound deltek også som observatørar.

Formålet med plattformen er å førebyggje, avskrekke og nedkjempe svart og uformelt arbeid, samt å fremje og oppmuntre til at arbeid blir innrapportert til styremaktene. Plattformen skal hjelpe til med meir effektiv oppfølging på EU-nivå og frå nasjonale styremakter, samtidig som dei respektive nasjonale styresmaktene sin kompetanse og framgangsmåte skal respekterast. Arbeidet er no etablert som ei formell arbeidsgruppe i ELA, og skal blant anna hjelpe til å styrke samarbeid og kapasiteten hos relevante styresmakter, samt auke merksemda til publikum om forhold knytt til svart og uformelt arbeid.

## 4 Gjennomføring av ELA-forordninga i norsk rett

### 4.1 Metode for gjennomføring – eiga gjennomføringslov

---

#### 4.1.1 Framlegget i høyringa

Framlegget i høyringa var ei gjennomføringslov med fire føresegner. Departementet opprettheld i hovudsak forslaga, med somme endringar knytt til forslaget om unntak frå teieplikt ved deling av informasjon, sjå punkt 4.3.

#### 4.1.2 Høyringsinstansane sine syn

Det er brei støtte frå høyringsinstansane til framlegget om gjennomføringsmåte, altså ved ei eiga gjennomføringslov.

*LO* har ingen merknader til forslag til lov om gjennomføring av ELA-forordninga. *NHO* ser at det kan vere brukarvennleg å gjennomføre ELA-forordninga ved ei eiga lov, og med moglegheit for nærmare forskriftsregulering av oppgåvene til forvaltingsorgana. *NHO* legg til grunn vurderinga til departementet av kva som vil vere tilstrekkeleg metode for gjennomføring. *NHO* har ikkje andre merknader til dei føreslåtte lov- og forskriftsføresegnene.

*Akademikerne* støttar i all hovudsak forslaga til lovendringar, medrekna ei gjennomføringslov.

*KS* støttar implementeringa av ELA-forordninga i norsk rett.

*Arbeidstilsynet* er positive til og støtter forslaget til departementet til gjennomføringslov av ELA-forordninga i norsk rett.

*Statens vegvesen* støttar forslaget, og har ingen merknader til innhaldet.

#### 4.1.3 Departementet si vurdering

EØS-avtala artikkel 7 bokstav a regulerer at forordningar skal gjerast til del av den interne rettsordenen til avtalepartane «som sådan». Dette er forstått slik at forordningar skal gjennomførast i nasjonal rett ord for ord. Gjennomføring bør derfor skje ved inkorporasjon. Dette vil seie at forordninga blir gjort gjeldande utan omskrivingar, ved at forordninga med dei tilpassingane som er avtalt

ved innlemming i EØS-avtala, blir gjort gjeldande som norsk lov eller forskrift. Om medlemsstatane i tillegg må eller kan fastsetje nasjonale reglar for gjennomføringa av forordninga, må byggje på ei tolking av forordninga.

Departementet foreslår å gjennomføre ELA-forordninga i ei eiga gjennomføringslov, som også gjer endringar i andre lover, jf. punkt 4.4.

Departementet har vurdert om heile forordninga bør plasserast i noverande regelverk, slik utgangspunktet normalt er.

Departementet har i vurderinga lagt avgjerande vekt på at ELA-forordninga spenner over fleire rettsområde, som i dag blir dekt av fleire ulike lover og forskrifter i norsk rett. Departementet vurderer det derfor slik at gjennomføring i noverande lover og forskrifter vil vere mindre synleg og gje mindre tilgjengelegheit for brukarane av regelverket. Departementet meiner at det vil gi betre tilgjengelegheit å gjennomføre forordninga i *ei eiga lov*, med ein inkorporasjonsføresegn. Departementet legg også vekt på at det er brei støtte for denne gjennomføringsforma i høyringa.

På denne bakgrunnen foreslår departementet at ELA-forordninga gjennomførast ved ei eiga gjennomføringslov. Som fyrste føresegn i gjennomføringslova foreslår departementet ei inkorporasjonsføresegn som gjennomfører ELA-forordninga i norsk rett. Føresegna inneber at reglane i ELA-forordninga vil gjelde som norsk lov.

### 4.2 Behovet for forskrifter

---

#### 4.2.1 Framlegget i høyringa

I høyringa foreslo departementet ein forskriftsheimel for å gi nærmare reglar om kva forvaltningsorgan som skal følgje opp enkelte oppgåver etter forordninga, men foreslo ikkje konkrete forskriftsføresegner.

#### 4.2.2 Høyringsinstansane sine syn

*KS* viser til at departementet har valt å ikkje utarbeide ei forskrift som spesifikt regulerer sam-



arbeidet mellom dei ulike etatane i statsforvaltninga, men i staden foreslå ein forskriftsheimel. Dette gir fleksibilitet til å tilpasse samarbeidet etter behov. KS ser fordelene med denne tilnærminga, men anerkjenner også at enkelte aktørar ser eit behov for klarare regulering gjennom forskrift. Det er likevel avgjerande at forskriftene som blir utforma, ikkje pålegg arbeidsgivarar unautsynte eller uhensiktsmessige plikter. For å sikre at forskriftene kan setjast i verk i praksis og er tilpassa behova i kommunal sektor, bør kommunale arbeidsgivarar involverast i behovsvurderinga og utforminga av forskriftene. Dette vil bidra til at dei nye reguleringane blir både effektive og hensiktsmessige, og unngår å påføre kommunale arbeidsgivarar unødig administrativ byrde.

NAV viser til at dei er ein stor og samansett organisasjon med eit breitt fagspekter, og at ELA derfor treffer NAV på fleire område, både innanfor det operative samarbeidet mellom arbeidsmarknadsetatane i Europa ved EURES, innanfor trygdekoordinering og i spørsmål om trygdemisbruk og -kontroll. NAV meiner at det vil vere fordelaktig at det snarast mogleg etter iverksetjing av lova kjem ei forskrift som klargjer kva forvaltingsorgan som er ansvarleg styresmakt for å følgje opp relevante delar av forordninga.

#### 4.2.3 Departementet si vurdering

Departementet foreslår ein heimel til å gi forskrifter med nærmare reglar om rollene til forvaltingsorgana, og deira ansvar og oppgåver under ELA-forordninga.

Der ELA-forordninga legg opp til handling frå nasjonale styresmakter, i hovudsak samarbeid og medverknad i ulike aktivitetar, vurderer departementet at det er naturleg at det er dei enkelte forvaltingsorgana i Noreg som følgjer opp dette innanfor ansvarsområda deira. Som gjennomgangen i punkt 3 viser, blir rettsaktene under verkeområdet til ELA følgt opp av fleire ulike nasjonale fagetatar. Desse vil ha oppgåver og delta i aktivitetar under ELA-forordninga. Departementet sitt forslag til forskriftsheimel gir høve til å kunne gje nærmare reguleringar knytt til oppgåvene til dei enkelte fagetatane og ansvaret deira innanfor verkeområdet til forordninga.

Departementet har vurdert behovet for forskrifter om kva forvaltingsorgan som skal følgje opp dei ulike oppgåvene forordninga vil kunne medføre, med heimel i føresegna om forskrifter.

Departementet har tatt utgangspunkt i at forvaltingslova § 2 fyrste ledd bokstav a og c definerer ei forskrift som ei avgjerd som treffest

under utøving av offentlig styresmakt, og som generelt eller konkret er utslagsgivande for rettar eller plikter til eit ubestemt tal eller ein ubestemt krins av personar. ELA-forordninga oppstiller ikkje plikter eller rettar for private personar og det er etter departementet sitt syn som eit utgangspunkt ikkje *naudsynt* å regulere norske styresmakters samarbeid og deltaking i ELA-aktivitetar i forskrift på det noverande tidspunktet. Departementet har likevel vurdert om det av *omsyn til informasjon* er behov for forskrifter om rollane og ansvaret til forvaltingsorgana under ELA-forordninga.

Departementet har i den samanhengen merka seg høyringsinnspillet til NAV, om at det vil vere fordelaktig at det blir fastsett ei forskrift som klargjer kva forvaltingsorgan som er ansvarleg styresmakt for å følgje opp relevante delar av forordninga.

Departementet ser at det vil vere behov for avklaringar knytt til ansvaret og rolla til dei enkelte fagetatane under ELA-forordninga, særleg dersom Noreg skal delta fullt ut i ELA slik at samarbeidet og aktivitetane under ELA aukar i omfang.

Vurderinga til departementet er likevel at rollane og ansvaret til fagetatane under ELA-forordninga bør fastsetjast i styringsdialogen mellom departementa og den enkelte fagetaten. Styringsdialogen gir etter departementet sitt syn større fleksibilitet enn ei forskriftsregulering. Ei forskriftsregulering vil måtte bli relativt overordna for å dekkje heilskapen i dei oppgåvene forordninga vil innebere. Departementet meiner at styringsdialogen mellom dei enkelte departementa og forvaltingsorgana derfor vil vere eit betre eigna verktøy for å gi rettleiing og avklaringar om rollane og ansvaret til fagetatane under forordninga. Departementet har derfor kome til at det ikkje blir foreslått ei nærmare forskriftsregulering av ansvaret til forvaltingsorgana no. Departementet vil likevel følgje utviklinga, og viser til at føresegna gir heimel til å gi forskrifter dersom det seinare visar seg å bli behov for det.

### 4.3 Om regulering av deling av teiepliktige opplysningar ved styresmaktssamarbeid

---

#### 4.3.1 Framlegget i høyringa

I høyringa viste departementet til at det særleg i samband med felles og samordna tilsyn kan vere hensiktsmessig at det vert lagt til rette for tilstrekkeleg informasjonsdeling, inkludert for teie-

pliktige opplysningar, med tilvising til artikkel 9 nr. 7 i ELA-forordninga.

Sjølv om det etter departementet sitt syn ikkje er et *krav* etter forordninga å dele teiepliktig informasjon med andre EØS-statar, foreslo departementet på denne bakgrunnen å ta inn ei føresegn i inkorporasjonslova § 3 som fastset at det kan gjerast unntak frå lovbestemt teieplikt i samband med gjensidig samarbeid mellom EØS-statar i samsvar med forordninga.

#### 4.3.2 Høyringsinstansane sine syn

NAV meiner det er behov for å gjere nærmare greie for dei vurderingane som er gjort for å gi en heimel for unntak frå teieplikta, samt relevante vurderingar opp mot personvernet. NAV etterlyser klarheit i kva for teiepliktreglar som gjeld for deling av informasjon mellom landa og behovet for ei forskrift dersom samarbeidet er etablert. Når det gjeld utveksling av informasjon/personsensitive data, meiner NAV at det bør utarbeidast meir detaljerte reglar for utveksling av informasjon mellom medlemslanda for å unngå unauddsynt spreieing av opplysningar. NAV etterlysert i tillegg ei nærmare vurdering av, og meir informasjon om gjennomførte vurderingar av konsekvensar for personvernet. NAV foreslår at lova eller forskrifta inneheld detaljer om korleis opplysningar skal delast, tilgangskontroll, og ansvar for drift av systemet.

*Akademikerne* ber departementet vurdere om dagens heimlar for å handtere personopplysningar er tilstrekkeleg klare, og om det er behov for ein særskilt heimel i gjennomføringslova. Dette er viktig for at føresegnene i ELA-forordninga skal kunne følgjast opp utan at dette strid mot personopplysningslova/GDPR-forordninga. Slik Akademikerne forstår dialogen i høyringsmøtet vil dette bli følgt opp.

*KS* støttar forslaget om ei føresegn i inkorporasjonslova § 3, som tillèt unntak frå teieplikt ved gjensidig samarbeid mellom EØS-statar, då ein klar lovheimel for deling av opplysningar vil bidra til effektivt samarbeid og sikre lovleg informasjonsutveksling.

#### 4.3.3 Departementet si vurdering

ELA sitt saklege verkeområde er angitt ved dei rettsaktene som er lista opp i artikkel 1 nr. 4. Dette er eksisterande rettsakter kor dei aller fleste er tekne inn i EØS-avtala og allereie gjennomførde i Noreg. Rettsaktene inneheld i ulik grad plikter for styresmaktene til å utveksle opp-

lysningar over landegrensene. Dei rettslege pliktene styresmaktene har til å samarbeide, og som ELA skal støtte medlemsstatane i å gjennomføre, gjeld blant anna:

- artikkel 4 i utsendingsdirektivet (samarbeid med tanke på informasjon),
- artikkel 6, 7 og 13–19 i handhevingsdirektivet til utsendingsdirektivet (administrativt samarbeid inkludert gjensidig bistand mellom nasjonale kompetente styresmakter),
- artikkel 9.2 b, 9.5 og 16.2 i EURES-forordninga (samarbeid og utveksling av informasjon),
- artikkel 4.2 b i direktiv 2014/54/EU (samarbeid mellom oppnemnte kontaktpunkt),
- artikkel 76 nr. 4 og nr. 5 i forordning (EF) nr. 883/2004 (informasjonsplikt og samarbeid mellom styresmaktinstitusjonar og personar omfatta av trygdeforordninga),
- artikkel 22 i køyre- og kviletidsforordninga (utveksling av informasjon mellom nasjonale kompetente styresmakter),
- artikkel 18 og 24 i trafikkkløyveforordninga (utveksling av informasjon mellom nasjonale kontaktpunkt og gjensidig bistand mellom nasjonale kompetente styresmakter),
- artikkel 1 nr. 16 i direktiv 2020/1057 om utsending av sjåførar i vegtransport (som viser til handhevingsdirektivet til utsendingsdirektivet og forordning 1071/2009).

Desse rettsaktene, saman med gjennomføringa i norsk rett, gir etter departementet sitt syn som utgangspunkt naudsynt rettsleg grunnlag for slik utveksling av opplysningar som rettsaktene legg opp til med tanke på personvernforordninga (GDPR). Når det gjeld unntak frå lovpålagd teieplikt, i den grad dei aktuelle rettsaktene aktualiserer dette, inneber ELA-forordninga inga ny *plikt* til å dele teiepliktige opplysningar. ELA-samarbeidet tek i hovudsak sikte på å lette gjennomføringa av eksisterande samarbeids- og informasjonsplikter.

I høyringa foreslo departementet ein heimel for å kunne dele teiepliktig informasjon innhenta blant anna i koordinerte eller felles tilsyn, på bakgrunn av intensjonen som ligg bak artikkel 9 nr. 7 (at informasjon skal kunne brukast som prov i rettssaker), og med sikte på å leggje til rette for tilstrekkeleg informasjonsdeling ved felles og samordna tilsyn. Nokre høyringsinstansar har spela inn at det bør gjerast nærmare greie for vurderingane av behovet for ein slik heimel, og dei vurderingane som er gjort med tanke på personvern, blant anna for å motverke unødig spreieing av opplysningar.

Departementet ser at problemstillinga reiser fleire viktige spørsmål. Sidan Noreg endå ikkje har delteke fullt ut i det operative samarbeidet under ELA, kan det på noverande tidspunkt vere vanskeleg å ha fullstendig oversikt over behovet for ein slik heimel. Det gjer at det òg er krevjande å til dømes fastsetje under kva for tilhøve forvaltninga skal ha høve til å dele teiepliktige opplysningar, eller lage ei liste over kva for opplysningar norske styresmakter kan dele med andre EØS-statar under ELA-samarbeidet. Vidare er det som nemnd klart at ELA-forordninga ikkje oppstiller eit krav om deling av teiepliktige opplysningar i større utstrekning enn det gjeldande rettsakter legg opp til.

Det følgjer av fortalepunkt 36 i ELA-forordninga at handsaming av personopplysningar innanfor ramma av forordninga bør skje i tråd med GDPR eller forordning (EU) nr. 2018/1725, som gjeld handsaming av personopplysningar føreteke av EU sine institusjonar, organ, byrå med meir, alt etter kva for ei det gjeld. GDPR-forordninga gjeld òg som norsk lov. Departementet legg derfor til grunn at forvaltninga ved deling av personopplysningar under gjeldande heimlar i samband med ELA-samarbeidet følgjer dei prinsippa GDPR fastset.

Departementet har vurdert om gjeldande heimlar for utveksling av opplysningar også dekkjer opplysningar, inkludert eventuelle teiepliktige opplysningar, formidla til den nasjonale kontaktpersonen. Slik utlevering av opplysningar må etter departementet sitt syn reknast som utlevering til ELA. Etter artikkel 32 nr. 3 har dei nasjonale kontaktpersonane rett til å be om å få alle relevante opplysningar frå deira medlemsstatar, som fastsett i ELA-forordninga. Samtidig skal deira medlemsstatars nasjonale rett og praksis respekterast fullt ut, særleg når det gjeld personvern og teiepliktreglar.

Departementet kan ikkje sjå at den nasjonale kontaktpersonen vil ha noko behov for å ta imot teiepliktig informasjon frå norske styresmakter. Vedkommande skal ikkje ta del i behandlinga av individuelle saker, men primært leggje til rette for eller fremje informasjonsutveksling mellom dei ulike landa. Praktisk inneber dette at om ein førespurnad eller eit svar frå norsk forvaltning inneheld teiepliktige opplysningar, må desse anonymiserast før dei sendast til den norske nasjonale kontaktpersonen.

Når norske styresmakter utvekslar personopplysningar med ein NLO, anten den norske eller andre, har norske styresmakter behandlingsgrunnlag (heimel) i GDPR-forordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav c eller e. Bokstav c dekkjer hand-

saming som er naudsynt for å oppfylle ei rettsleg plikt som ligg på den handsamingsansvarlege, og bokstav e dekkjer handsaming som er naudsynt for å utføre ei oppgåve i ålmenta si interesse eller utøve offentleg styresmakt som den behandlingsansvarlege er pålagt. ELA-forordninga sjølv utgjer eit supplerande rettsgrunnlag, jf. GDPR-forordninga artikkel 6 nr. 3 bokstav a.

Etter å ha sett nærmare på spørsmålet om heimel for å dele opplysningar, meiner departementet at gjeldande norsk regulering inneheld tilstrekkelege heimlar til at aktuell informasjon innanfor ramma av ELA kan delast med andre EØS-statar. Departementet vil eventuelt kome tilbake dersom erfaringane frå ELA-samarbeidet tilseier at det føreligg eit behov for å dele teiepliktige opplysningar som ikkje kan dekkast under eksisterande heimlar. Departementet fremjar derfor ikkje forslag om ein ny heimel no.

## 4.4 Endringar i folketrygdlova og EØS-arbeidstakarlova

### 4.4.1 Framlegget i høyringa

ELA-forordninga endrar også trygdeforordninga, EØS-arbeidstakarforordninga og EURES-forordninga.

I framlegget i høyringa om endringane i folketrygdlova blei det foreslått at ELA-forordninga blir lagd til i lista over forordningar som endrar trygdeforordninga i folketrygdlova § 1-3 a fyrste ledd.

I framlegget i høyringa om endringane i EØS-arbeidstakarlova § 1, blei det foreslått at ELA-forordninga blir lagd til i lista over forordningar som endrar EØS-arbeidstakarforordninga og EURES-forordninga.

Departementet foreslo også eit nytt andre ledd, om at føresegner som er gitt i eller i medhald av denne lova, skal fråvikast så langt det er naudsynt for å overhalde pliktene som følgjer av forordningane i fyrste ledd. Føresegna skulle takast inn i lova på grunn av informasjonsomsyn.

### 4.4.2 Høyringsinstansane sine syn

KS støttar forslaget til departementet om å leggje til ELA-forordninga i lista over forordningar som endrar trygdeforordninga i folketrygdlova § 1-3 a fyrste ledd, då det er viktig å ha ei samla oversikt over alle endringsforordningar til trygdeforordninga for å sikre at dei som skal nytta regelverket har tilgang til oppdatert regelverk. Samtidig understrekar KS at det er viktig at norske arbeids-

givarar blir haldne godt informert om endringar i trygdeforordninga, når dette kan påverke handteringa av trygdesaker for tilsette.

KS støttar forslaget til departementet til endringar i EØS-arbeidstakarlova, då det er avgjerande for dei som skal nytta regelverket å ha ei oppdatert og nøyaktig liste over relevante forordningar i EØS-arbeidstakarlova. KS ser òg positivt på å gi ein heimel for å fråvike nasjonale føresegner når det er naudsynt for å oppfylle ELA-forordninga. Dette sikrar at norsk rett er i samsvar med EØS-retten og kan hindre potensielle konflikhtar mellom nasjonale reglar og EØS-reglar. Det er likevel viktig at norske arbeidsgivarar blir informerte om kva spesifikke nasjonale føresegner som kan fråvikast og at dei blir gjeve rettleiing om korleis dette skal handterast i praksis.

#### 4.4.3 Departementet si vurdering

Departementet foreslår å leggje til ELA-forordninga i lista over forordningar som endrar *trygdeforordninga* i folketrygdlova § 1-3 a fyrste ledd. Dette vidarefører ein praksis der trygdeforordninga og gjennomføringsforordninga og alle seinare endringsforordningar til desse blir gjennomførte i ei og same føresegn. Dette vil bidra til å auke oppsikta og medvitet om trygdeforordninga, og gi dei som skal nytte regelverket informasjon om det nærmare innhaldet og tydinga av endringsforordningane.

Departementet foreslår at ELA-forordninga blir føydd til i lista over forordningar som endrar *EØS-arbeidstakarforordninga* og *EURES-forordninga* i EØS-arbeidstakarlova § 1. Dette vil bidra til å auke medvitet om og verdien av ELA-forordninga, og gi informasjon til dei som nyttar regelverket som er gjennomført i EØS-arbeidstakarlova.

Når det gjeld framlegget i høyringa om eit nytt andre ledd i EØS-arbeidstakarlova § 1, vurderer departementet at føresegna ikkje er naudsynt. EØS-arbeidstakarlova inneheld materielt sett einast ei inkorporasjonsføresegn og ein forskriftsheimel, og departementet har derfor ikkje funnet behov for føresegna som foreslått, og vil ikkje gå vidare med framlegget.

Departementet foreslår at endringane på vanleg vis blir teke inn som ei eiga føresegn til slutt i den nye lova.

## 4.5 Iverksetjing

### 4.5.1 Framlegget i høyringa

I høyringa foreslo departementet at gjennomføringslova skal ta til å gjelde frå den tid kongen bestemmer.

### 4.5.2 Høyringsinstansane sine syn

Ingen høyringsinstansar har uttalt seg særskilt om forslaget til iverksetjing av lova.

### 4.5.3 Departementet si vurdering

Departementet viser til at fristen for nasjonal gjennomføring av forordninga på seks månader etter EØS-komiteen si avgjerd er overskriden. Departementet meiner at det er viktig at denne overskridinga blir så liten som mogleg.

Departementet foreslår derfor at gjennomføringslova skal ta til å gjelde straks. I vurderinga har departementet lagt vekt på at forordninga ikkje omfattar private borgarar sine rettar og plikter, og at deltaking i ELA ikkje vil innebere nokon form for overføring av styresmakt. Vidare viser departementet til at forordninga har vore i kraft i EU sidan 31. juli 2019. ELA er i dag full drift og Noreg deltek i nokre aktivitetar, men Noreg vil først kunne delta fullt ut etter at Stortinget har gitt sitt samtykke. Noreg vil då også kunne delta i ELA med ein eigen nasjonal kontaktperson.

Det blir i denne samanhengen vist til *Arbeids-tilsynet* sitt høyringsinnspel, om at tilsynet har vore avskore frå å delta i ein del aktivitetar under ELA, for eksempel opplæringstiltak, hospitering i andre land med meir, som følgje av at forordninga ikkje er gjennomført i norsk rett. Departementet viser til at dette vil endre seg når ELA-forordninga tek til å gjelde i norsk rett, og norske styresmakter kan delta i samarbeidet på same vilkår som EU-statane. Departementet vurderer på denne bakgrunnen at gjennomføringslova bør ta til å gjelde straks.

## 5 Samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd

### 5.1 Innlemming av forordninga i EØS-avtala

---

For at ei rettsakt skal bli folkerettsleg bindande for Noreg, må den innlemmast i EØS-avtala. Ved EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 av 8. desember 2023 blei forordning (EU) 2019/1149 vedteke innlemma i EØS-avtala. Avgjerda er teken med atterhald om Stortinget sitt samtykke. Innlemming føreset derfor at Stortinget samtykkjer til at forordninga skal bli ein del av EØS-avtala.

### 5.2 EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023

---

EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 av 8. desember 2023 endrar EØS-avtala vedlegg V (Fri rørsle for arbeidstakarar) og VI (Trygd) og protokoll 31 (om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane). Avgjerda inneheld ei fortale og seks artiklar.

*Fortalen* angir at ELA-forordninga skal takast inn i EØS-avtala, og kva vedlegg og kva protokoll som skal endrast. Vidare angir fortalen at forordninga opphevar, med verknad frå 1. august 2021, europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2016/344 som er teken inn i EØS-avtala, og følgjeleg skal opphevast i EØS-avtala.

*Artikkel 1* angir kva endringar som blir gjort i EØS-avtala vedlegg V.

*Artikkel 2* fastset ei endring i EØS-avtala vedlegg VI nr. 1.

*Artikkel 3* angir at teksten i andre strekpunktet i artikkel 15 nr. 9 i protokoll 31 til EØS-avtala (europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2016/344) blir oppheva.

*Artikkel 4* angir at teksten til forordning (EU) 2019/1149 på islandsk og norsk, som vil bli kunnngjord i EØS-tilleggjet til Tidend for Den europeiske unionen, skal bli gyldig.

*Artikkel 5* fastset at avgjerda skal ta til å gjelde 9. desember 2023 på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn.

*Artikkel 6* fastset at avgjerda skal kunnngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tilleggjet til *Tidend for Den europeiske unionen*.

### 5.3 Gjennomføring i norsk rett

---

Departementet foreslår at ELA-forordninga blir gjennomført i norsk rett ved særskild gjennomføringslov som inneheld ei innkorporasjonsføresegn. Det er samtidig behov for endringar i folkestrygdlova og EØS-arbeidstakarlova fordi ELA-forordninga endrar forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589.

### 5.4 Departementet si vurdering

---

Når Stortinget gir sitt samtykke kan Noreg delta fullt ut i aktivitetane til ELA. Departementet vurderer at slik full deltaking vil kunne bidra til ein meir samordna og effektiv innsats mot grenseoverskridande arbeidslivskriminalitet. Departementet viser i denne samanhengen òg til Arbeidstilsynet sitt høyringsinnspel. Arbeidstilsynet si erfaring er at ELA bidrar til betre og styrkt samarbeid mellom tilsynsstyresmakter i EU sine medlemsstatar, til auka kunnskap om arbeidsmobilitet og dei utfordringane som følgjer med slik mobilitet. Arbeidslivskriminalitet og useriøsitet er ofte grensekryssande. Gjennom ELA sin mange arbeidsgrupper og ulike aktivitetar blir arenaer etablerte for utveksling av erfaringar, der tilsynsstyresmaktene diskuterer prioritering av (risiko)bransjar for tilsyn og rettleiing, tilsynsmetodikk og tilsynsverktøy, analysearbeid og korleis dei best mogeleg kan samarbeide over landegrensene.

Departementet meiner at Noreg ved full deltaking i ELA dessutan kan nyttiggjere seg av felles kunnskap, betre informasjonsflyt og støtte ved tilsyn som blir gjennomført saman med andre statar. Samtidig skal ELA bidra til meir effektiv og rettferdig arbeidsmobilitet i den indre marknaden, blant anna gjennom EURES. Det er mangel på arbeidskraft i mange bransjar i heile Europa.

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

Noreg deltek allereie aktivt i mange av dei europeiske samarbeidsarenaene som no er blitt ein del av ELA, medrekna plattformar mot svart arbeid og EURES-samarbeidet. Departementet meiner at det er viktig at Noreg framleis deltek i desse, og at

dette blir styrkt gjennom full deltaking i ELA. I tillegg deltek Noreg i ulike forum som gjeld trygdekoordinering som òg vil ha eit omfattande samarbeid med ELA. Noregs deltaking i desse foruma vil også styrkjast gjennom full deltaking i ELA.

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Avgjerda til EØS-komiteen om deltaking i den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta inneber ei plikt for Noreg til å bidra til finansieringa av operasjonelle kostnader (årleg kontingent) og administrative kostnader (blant anna til den nasjonale kontaktpersonen) samt oppfølging i relevante etatar.

Den årlege kontingenten er anslått til om lag 14 millionar kroner i gjennomsnitt per år. Storleiken til kontingenten i norske kroner vil variere noko frå år til år over perioden, avhengig av aktiviteten og endringar i proposjonalitetsfaktoren (del av Noregs brutto nasjonalprodukt (BNP) i forhold til EU-statane sin samla BNP) og valutakurs. I tillegg kjem om lag 2 millionar kroner til administrative kostnader (blant anna nasjonal kontaktperson) samt oppfølging i relevante etatar.

Det er lagt til rette for finansiering av Noregs deltaking innanfor Arbeids- og inkluderingsdepartementet si gjeldande budsjetttramme under kap. 601, post 70, jf. blant anna Prop. 1 S (2024–2025) Arbeids- og inkluderingsdepartementet. I tildelingsbrevet til Arbeidstilsynet for 2020 blei tildelinga auka med 2 millionar kroner til Arbeidstilsynet si oppfølging i samband med ELA, jf. også Prop. 1 S (2019–2020) Arbeids- og sosialdepartementet side 19. I denne samanhengen legg regjeringa òg vekt på å nytte dei norske EØS-midlane til å finansiere samarbeidstiltak med blant anna andre land sine tilsynsstyresmakter. Dette vil kunne vere eit verdifullt supplement til ELA-aktivitetar.

Når det gjeld administrative konsekvensar, deltek Noreg allereie i mange av aktivitetane til ELA. Innlemming av forordninga i EØS-avtala og følgjande nasjonal gjennomføring inneber likevel høve til full deltaking i alle aktivitetane til ELA. Slik deltaking gjeld fyrst og fremst fagetatane som forvaltar regelverket innanfor verkeområdet til ELA.

Full deltaking i alle aktivitetane til ELA vil kunne føre til noko meir koordineringsbehov hos Arbeidstilsynet, medrekna kontakt og samhandling med den komande norske kontaktpersonen som blir plassert ved hovudkvarteret til ELA i Bratislava, samt full medverknad i relevante ELA-

arbeidsgrupper. Ei gjennomføring av ELA-forordninga vil òg innebere vidareføring av og auka medverknad frå Arbeidstilsynet i ulike relevante aktivitetar og samarbeidstiltak, blant anna når det gjeld tilgang til, planlegging og gjennomføring av felles tilsyn og kontrollar. Det kan òg bli aktuelt for Arbeidstilsynet å støtte med faglege eller juridiske vurderingar i eventuelle tvistar og rådgjeving i tilknytning til meklingsordninga. Arbeidstilsynet vil også fortsetje å ha oppgåva med å koordinere norske styresmakter sitt samarbeid med ELA og lede forumet som involverer partane i samarbeidet med ELA. Arbeidstilsynet anslår i høyringssvaret sitt at dei administrative oppgåvene vil krevje 1 til 1,5 årsverk.

Det er elles vanskeleg å anslå nøyaktig dei administrative konsekvensane av å gjennomføre ELA-forordninga. Dette vil blant anna avhenge av satsingsområda til ELA frå år til år, og av ressursane og kapasiteten til etatane, samt i kva grad det blir gjort bruk av dei frivillige aktivitetane til ELA. Eventuelle meirutgifter av eit visst omfang vil handterast i dei ordinære budsjettprosessane.

Etter forordninga kan ELA til dømes foreslå for ein medlemsstat at dei bør gjennomføre samordna tilsyn. ELA kan ikkje påleggje eit slikt samarbeid, og eit eventuelt samarbeid kan gå utan involveringa til ELA slik som før. Representantar frå ELA har etter artikkel 9 rett til å delta i samordna og felles tilsyn som observatørar, men skal også hjelpe med for eksempel logistikk og teknisk bistand. Dette kan klart vere ein fordel ved felles tilsyn og kontrollar. Dersom ELA blir involverte ved tilsyn og kontrollar, vil det likevel òg kunne medføre noko auka administrativt for- og etterarbeid for tilsynsetatane.

Meklingsordninga etter artikkel 13 vil kunne innebere visse administrative plikter for tilsynsetatane som er involverte. Målet er å kome fram til ei ikkje-bindande utsegn om korleis konflikten skal løysast. Sjølv om utsegna ikkje er bindande, vil det truleg ligge ei forventning om at utsegna blir etterlevd. Dette kjem òg fram ved at det er ein tre månaders frist for å melde tilbake til ELA kva tiltak som er gjort for fylgje opp utsegna, og dersom tiltak ikkje er setje i verk, ei grunngjeving for

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

dette. Det vil eventuelt også kunne vere aktuelt for tilsynsetatane å setje av ressursar til å vurdere tvistar som gjeld fagfeltet deira. I meklingsfasen vil det òg kunne oppstå behov for at tilsynsetatane hjelper med ein rådgivande funksjon,

ettersom det truleg vil vere behov for fagkompetanse.

Kostnadene knytt til gjennomføring av rettsakta vil bli dekte over Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt budsjett.



## 7 Merknadar til dei enkelte lovføresegnene

### Til § 1

Føresegna slår fast at forordning (EU) 2019/1149 blir norsk lov, med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg V, protokoll 1 til EØS-avtala og EØS-avtala elles. Føresegna inneber at forordning (EU) 2019/1149 gjeld som norsk lov.

### Til § 2

Føresegna gir departementet heimel til å gi nærmare forskrifter om kva nasjonale forvaltningsorgan som er ansvarleg for ulike oppgåver etter forordning (EU) 2019/1149, og ansvarsfordelinga mellom dei. Eit døme på slik forskriftsregulering vil vere kva forvaltningsorgan som skal vere ansvarleg styresmakt til å følgje opp særlege deler av forordninga, inkludert kva oppgåver forvaltningsorganet skal ha i den samanheng.

### Til § 3

Føresegna inneber endringar i to andre lover. Når det gjeld *folketrygdlova § 1-3 a*, inneber endringa at forordning (EU) 2019/1149 blir føydd

til i lista over forordningar som endrar trygdeforordninga i folketrygdlova § 1-3 a fyrste ledd.

Når det gjeld *EØS-arbeidstakarlova § 1*, inneber endringa at forordning (EU) 2019/1149 blir føydd til i lista over forordningar som endrar EØS-arbeidstakarforordninga og EURES-forordninga i EØS-arbeidstakarlova § 1.

### Til § 4

Føresegna inneber at lova tek til å gjelde straks. Om vurderinga knytt til iverksetjingstidspunkt blir det vist til punkt 4.5.3.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og vedtak om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149 i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## A

### Forslag

# til lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova)

#### § 1 Gjennomføring av forordning (EU) 2019/1149

EØS-avtala vedlegg V nr. 11 (forordning (EU) 2019/1149 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344) gjeld som lov med dei tilpassingar som følgjer av vedlegg V, protokoll 1 til avtala og avtala elles.

#### § 2 Forskrifter

Departementet kan gi forskrift om kva for forvaltningsorgan som er ansvarleg for ulike oppgåver etter forordning (EU) 2019/1149, og om ansvarsfordelinga mellom dei.

#### § 3 Endringar i andre lover

Frå den tida lova tek til å gjelde, blir følgjande endringar gjorde i andre lover:

1. I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal § 1-3 a fyrste ledd lyde:

EØS-avtalen vedlegg VI nr. 1 (forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar, som endret ved forordning (EF) nr. 988/2009, forordning (EU) nr. 1244/2010, forordning

(EU) nr. 465/2012, forordning (EU) nr. 1224/2012, forordning (EU) nr. 517/2013, forordning (EU) nr. 1372/2013, forordning (EU) nr. 1368/2014, forordning (EU) 2017/492 og forordning (EU) 2019/1149) (trygdeforordningen) gjelder som lov med de tilpassingene som følger av vedlegg VI, protokoll 1 og avtalen for øvrig.

2. I lov 14. desember 2012 nr. 81 om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS mv. skal § 1 lyde:

#### § 1.

EØS-avtalen vedlegg V nr. 2 (forordning (EU) nr. 492/2011 om fri rørsle av arbeidstakarar, som endra ved forordning (EU) 2016/589 og forordning (EU) 2019/1149) og vedlegg V nr. 9 (forordning (EU) 2016/589 om eit europeisk nettverk for arbeidsformidlingar (EURES), tilgang til mobilitetstenester for arbeidstakarar og ytterlegare integrasjon av arbeidsmarknadene, som endra ved forordning (EU) 2019/1149) gjeld som lov med dei tilpassingane som følgjer av vedlegg V, protokoll 1 til avtalen og avtalen elles.

#### § 4 Iverksetjing

Lova tek til å gjelde straks.

**B****Forslag****til vedtak om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149****I**

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 av 8. desember 2023 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344.

---

**Vedlegg 1****Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344**

*(Tekst som er relevant for EØS og for Sveits)*

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 46 og 48,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>1</sup>,

med tilvising til fråsegn frå Regionutvalet<sup>2</sup>, etter den ordinære regelverksprosedyren<sup>3</sup> og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Fri rørsle for arbeidstakarar, etableringsfri- dom og fridom til å yte tenester er grunnleggjande prinsipp for den indre marknaden i Unionen og er forankra i traktaten om verke- måten til Den europeiske unionen (TVEU).
- 2) I medhald av artikkel 3 i traktaten om Den europeiske unionen (TEU) skal Unionen arbeide for ein sosial marknadsøkonomi med høg konkurranseevne med vekt på full syssel- setjing og sosial framgang, og for å fremje sosial rettferd og sosialt vern, likestilling mellom kvinner og menn, solidaritet mellom generasjonane og kamp mot diskriminering. I medhald av artikkel 9 i TVEU skal Unionen ved fastsetjing og gjennomføring av politikken sin og verksemda si, ta omsyn til dei krava som er knytte til fremjing av eit høgt nivå for sysselsetjing, sikring av tilstrekkeleg sosial tryggleik, kamp mot sosial utestenging og

fremjing av eit høgt nivå for utdanning, opplæ- ring og helsevern.

- 3) Den europeiske søyla for sosiale rettar vart kunngjord i fellesskap av Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen under toppmøtet om ein rettferdig arbeidsmarknad og vekst, som vart halde i Göteborg 17. november 2017. Under toppmøtet vart det lagt vekt på behovet for å vidareutvikle den sosiale dimensjonen i Unionen ved å setje menneska i sentrum, og for å fremje konvergens gjennom innsats på alle nivå, slik det vart stadfesta i konklusjo- nane frå møtet i Det europeiske rådet 14. og 15. desember 2017.
- 4) I den felles fråsegna om dei lovgjevings- messige prioriteringane i EU for 2018–2019 har Europaparlamentet, Rådet og Kommisjo- nen forplikta seg til å gjere tiltak for å styrkje den sosiale dimensjonen i Unionen ved å arbeide for ei betre koordinering av trygde- ordningar, ved å verne arbeidstakarane mot helserisiko på arbeidsplassen, ved å sikre rett- ferdig handsaming for alle på arbeidsmark- naden i Unionen gjennom oppdaterte reglar for utsending av arbeidstakarar og ved ei endå betre handheving av unionsretten på tvers av landegrensene.
- 5) For å verne rettane til mobile arbeidstakarar og fremje rettferdig konkurranse mellom føretak, særleg små og mellomstore føretak, er det sær- viktig å betre handhevinga av unionsretten over landegrensene i område med høg arbeidskraft- mobilitet og å kjempe mot misbruk.
- 6) Det bør innførast ei europeisk arbeids- marknadsstyresmakt («styresmakta») som skal medverke til å styrkje ein rettferdig og tillit- vekkjande indre marknad. Styresmakta bør ha klart definerte mål, med eit sterkt fokus på eit

<sup>1</sup> TEU C 440 av 6.12.2018, s. 128.

<sup>2</sup> TEU C 461 av 21.12.2018, s. 16.

<sup>3</sup> Haldning frå Europaparlamentet av 16. april 2019 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 13. juni 2019.

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

avgrensa oppgåvetal, for å sikre at tilgjengelege middel vert nytta mest mogleg effektivt på område der styresmakta kan tilføre størst mogleg tilleggsværdi. For å oppnå dette bør styresmakta hjelpe medlemsstatane og Kommisjonen med å styrkje tilgangen til informasjon, støtte etterleving og samarbeid mellom medlemsstatane med sikte på einsarta, verknadsfull og effektiv bruk og handheving av unionsretten når det gjeld arbeidskraftmobilitet i heile Unionen og koordinering av trygdeordningar i Unionen, og ho bør mekle ved og leggje til rette for å finne løysingar på eventuelle tvistar.

- 7) Det er særskild viktig at einskildpersonar og arbeidsgjevarar, særleg små og mellomstore føretak, får betre tilgang til informasjon om rettane og pliktene sine når det gjeld arbeidskraftmobilitet, fri rørsle for tenester og koordinering av trygdeordningar, slik at dei kan utnytte potensialet til den indre marknaden fullt ut.
- 8) Styresmakta bør utføre verksemda si på områda for arbeidskraftmobilitet i heile Unionen og koordinering av trygdeordningane, medrekna fri rørsle for arbeidstakarar, utsending av arbeidstakarar og tenester med høg mobilitet. Ho bør òg styrkje samarbeidet mellom medlemsstatane når det gjeld kamp mot svart arbeid og andre situasjonar som set verkemåten til den indre marknaden i fare, til dømes postkasseselskap og falsk sjølvstendig næringsverksemd, utan at den kompetansen medlemsstatane har til å innføre nasjonale tiltak, vert påverka. Dersom styresmakta i samband med utføringa av verksemda si får kjennskap til mistenkelege avvik på område innanfor unionsretten, til dømes brot på arbeidsvilkåra eller helse- og tryggleiksreglane, eller utnytting av arbeidskraft, bør ho kunne rapportere dette til og samarbeide om dette med dei nasjonale styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld, og eventuelt Kommisjonen og andre rette EU-organ.
- 9) Verkeområdet for verksemda til styresmakta bør omfatte spesifikke unionsrettsakter som er oppførte i denne forordninga, og endringar av desse. Denne lista bør utvidast dersom det vert vedteke fleire unionsrettsakter om arbeidskraftmobilitet i heile Unionen.
- 10) Styresmakta bør proaktivt medverke i den innsatsen som Unionen og medlemsstatane gjer på området arbeidskraftmobilitet i heile Unionen og koordinering av trygd, ved å utføre oppgåvene sine i fullt samarbeid med institusjonane og organa til Unionen og med

medlemsstatane, og samstundes unngå dobbeltarbeid og fremje samverknad og komplementaritet.

- 11) Styresmakta bør medverke til å leggje til rette for bruk og handheving av unionsretten innanfor ramma av denne forordninga, og støtte handhevinga av desse føresegnene i form av allment gjeldande tariffavtaler i samsvar med praksisen i medlemsstatane. For dette føremålet bør styresmakta opprette ein felles EU-nettstad som kan gje tilgang til alle relevante EU-nettstader, og til nasjonale nettstader som er skipa i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/67/EU<sup>4</sup> og europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/54/EU<sup>5</sup>. Utan at det rører ved oppgåvene og verksemda til Den administrative kommisjonen for koordinering av trygdeordningar, som vart fastsett ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004<sup>6</sup> («Den administrative kommisjonen»), bør styresmakta òg medverke i koordineringa av trygdeordningar.
- 12) I visse tilfelle er det vedteke sektorspesifikke unionsreglar for å møte spesifikke behov i visse sektorar, til dømes innanfor internasjonal transport, medrekna transport på veg og med jarnbane, sjøtransport, transport på innlandsvassvegar og lufttransport. Innanfor verkeområdet for denne forordninga bør styresmakta òg handtere arbeidskraftmobilitet over landegrensene og trygdespørsmål i samband med bruken av desse sektorspesifikke unionsreglane. Verkeområdet for verksemda til styresmakta, særleg spørsmålet om verksemda bør utvidast til å omfatte ytterlegare unionsrettsakter som dekkjer sektorspesifikke behov innanfor internasjonal transport, bør evaluerast jamleg og reviderast dersom det er føremålstenleg.
- 13) Verksemda til styresmakta bør dekkje einskildpersonar som er omfatta av unionsretten innanfor verkeområdet til denne forordninga,

<sup>4</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/67/EU av 15. mai 2014 om håndheving av direktiv 96/71/EF om utsending av arbeidstakere i forbindelse med tjenesteyting, og om endring av forordning (EU) nr. 1024/2012 om forvaltningssamarbeid gjennom informasjonssystemet for det indre marked («IMI-forordningen») (TEU L 159 av 28.5.2014, s. 11).

<sup>5</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2014/54/EU av 16. april 2014 om tiltak for å lette utøvelsen av arbeidstakeres rettigheter i forbindelse med fri bevegelighet for arbeidstakere (TEU L 128 av 30.4.2014, s. 8).

<sup>6</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordninger (TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1).

mellom anna arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og arbeidssøkjjarar. Slike einskildpersonar bør omfatte unionsborgarar og tredjelandsborgarar som har lovleg opphald i Unionen, til dømes utsende arbeidstakarar, personar som byter jobb innanfor same føretak, eller langtidsbusette, og familiemedlemmene deira, i samsvar med unionsrsegjar som regulerer mobiliteten deira innanfor Unionen.

- 14) Innføringa av styresmakta bør ikkje skape nye rettar eller plikter for einskildpersonar eller arbeidsgjevarar, medrekna marknadsdeltakarar eller frivillige organisasjonar, ettersom verksemda til styresmakta bør omfatte slike einskildpersonar og arbeidsgjevarar i den grad dei er omfatta av unionsretten innanfor verkeområdet for denne forordninga. Auka samarbeid om handheving bør ikkje leggje urimeleg store administrative byrder på mobile arbeidstakarar eller arbeidsgjevarar, særleg på små og mellomstore føretak, og bør heller ikkje motverke arbeidskraftmobilitet.
- 15) For å sikre at einskildpersonar og arbeidsgjevarar skal kunne nyte godt av føremonene ved ein rettferdig og effektiv indre marknad, bør styresmakta støtte medlemsstatane i å fremje arbeidskraftmobilitet eller tenesteyting og rekruttering innanfor heile Unionen, medrekna tilgang til mobilitetstenester over landegrensene, til dømes matching av jobbar, praktikantplassar og lærlingplassar og mobilitetsordningar som «Din første EURES-jobb» eller ErasmusPRO. Styresmakta bør òg medverke til meir transparent informasjon, mellom anna om rettar og plikter som er fastsette i unionsretten, og tilgang til tenester for einskildpersonar og arbeidsgjevarar, i samarbeid med andre informasjonstenester i Unionen, til dømes «Ditt Europa – rådgjeving», og samstundes dra full nytte av og sikre samordning med portalen «Ditt Europa», som skal utgjere ryggrada i den felles digitale portalen som vart innført ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1724<sup>7</sup>.
- 16) For dette føremålet bør styresmakta samarbeide med andre relevante initiativ og nettverk i Unionen, særleg Det europeiske nettverket av offentlege arbeidsformidlingar, nettverket European Enterprise, grensekontaktpunktet SOLVIT og Utvalet for arbeidstil-

synsleiarar, saman med relevante nasjonale tenester som til dømes dei organa som fremjar lik handsaming og som støttar arbeidstakarar i Unionen og familiemedlemmene deira, som medlemsstatane har utpeikt i medhald av direktiv 2014/54/EU. Styresmakta bør erstatte Kommisjonen når det gjeld forvaltning av Det europeiske samordningskontoret for arbeidsformidlingar (EURES), som vart innført ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589<sup>8</sup>, medrekna fastsetjing av brukarbehov og forretningskrav til effektiviteten av EURES-portalen og tilhøyrande IT-tenester, men ikkje medrekna yting av IT og drift og utvikling av IT-infrastruktur, som framleis vil verte teke hand om av Kommisjonen.

- 17) For å sikre rettferdig, enkel og effektiv bruk og handheving av unionsretten bør styresmakta støtte samarbeid og informasjonsutveksling til rett tid mellom medlemsstatane. Saman med anna personale bør nasjonale kontaktpersonar som arbeider i styresmakta, støtte medlemsstatane slik at dei kan etterleve samarbeidspliktene sine, framskande informasjonsutvekslinga mellom dei gjennom framgangsmåtar som er utforma for å redusere forseinkingar, og sikre kontakten med andre nasjonale kontor, organ og kontaktpunkt som er skipa i medhald av unionsretten. Styresmakta bør oppmuntre til bruk av nyskapande tiltak for å få i stand eit effektivt og føremålstenleg samarbeid over landegrensene, medrekna verktøy for elektronisk datautveksling som til dømes systemet for elektronisk utveksling av trygdeopplysningar (EESSI) og informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI), og bør medverke til å fremje ytterlegare digitalisering og betre IT-verktøy for utveksling av meldingar mellom nasjonale styresmakter.
- 18) For å auke medlemsstatane sin kapasitet til å sikre vern for personar som utøver retten sin til fri rørsle, og for å kjempe mot tverrnasjonale brot på unionsretten innanfor verkeområdet for denne forordninga, bør styresmakta støtte dei nasjonale styresmaktene i utføringa av samordna og felles tilsyn, mellom anna ved å leggje til rette for å gjennomføre tilsyn i samsvar med artikkel 10 i direktiv 2014/67/EU. Slike tilsyn bør utførast på oppmoding frå medlemsstatane, eller når dei gjev samtykke til det

<sup>7</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1724 av 2. oktober 2018 om opprettelse av en felles digital portal for å gi tilgang til opplysninger, prosedyrer og støtte- og problemløsingstjenester, og om endring av forordning (EU) nr. 1024/2012 (TEU L 295 av 21.11.2018, s. 1).

<sup>8</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 om eit europeisk nettverk for arbeidsformidlingar (EURES), tilgang til mobilitetstenester for arbeidstakarar og ytterlegare integrasjon av arbeidsmarknadene, og om endring av forordning (EU) nr. 492/2011 og (EU) nr. 1296/2013 (TEU L 107 av 22.4.2016, s. 1).

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

etter framlegg frå styresmakta. Styresmakta bør gje strategisk, logistisk og teknisk støtte til medlemsstatar som tek del i samordna eller felles tilsyn, og samstundes rette seg fullt ut etter krava til fortruleg handsaming. Tilsyna bør utførast etter avtale med den aktuelle medlemsstaten og innanfor den rettslege ramma for nasjonal lovgjeving eller praksis i medlemsstatane der tilsynet vert utført. Medlemsstatane bør følgje opp resultatane av samordna og felles tilsyn i samsvar med nasjonal lovgjeving eller praksis.

- 19) Samordna og felles tilsyn bør ikkje erstatte eller undergrave nasjonale kompetanseområde. Nasjonale styresmakter bør òg ta del fullt ut i tilsynsprosessen og ha alle fullmakter. Dersom fagforeiningar har ansvaret for tilsyn på nasjonalt plan, bør samordna og felles tilsyn utførast etter avtale med og i samarbeid med dei aktuelle partane i arbeidslivet.
- 20) For å kunne kartlegge nye tendensar, utfordringar eller smutthol innanfor arbeidskraftmobilitet og koordinering av trygdeordningar bør styresmakta, i samarbeid med medlemsstatane og eventuelt med partane i arbeidslivet, opparbeide ein kapasitet for analyse og risikovurdering. Dette bør omfatte arbeidsmarknadsanalysar og -studiar, og dessutan fagfelle-vurderingar. Styresmakta bør overvake eventuell ubalanse når det gjeld kompetanse og flyt av arbeidskraft over landegrensene, mellom anna korleis slik ubalanse vil kunne verke inn på den territoriale samanhengen. Styresmakta bør òg støtte risikovurdering slik det er nemnt i artikkel 10 i direktiv 2014/67/EU. Styresmakta bør sikre at det er samverknad og komplementaritet med kontora, tenestene og nettverka i Unionen. Dette bør omfatte innhenting av synspunkt frå SOLVIT og liknande tenester om sektorspesifikke utfordringar og tilbakevendande problem som gjeld arbeidskraftmobilitet innanfor verkeområdet for denne forordninga. Styresmakta bør òg leggje til rette for og effektivisere den datainnsamlingsverksemda som er fastsett i unionsretten, innanfor verkeområdet for denne forordninga. Dette inneber ikkje innføring av nye rapporteringsplikter for medlemsstatane.
- 21) For å styrkje kapasiteten til nasjonale styresmakter innanfor arbeidskraftmobilitet og koordinering av trygd, og for å betre den samordna bruken av unionsretten innanfor verkeområdet for denne forordninga, bør styresmakta syte for at nasjonale styresmakter får driftsstøtte, mellom anna ved å utarbeide praktiske

retningslinjer og innføre opplærings- og samlæringsprogram, til dømes for at arbeidstilsyna skal kunne handtere utfordringar i form av falsk sjølvstendig næringsverksemd og misbruk som gjeld utsending av arbeidstakarar, og fremje felles hjelpeprosjekt, leggje til rette for utveksling av personale, til dømes slik det er nemnt i artikkel 8 i direktiv 2014/67/EU, og støtte medlemsstatane i å organisere haldningskampanjar der einskildpersonar og arbeidsgjevarar får informasjon om rettane og pliktene sine. Styresmakta bør fremje utveksling, formidling og innføring av god praksis og kunnskap, og fremje gjensidig forståing av ulike nasjonale system og praksisar.

- 22) Styresmakta bør utvikle samverknad mellom oppgåvene sine for å sikre rettferdig arbeidskraftmobilitet og kamp mot svart arbeid. For føremåla med denne forordninga tyder «kamp mot svart arbeid» å førebyggje, hindre og kjempe mot svart arbeid og å fremje innrapporteringa av dette. Med utgangspunkt i kunnskapen og arbeidsmetodane til den europeiske plattformen for å styrkje samarbeidet i kampen mot svart arbeid, som vart innført ved europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2016/344<sup>9</sup>, bør styresmakta, med deltaking frå partane i arbeidslivet, skipe ei fast arbeidsgruppe som òg bør kallast ei plattform for å styrkje samarbeidet i kampen mot svart arbeid. Styresmakta bør syte for at overgangen vert god mellom den eksisterande verksemda til den plattformen som vart innført ved avgjerd (EU) 2016/344, og arbeidsgruppa innanfor styresmakta.
- 23) Styresmakta bør ha ei meklarrolle. Medlemsstatane bør kunne vise enkeltståande tvistar til styresmakta for mekling dersom det ikkje var mogleg å løyse dei gjennom direkte kontakt og dialog. Mekling bør berre nyttast ved tvistar mellom medlemsstatar, medan einskildpersonar og arbeidsgjevarar som har vanskar med å utøve unionsrettane sine, framleis bør ha tilgang til dei nasjonale og unionsrettslege tenestene som er innførte for å handtere slike saker, til dømes SOLVIT-nettverket, som styresmakta bør vise slike saker til. SOLVIT-nettverket bør òg kunne vise saker til styresmakta for vurdering dersom problemet ikkje kan løysast på grunn av ulikskapar mellom nasjonale forvaltingar. Styresmakta bør utføre

<sup>9</sup> Europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2016/344 av 9. mars 2016 om etablering av ei europeisk plattform for å styrkje samarbeidet i kampen mot svart arbeid (TEU L 65 av 11.3.2016, s. 12).

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

meklarrolla si utan at det rører ved kompetansen til Domstolen til Den europeiske unionen («Domstolen») når det gjeld tolkinga av unionsretten, og utan at det rører ved kompetansen til Den administrative kommisjonen.

- 24) Den europeiske ramma for samverknadsevne (European Interoperability Framework – EIF) inneheld prinsipp og tilrådingar for betre styring av samverknadsevne og offentleg tenesteyting, for innføring av samarbeid mellom organisasjonar og over landegrensar, for tilpassing av prosessar til støtte for digital utveksling og for å sikre at både eksisterande og nytt regelverk støttar prinsippa for samverknadsevne. Den europeiske referansearkitekturen for samverknadsevne (European Interoperability Reference Architecture – EIRA) er ein allmenn struktur som omfattar prinsipp og retningslinjer for innføring av samverknadsløysingar slik det er omtala i europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2015/2240<sup>10</sup>. Både EIF og EIRA bør rettleie og støtte styresmakta i saker som gjeld samverknadsevne.
- 25) Styresmakta bør arbeide for å gje betre tilgang til nettbasert informasjon og nettbaserte tenester for interessepartar i Unionen og nasjonale interessepartar, og lette informasjonsutvekslinga mellom dei. Difor bør styresmakta oppmuntre til bruk av digitale verktøy der dette er mogleg. I tillegg til IT-system og nettstader spelar digitale verktøy, til dømes regjeringsplattformer og databasar, ei stadig meir sentral rolle i marknaden for arbeidskraftmobilitet over landegrensene. Difor er slike verktøy nyttige for å gje enkel tilgang til relevant nettbasert informasjon og leggje til rette for at interessepartar i Unionen og nasjonale interessepartar kan utveksle informasjon om den grensekryssande verksemda si.
- 26) Styresmakta bør syte for at nettstader og mobilapplikasjonar som vert utvikla med sikte på gjennomføring av dei oppgåvene som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med dei gjeldande unionskrava til tilgang. I medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2016/2102<sup>11</sup> skal medlemsstatane sikre

at nettstadene til dei offentlege organa deira er tilgjengelege i samsvar med prinsippa om at dei skal kunne oppfatast og nyttast og vere forståelege og robuste, og at dei skal oppfylle krava i direktivet. Direktivet gjeld ikkje for nettstadene eller mobilapplikasjonane til institusjonar, organ, kontor og byrå i Unionen. Styresmakta bør likevel leggje vinn på å følgje dei prinsippa som er fastsette i direktivet.

- 27) Styresmakta bør leiast og drivast i tråd med prinsippa i den felles fråsegna av 19. juli 2012 frå Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om desentraliserte byrå.
- 28) Prinsippet om lik handsaming er eit grunnleggjande prinsipp i unionsretten. Det krev at likestilling mellom kvinner og menn skal sikrast på alle område, òg innanfor sysselsetjing, arbeid og løn. Alle partar bør arbeide for å oppnå ein jamn representasjon av kvinner og menn i styret og i gruppa av interessepartar. Styret bør òg setje seg føre å nå dette målet når det gjeld val av leiar og nestleiar.
- 29) For å sikre at styresmakta fungerer effektivt, bør medlemsstatane og Kommisjonen vere representerte i styret. Europaparlamentet og bransjeovergripande organisasjonar for partane i arbeidslivet på unionsplan, med lik representasjon frå fagforeiningar og arbeidsgjevarorganisasjonar og med passande representasjon frå små og mellomstore føretak, kan òg oppnemne representantar til styret. Samansetnaden av styret, medrekna val av leiar og nestleiar, bør respektere prinsippa om jamn kjønnsfordeling, røynsle og kvalifikasjonar. For at styresmakta skal kunne fungere på ein effektiv og føremålstenleg måte, bør styret vedta eit årleg arbeidsprogram, utføre arbeidsoppgåvene sine i samband med budsjettet til styresmakta, vedta finansielle reglar for styresmakta, oppnemne ein dagleg leiar og innføre framgangsmåtar for avgjerder som leiaren skal ta når det gjeld driftsoppgåvene til styresmakta. Representantar frå tredjeland som nyttar unionsreglane innanfor verkeområdet for denne forordninga, bør kunne delta som observatørar på møta i styret.
- 30) I unntakstilfelle, når det er naudsynt å oppretthalde eit høgast mogleg nivå for fortruleg handsaming, bør den uavhengige ekspertten som er oppnemnd av Europaparlamentet, og representantane for dei bransjeovergripande organisasjonane for partane i arbeidslivet på unionsplan, ikkje delta i drøftingane til styret. Ei slik føresegn bør vere klart definert i sakshandsamingsreglane til styret og vere avgrensa til å gjelde for sensitive opplysningar om enkeltsa-

<sup>10</sup> Europaparlaments- og rådsbeslutning (EU) 2015/2240 av 25. november 2015 om innføring av et program om samvirkingsløsninger og felles rammer for europeiske offentlige forvaltninger, foretak og borgere (ISA<sup>2</sup>-programmet) som et middel til å modernisere den offentlige sektor (TEU L 318 av 4.12.2015, s. 1).

<sup>11</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2016/2102 av 26. oktober 2016 om tilgjengeligheten av offentlige organers nettsteder og mobilapplikasjoner (TEU L 327 av 2.12.2016, s. 1).



Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

- ker, for å sikre at ei effektiv deltaking frå eksperten og representantane i arbeidet til styret ikkje vert avgrensa på urimeleg vis.
- 31) Det bør oppnemnast ein dagleg leiar for å sikre den overordna forvaltninga av styresmakta og utføringa av oppgåvene som styresmakta får tildelt. Andre tilsette kan fungere som dagleg leiar dersom dette vert vurdert som naudsynt for å sikre den daglege forvaltninga av styresmakta, i samsvar med vedtektene til styresmakta, utan at det vert oppretta fleire leiande stillingar.
- 32) Utan at det rører ved fullmaktene til Kommissjonen, bør styret og den daglege leiaren vere uavhengige når det gjeld utføringa av dei tildelte oppgåvene, og handle i ålmenta si interesse.
- 33) Styresmakta bør byggje direkte på sakkunnskapen til dei relevante interessepartane på dei områda som er omfatta av verkeområdet for denne forordninga, gjennom ei særskild gruppe av interessepartar. Medlemmene bør representere partane i arbeidslivet på unionsplan og omfatte anerkjende sektorspesifikke partar i arbeidslivet i Unionen som representerer sektorar som er særleg opptekne av spørsmål om arbeidskraftmobilitet. Gruppa av interessepartar bør orienterast på førehand og kunne gje fråsegner til styresmakta, anten på oppmoding eller på eige initiativ. Når dei utfører verksemda si, skal gruppa av interessepartar ta tilbørleg omsyn til fråsegnene frå og nytte seg av kunnskapen til det rådgjevande utvalet for koordinering av trygdeordningar, som vart oppnemnt ved forordning (EF) nr. 883/2004, og det rådgjevande utvalet for fri rørsle for arbeidstakarar, som vart oppnemnt ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011<sup>12</sup>.
- 34) For å sikre at styresmakta fullt ut er sjølvstendig og uavhengig, bør ho få tildelt eit eige budsjett der inntektene kjem frå det allmenne budsjettet til Unionen, med eventuelle frivillige økonomiske bidrag frå medlemsstatane og eventuelle bidrag frå tredjeland som tek del i arbeidet til styresmakta. I tilbørleg grunnjevne unnakstilfelle bør styresmakta òg kunne få midlar gjennom delegeringsavtaler eller særlege tilskot, og kunne krevje betaling for publikasjonar og eventuelle tenester som ho yter.
- 35) Omsetjingstenestene som er naudsynte for drifta av styresmakta, bør ytast av Omsetjings-
- senteret for organa til Den europeiske unionen (Omsetjings-senteret). Styresmakta bør samarbeide med Omsetjings-senteret for å utarbeide indikatorar for kvalitet, tidsrammer og fortruleg handsaming, identifisere tydeleg kva behov og prioriteringar styresmakta har og utarbeide klare og objektive framgangsmåtar for omsetjingsprosessen.
- 36) Handsaming av personopplysningar innanfor ramma av denne forordninga bør utførast i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/679<sup>13</sup> eller (EU) 2018/1725<sup>14</sup>, alt etter kva som høver. Dette omfattar innføring av passande tekniske og organisatoriske tiltak for å oppfylle pliktene som vert pålagde ved desse forordningane, særleg tiltak som gjeld lovleg handsaming, trygg handsaming, framlegging av opplysningar og rettane til dei som vert registrerte.
- 37) For å sikre klårleik i verksemda til styresmakta bør europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1049/2001<sup>15</sup> nyttast på styresmakta. Verksemda til styresmakta bør vere underlagd kontroll av Det europeiske ombudet i samsvar med artikkel 228 i TVEU.
- 38) Europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 883/2013<sup>16</sup> bør nyttast på styresmakta, som bør slutte seg til den tverrinstitusjonelle avtala av 25. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet for den europeiske unionen og Kommissjonen for Dei europeiske fellesskapa om dei interne granskingane som vert gjorde av Det europeiske kontoret for motkjemping av svik (OLAF).

<sup>13</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/679 av 27. april 2016 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysningar og om fri utveksling av slike opplysningar samt om oppheving av direktiv 95/46/EF (generell personvernforordning) (TEU L 119 av 4.5.2016, s. 1).

<sup>14</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2018/1725 av 23. oktober 2018 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysningar i Unionens institusjoner, organer, kontorer og byråer og om fri utveksling av slike opplysningar samt om oppheving av forordning (EF) nr. 45/2001 og beslutning nr. 1247/2002/EF (EUT L 295 av 21.11.2018, s. 39).

<sup>15</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1049/2001 av 30. mai 2001 om offentlig tilgang til Europaparlamentets, Rådets og Kommissjonens dokumenter (TEU L 145 av 31.5.2001, s. 43).

<sup>16</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 883/2013 av 11. september 2013 om undersøkelser som foretas av Det europeiske kontor for bedrageribekjempelse (OLAF) og om oppheving av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1073/1999 og rådsforordning (Euratom) nr. 1074/1999 (TEU L 248 av 18.9.2013, s. 1).

<sup>12</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 av 5. april 2011 om fri rørsle for arbeidstakarar innanfor Unionen (TEU L 141 av 27.5.2011, s. 1).

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

- 39) Vertsmedlemsstaten til styresmakta bør syte for best moglege vilkår for å sikre at styresmakta fungerer på ein tilfredsstillande måte.
- 40) For å sikre opne og klare arbeidsvilkår og lik handsaming av personale bør vedtektene for tenestemenn i Den europeiske unionen og tenestevilkåra for andre tilsette i Unionen, som er fastsette i rådsforordning (EØF, Euratom, EKSF) nr. 259/68<sup>17</sup> (kalla høvesvis «vedtektene for tenestemenn» og «tenestevilkåra for andre tilsette»), nyttast på personalet til og den daglege leiaren for styresmakta, medrekna reglane for teieplikt eller andre tilsvarande plikter som gjeld fortruleg handsaming.
- 41) Innanfor ramma av dei respektive kompetanseområda sine bør styresmakta samarbeide med byråa til Unionen, særleg dei som er skipa på området sysselsetjing og sosialpolitikk, og byggje på sakkunnskapen deira og dra mest mogleg nytte av synergieffektar: Den europeiske stiftinga for betring av leve- og arbeidsvilkåra (Eurofound), Det europeiske senteret for utvikling av yrkesretta opplæring (Cedefop), Det europeiske byrået for helse og tryggleik på arbeidsplassen (EU-OSHA) og Den europeiske opplæringsstiftinga (ETF), og dessutan med Den europeiske unionens byrå for politisamarbeid (Europol) og Den europeiske unionens byrå for strafferettsleg samarbeid (Eurojust) når det gjeld kamp mot organisert kriminalitet og menneskehandel. Eit slikt samarbeid bør sikre koordinering, fremje samverknad og hindre alle former for dobbeltarbeid innanfor verksemda.
- 42) Når det gjeld koordinering av trygd, bør styresmakta og Den administrative kommisjonen samarbeide tett for å oppnå synergieffektar og unngå dobbeltarbeid.
- 43) For å styrkje den driftsmessige dimensjonen ved verksemda til eksisterande organ på dei områda som er omfatta av verkeområdet for denne forordninga, bør styresmakta utføre oppgåvene til Det tekniske utvalet for fri rørsle for arbeidstakarar, som vart skipa i medhald av forordning (EU) nr. 492/2011, Ekspertutvalet for utsending av arbeidstakarar, som vart oppnemnt ved kommisjonsvedtak 2009/17/EF<sup>18</sup>, medrekna utveksling av opplysningar om administrativt samarbeid, hjelp i spørsmål om gjennomføring og handheving over landegrensene, og oppgåvene til den plattformen som vart innført ved avgjerd (EU) 2016/344. Straks styresmakta er vorten verksam, bør desse organa avviklast. Styret kan avgjere om det skal oppnemnast særskilde arbeidsgrupper eller ekspertpanel.
- 44) Det rådgjevande utvalet for koordinering av trygdeordningar og Det rådgjevande utvalet for fri rørsle for arbeidstakarar utgjer eit forum for konsultasjonar mellom partane i arbeidslivet og regjeringsrepresentantar på nasjonalt plan. Styresmakta bør medverke i arbeidet deira og ta del i møta deira.
- 45) For å spegle av den nye institusjonelle strukturen bør forordning (EF) 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 endrast, og avgjerd (EU) 2016/344 bør opphevast så snart styresmakta er verksam.
- 46) Styresmakta bør respektere mangfaldet av nasjonale ordningar i arbeidsmarknadene og den uavhengige stillinga til partane i arbeidslivet, slik det uttrykkjeleg er sannkjent i TVEU. Deltaking i verksemda til styresmakta rører ikkje ved kompetanseområda, pliktene og ansvarsområda til medlemsstatane i medhald av mellom anna relevante og gjeldande konvensjonar frå Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO), til dømes konvensjon nr. 81 om arbeidstilsyn i industri og handel, og ved medlemsstatane sine fullmakter til å regulere, mekle eller overvake nasjonale ordningar på arbeidsmarknadene, særleg for utøving av retten til kollektive forhandlingar og til å gjere kollektive tiltak.
- 47) Ettersom måla for denne forordninga, som er å medverke, innanfor sitt verkeområde, til å sikre rettferdig arbeidskraftmobilitet i heile Unionen og å støtte medlemsstatane og Kommisjonen i å koordinere trygdeordningane i Unionen, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane utan samordning seg imellom, men heller – på grunn av den tverrnasjonale verksemda og behovet for auka samarbeid mellom medlemsstatane – betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i TEU. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
- 48) Denne forordninga respekterer dei grunnleggjande rettane og rettar seg etter dei prinsippa som er anerkjende, særleg i pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar, slik det er anerkjent i artikkel 6 i TEU.

<sup>17</sup> TEF L 56 av 4.3.1968, s. 1.

<sup>18</sup> Kommisjonsbeslutning 2009/17/EF av 19. desember 2008 om nedsettelse av en ekspertkomité for utsending av arbeidstakere (TEU L 8 av 13.1.2009, s. 26).

## VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

## KAPITTEL I

## PRINSIPP

## Artikkel 1

**Innføring, mål og verkeområde**

1. Ved denne forordninga vert det innført ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt («styresmakta»).
2. Styresmakta skal hjelpe medlemsstatane og Kommisjonen til effektivt å nytte og handheve unionsretten som gjeld arbeidskraftmobilitet i Unionen, og til å koordinere trygdeordningar i Unionen. Styresmakta skal handle innanfor verkeområdet for unionsrettsaktene som er oppførte i nr. 4, medrekna alle direktiv, forordningar, vedtak og avgjerder som byggjer på desse rettsaktene, og innanfor verkeområdet for alle andre rettsleg bindande unionsrettsakter som pålegg styresmakta oppgåver.
3. Denne forordninga skal ikkje på nokon måte røre ved utøvinga av dei grunnleggjande rettane som er anerkjende i medlemsstatane og på unionsplan, medrekna retten eller fridommen til å streike eller gjere andre tiltak som er omfatta av særlege arbeidsmarknadsordningar i medlemsstatane, i samsvar med nasjonal lovgjeving eller praksis. Forordninga rører heller ikkje ved retten til å forhandle fram, inngå og handheve tariffavtaler eller til å gjere kollektive tiltak i samsvar med nasjonal lovgjeving eller praksis.
4. Verkeområdet for verksemda til styresmakta skal omfatte følgjande unionsrettsakter, medrekna alle framtidige endringar av dei:
  - a) Europaparlaments- og rådsdirektiv 96/71/EF<sup>19</sup>.
  - b) Direktiv 2014/67/EU.
  - c) Forordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009<sup>20</sup>, medrekna føresegnene i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71<sup>21</sup> og (EØF) nr. 574/72<sup>22</sup> i den grad dei framleis er gjeld-

ande, europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1231/2010<sup>23</sup> og rådsforordning (EF) nr. 859/2003<sup>24</sup> om utviding av føresegnene i forordning (EØF) nr. 1408/71 og (EØF) nr. 574/72 til å omfatte tredjelandsborgarar som ikkje allereie er omfatta av desse forordningane utelukkande på grunn av nasjonaliteten sin.

- d) Forordning (EU) nr. 492/2011.
  - e) Direktiv 2014/54/EU.
  - f) Forordning (EU) 2016/589.
  - g) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 561/2006<sup>25</sup>.
  - h) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/22/EF<sup>26</sup>.
  - i) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1071/2009<sup>27</sup>.
5. Verkeområdet for verksemda til styresmakta skal omfatte dei føresegnene i denne forordninga som gjeld samarbeid mellom medlemsstatane i kampen mot svart arbeid.
  6. Denne forordninga skal respektere kompetanseområda til medlemsstatane med omsyn til bruk og handheving av dei unionsrettsaktene som er oppførte i nr. 4.

Ho skal ikkje røre ved dei rettane eller pliktene som einskildpersonar eller arbeidsgjeva-

<sup>19</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 96/71/EF av 16. desember 1996 om utsending av arbeidstakere i forbindelse med tjenesteyting (TEF L 18 av 21.1.1997, s. 1).

<sup>20</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærmere regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar (TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1).

<sup>21</sup> Rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordningar på arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og deres familiemedlemmer som flytter innanfor Fellesskapet (TEF L 149 av 5.7.1971, s. 2).

<sup>22</sup> Rådsforordning (EØF) nr. 574/72 av 21. mars 1972 om regler for gjennomføring av forordning (EØF) nr. 1408/71 om anvendelse av trygdeordningar på arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og deres familiemedlemmer som flytter innanfor Fellesskapet (TEF L 74 av 27.3.1972, s. 1).

<sup>23</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1231/2010 av 24. november 2010 om utvidelse av forordning (EF) nr. 883/2004 og forordning (EF) nr. 987/2009 til å omfatte tredjelandsborgere som ikke allerede er omfattet av disse forordningene utelukkende på grunn av sin nasjonalitet (TEU L 344 av 29.12.2010, s. 1).

<sup>24</sup> Rådsforordning (EF) nr. 859/2003 av 14. mai 2003 om utvidelse av bestemmelsene i forordning (EØF) nr. 1408/71 og forordning (EØF) nr. 574/72 til å omfatte tredjelandsborgere som ikke allerede er omfattet av disse bestemmelsene utelukkende på grunn av sin nasjonalitet (TEU L 124 av 20.5.2003, s. 1).

<sup>25</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 561/2006 av 15. mars 2006 om harmonisering av visse bestemmelser på det sosiale området innen veitransport og om endring av rådsforordning (EØF) nr. 3821/85 og (EF) nr. 2135/98 samt om oppheving av rådsforordning (EØF) nr. 3820/85 (TEU L 102 av 11.4.2006, s. 1).

<sup>26</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv (EF) nr. 2006/22 av 15. mars 2006 om minstekrav for gjennomføring av rådsforordning (EØF) nr. 3820/85 og (EØF) nr. 3821/85 om bestemmelser på det sosiale området innen veitransport og om oppheving av rådsdirektiv 88/599/EØF (TEU L 102 av 11.4.2006, s. 35).

<sup>27</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1071/2009 av 21. oktober 2009 om innføring av felles regler med hensyn til vilkårene som må oppfylles for å utøve yrket som transportør på vei, og om oppheving av rådsdirektiv 96/26/EF (TEU L 300 av 14.11.2009, s. 51).

rar har i medhald av unionsretten eller nasjonal rett eller praksis, eller ved dei rettane og pliktene som nasjonale styresmakter har i medhald av unionsretten eller nasjonal lovgjeving eller praksis, og heller ikkje ved den uavhengige stillinga til partane i arbeidslivet slik det er anerkjent i TVEU.

Denne forordninga rører ikkje ved eksisterande bilaterale avtaler og administrative samarbeidsordningar mellom medlemsstatane, særleg dei som gjeld samordna og felles tilsyn.

### Artikkel 2

#### Mål

Måla for styresmakta skal vere å medverke til å sikre rettferdig arbeidskraftmobilitet i heile Unionen og å hjelpe medlemsstatane og Kommisjonen med koordinering av trygdeordningar i Unionen. For dette føremålet og innanfor verkeområdet i medhald av artikkel 1 skal styresmakta

- a) lette tilgangen til informasjon om rettar og plikter som gjeld arbeidskraftmobilitet i heile Unionen, og tilgangen til relevante tenester,
- b) leggje til rette for og styrkje samarbeidet mellom medlemsstatane når det gjeld handheving av relevant unionsrett i heile Unionen, medrekna tilrettelegging av samordna og felles tilsyn,
- c) mekle og medverke til å finne løysingar ved eventuelle tverrnasjonale tvistar mellom medlemsstatane, og
- d) støtte samarbeidet mellom medlemsstatane når det gjeld kampen mot svart arbeid.

### Artikkel 3

#### Rettsleg status

1. Styresmakta skal vere eit EU-organ med status som juridisk person.
2. Styresmakta skal i kvar medlemsstat ha den mest vidtgående retts- og handleevna som vert tillagt juridiske personar i medhald av deira nasjonale rett. Ho kan særleg skaffe seg og avhende lausøyre og fast eigedom og vere part i rettssaker.

## KAPITTEL II

### OPPGÅVENE TIL STYRESMAKTA

#### Artikkel 4

##### Oppgåvene til styresmakta

For å nå måla sine skal styresmakta utføre følgjande oppgåver:

- a) Lette tilgangen til informasjon og koordinere EURES i samsvar med artikkel 5 og 6.
- b) Leggje til rette for samarbeid og informasjonsutveksling mellom medlemsstatane med sikte på einsarta, effektiv og føremålstenleg bruk og handheving av relevant unionsrett, i samsvar med artikkel 7.
- c) Koordinere og støtte samordna og felles tilsyn, i samsvar med artikkel 8 og 9.
- d) Utføre analysar og risikovurdering av spørsmål som gjeld arbeidskraftmobilitet over landegrensene, i samsvar med artikkel 10.
- e) Støtte medlemsstatane med kapasitetsbygging når det gjeld effektiv bruk og handheving av relevant unionsrett, i samsvar med artikkel 11.
- f) Støtte medlemsstatane i kampen mot svart arbeid, i samsvar med artikkel 12.
- g) Mekle i tvistar mellom medlemsstatar om bruken av relevant unionsrett, i samsvar med artikkel 13.

### Artikkel 5

#### Informasjon om arbeidskraftmobilitet

Styresmakta skal betre tilgjenget, kvaliteten og tilgangen til den generelle informasjonen som vert gjeve til einskildpersonar, arbeidsgjevarar og organisasjonane til partane i arbeidslivet om kva rettar og plikter som følgjer av dei unionsrettsaktene som er oppførte i artikkel 1 nr. 4, med sikte på å leggje til rette for arbeidskraftmobilitet i heile Unionen. For dette føremålet skal styresmakta

- a) medverke til at det vert gjeve relevant informasjon om rettane og pliktene til einskildpersonar i situasjonar med arbeidskraftmobilitet over landegrensene, mellom anna gjennom ein felles nettstad for heile Unionen som fungerer som ein fellesportal for tilgang til informasjonskjelder og -tenester på unionsplan og nasjonalt plan på alle offisielle språk i Unionen, og som vart innført ved forordning (EU) 2018/1724,
- b) støtte medlemsstatane i bruken av forordning (EU) 2016/589,
- c) støtte medlemsstatane i å etterleve pliktene som gjeld tilgang til og spreining av informasjon om fri rørsle for arbeidstakarar, særleg slik det er fastsett i artikkel 6 i direktiv 2014/54/EU og i artikkel 22 i forordning (EU) 2016/589, om koordinering av trygd slik det er fastsett i artikkel 74 nr. 4 og 5 i forordning (EF) nr. 883/2004, og om utsending av arbeidstakarar slik det er fastsett i artikkel 5 i direktiv 2014/67/EU, mellom anna gjennom tilvisingar til nasjonale informasjonskjelder som til dømes dei felles offisielle nettstadene,

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

- d) støtte medlemsstatane i å gjere relevante nasjonale informasjonskjelder og -tenester meir nøyaktige, fullstendige og brukarvennlege, i samsvar med dei kvalitetskriteria som er fastsette i forordning (EU) 2018/1724,
- e) støtte medlemsstatane i å forenkla formidlinga av informasjon og tenester til einskildpersonar og arbeidsgjevarar om arbeidskraftmobilitet over landegrensene på frivillig grunnlag,
- f) leggje til rette for samarbeid mellom rette organ som er utpeikte i samsvar med direktiv 2014/54/EU, for å gje informasjon, rettleiing og hjelp til einskildpersonar og arbeidsgjevarar på området arbeidskraftmobilitet i den indre marknaden.

#### Artikkel 6

##### Koordinering av EURES

For å støtte medlemsstatane i å yte tenester til einskildpersonar og arbeidsgjevarar gjennom EURES, til dømes ved matching over landegrensene av ledige jobbar, praktikantplassar og lærlingplassar ved bruk av CV, og såleis leggje til rette for mobilitet over heile Unionen, skal styresmakta forvalte det europeiske samordningskontoret til EURES, som vart skipa i medhald av artikkel 7 i forordning (EU) 2016/589.

Under forvaltninga til styresmakta skal Det europeiske samordningskontoret oppfylle pliktene sine i samsvar med artikkel 8 i forordning (EU) 2016/589, bortsett frå den tekniske drifta og utviklinga av EURES-portalen og tilhøyrande IT-tenester, som framleis skal forvaltast av Kommisjonen. Styresmakta skal, under ansvarsområdet til den daglege leiaren slik det er fastsett i artikkel 22 nr. 4 bokstav n) i denne forordninga, sikre at denne verksemda fullt ut oppfyller krava i dei gjeldande personvernreglane, medrekna kravet om å oppnemne eit personvernombod, i samsvar med artikkel 36 i denne forordninga.

#### Artikkel 7

##### Samarbeid og informasjonsutveksling mellom medlemsstatane

1. Styresmakta skal leggje til rette for samarbeid og påskunde informasjonsutvekslinga mellom medlemsstatane og medverke til at dei faktisk etterlever samarbeidspliktene sine, òg når det gjeld informasjonsutveksling, slik det er definert i unionsretten innanfor verkeområdet for denne forordninga.

For dette føremålet skal styresmakta særleg

- a) på oppmoding frå ein eller fleire medlemsstatar, støtte nasjonale styresmakter i å identifisere relevante kontaktpunkt hjå nasjonale styresmakter i andre medlemsstatar,
  - b) på oppmoding frå ein eller fleire medlemsstatar, leggje til rette for oppfølging av spørsmål frå og informasjonsutveksling mellom nasjonale styresmakter ved å gje logistisk og teknisk støtte, medrekna omsetjings- og tolketenester, og gjennom informasjonsutveksling om statusen til ulike saker,
  - c) fremje, dele og medverke til å spreie beste praksis mellom medlemsstatar,
  - d) på oppmoding frå ein eller fleire medlemsstatar og når det er relevant, leggje til rette for og støtte handhevingsprosedyrar over landegrensene for sanksjonar og bøter, innanfor verkeområdet for denne forordninga i samsvar med artikkel 1,
  - e) leggje fram rapportar for Kommisjonen to gonger i året om uavklarte spørsmål medlemsstatane imellom og vurdere om desse eventuelt skal gå til mekling i samsvar med artikkel 13 nr. 2.
2. På oppmoding frå ein eller fleire medlemsstatar og i utføringa av oppgåvene sine skal styresmakta leggje fram informasjon til støtte for den aktuelle medlemsstaten med omsyn til effektiv bruk av dei unionsrettsaktene som høyrer inn under kompetanseområdet til styresmakta.
  3. Styresmakta skal fremje bruken av elektroniske verktøy og framgangsmåtar for utveksling av meldingar mellom nasjonale styresmakter, medrekna informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI-systemet).
  4. Styresmakta skal oppmuntre til bruk av nyskapande tiltak for å fremje eit effektivt og føremålstenleg samarbeid over landegrensene, og skal fremje ein mogleg bruk av ordningar for elektronisk utveksling og databasar mellom medlemsstatane for å lette tilgangen til data i sanntid og lettare avdekkje svik, og ho kan føreslå moglege betringar i bruken av desse ordningane og databasane. Styresmakta skal leggje fram for Kommisjonen rapportar med sikte på å vidareutvikle ordningar for elektronisk utveksling og databasar.

*Artikkel 8***Koordinering av og støtte til samordna og felles tilsyn**

1. På oppmoding frå ein eller fleire medlemsstatar skal styresmakta koordinere og støtte samordna eller felles tilsyn på dei områda som ligg innanfor kompetanseområdet til styresmakta. Styresmakta kan òg, på eige initiativ, føreslå for styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld, at dei kan utføre samordna eller felles tilsyn.

Samordna og felles tilsyn skal finne stad etter avtale mellom dei medlemsstatane som det gjeld.

Organisasjonane til partane i arbeidslivet på nasjonalt plan kan leggje fram saker for styresmakta.

2. I denne forordninga tyder
  - a) «samordna tilsyn» tilsyn som vert utført i to eller fleire medlemsstatar til same tid, som gjeld relaterte saker, der kvar nasjonale styresmakt er verksam på sitt eige territorium, med støtte frå personalet til styresmakta når det er føremålstenleg,
  - b) «felles tilsyn» tilsyn som vert utført i ein medlemsstat, med deltaking frå dei nasjonale styresmaktene i ein eller fleire medlemsstatar, med støtte frå personalet til styresmakta når det er føremålstenleg.
3. I samsvar med prinsippet om lojalt samarbeid skal medlemsstatane leggje vinn på å delta i samordna eller felles tilsyn.

Eit samordna eller felles tilsyn skal godkjennast på førehand av alle dei deltakande medlemsstatane, og avtala om slik godkjenning skal meldast gjennom dei nasjonale kontaktpersonane som er utpeikte i medhald av artikkel 32.

Dersom ein eller fleire medlemsstatar tek avgjerd om å ikkje delta i det samordna eller felles tilsynet, skal dei nasjonale styresmaktene i dei andre medlemsstatane utføre dette tilsynet berre i dei deltakande medlemsstatane. Medlemsstatar som tek avgjerd om å ikkje delta, skal handsame opplysningar om eit slikt tilsyn fortruleg.

4. Styresmakta skal innføre og vedta nærmare reglar for å sikre føremålstenleg oppfølging når ein medlemsstat tek avgjerd om å ikkje delta i eit samordna eller felles tilsyn.

I slike tilfelle skal medlemsstaten skriftleg og utan unødige opphald melde frå til styresmakta og dei andre medlemsstatane som det gjeld, òg elektronisk, og grunnge avgjerda si,

og eventuelt melde frå om kva tiltak han har planar om å gjere for å løyse saka og, straks dette er kjent, om resultatane av desse tiltaka. Styresmakta kan føreslå at medlemsstatane som ikkje har delteke i eit samordna eller felles tilsyn, skal utføre sitt eige tilsyn på frivillig grunnlag.

5. Medlemsstatane og styresmakta skal handsame opplysningar om planlagde tilsyn fortruleg i høve til tredjepartar.

*Artikkel 9***Ordningar for samordna og felles tilsyn**

1. I ei avtale om utføring av samordna eller felles tilsyn mellom deltakande medlemsstatar og styresmakta skal det fastsetjast vilkår for korleis tilsynet skal utførast, medrekna verkeområdet for og føremålet med tilsynet og, dersom det er relevant, eventuelle ordningar som gjeld deltaking frå personalet til styresmakta. Avtala kan innehalde føresegnar som gjer det mogleg å gjennomføre samordna eller felles tilsyn på kort varsel, straks dei er vedtekne og planlagde. Styresmakta skal utarbeide ein avtalemaal i samsvar med unionsretten og med nasjonal lovgjeving eller praksis.
2. Samordna og felles tilsyn skal utførast i samsvar med lovgjevinga eller praksisen i medlemsstaten der tilsynet finn stad. All oppfølging av slike tilsyn skal utførast i samsvar med lovgjevinga eller praksisen i den medlemsstaten som det gjeld.
3. Samordna og felles tilsyn skal utførast på ein driftsmessig effektiv måte. For dette føremålet skal medlemsstatane i tilsynsavtala gje tenestemenn frå ein annan medlemsstat som tek del i slike tilsyn, ei passende rolle og stilling, i samsvar med lovgjevinga eller praksisen i medlemsstaten der tilsynet vert utført.
4. Styresmakta skal gje medlemsstatar som utfører samordna eller felles tilsyn, støtte når det gjeld omgrep, logistikk og teknikk, og eventuelt juridisk sakkunnskap, medrekna omsetjings- og tolketenester, dersom desse medlemsstatane ber om det.
5. Personale frå styresmakta kan delta som observatørar og yte logistisk støtte ved tilsynet, og kan delta i eit samordna eller felles tilsyn utan å ha avtala dette på førehand med medlemsstaten der tilsynet skal utførast, i samsvar med lovgjevinga eller praksisen til medlemsstaten.
6. Den medlemsstatsstyresmakta som utfører eit samordna eller felles tilsyn, skal seinast seks månader etter at tilsynet er avslutta, rappor-

tere til styresmakta om resultatet av tilsynet i den aktuelle medlemsstaten og om den overordna driftsmessige gjennomføringa av det samordna eller felles tilsynet.

7. Dei opplysningane som vert innsamla under samordna eller felles tilsyn, skal kunne nyttast som prov i rettssaker i dei medlemsstatane som det gjeld, i samsvar med lovgjevinga eller praksisen i den aktuelle medlemsstaten.
8. Opplysningar om samordna og felles tilsyn som vert koordinerte av styresmakta, og opplysningar som medlemsstatane og styresmakta gjev slik det er nemnt i artikkel 8 nr. 2 og 3, skal takast med i rapportane som skal sendast over til styret to gonger i året. Slike rapportar skal òg sendast til gruppa av interessepartar, med sensitive opplysningar tilbørleg redigerte. Ein årleg rapport om dei tilsyna som styresmakta støttar, skal takast med i den årlege verksemdsrapporten til styresmakta.
9. Dersom styresmakta under samordna eller felles tilsyn eller under verksemda si elles får mistanke om avvik i bruken av unionsretten, kan ho, der det høver, rapportere om desse moglege avvika til den medlemsstaten som det gjeld, og til Kommisjonen.

#### Artikkel 10

##### **Analysar og risikovurdering av arbeidskraftmobilitet**

1. Styresmakta skal, i samarbeid med medlemsstatane og eventuelt med partane i arbeidslivet, vurdere risikoar og utføre analysar om arbeidskraftmobilitet og koordinering av trygd i heile Unionen. Risikovurderinga og analysearbeidet skal omfatte emne som til dømes ubalans i arbeidsmarknaden, sektorspesifikke utfordringar og tilbakevendande problem, og styresmakta kan òg leggje vekt på grundige analysar og studiar for å granske spesifikke spørsmål. Når ho utfører risikovurderinga si og analysearbeidet sitt, skal styresmakta i størst mogleg grad nytte relevante og oppdaterte statistiske opplysningar som finst tilgjengelege frå eksisterande granskningar, og sikre komplementaritet med og støtte seg på sakkunnskapen frå byråa eller tenestene til Unionen og frå nasjonale styresmakter, byrå eller tenester, mellom anna når det gjeld svik, utnytting, diskriminering, kompetanseprognosar og helse og tryggleik på arbeidsplassen.
2. Styresmakta skal leggje til rette for fagfelle-vurderingar mellom medlemsstatar som gjev samtykke til å delta, for å

- a) undersøkje eventuelle spørsmål, vanskar og særlege problem som kan oppstå når det gjeld gjennomføringa og den praktiske bruken av unionsretten innanfor kompetanseområdet til styresmakta, og når det gjeld den praktiske handhevinga,
- b) gjere ytinga av tenester til einskildpersonar og føretak meir einskapleg,
- c) betre kunnskapen og den felles forståinga av ulike system og praksisar, og vurdere kor effektive ulike politiske tiltak er, mellom anna førebyggjande og avskrekkande tiltak.

3. Dersom det er utført risikovurdering eller ein annan type analysearbeid, skal styresmakta rapportere resultatane sine til Kommisjonen og direkte til dei medlemsstatane som det gjeld, og føreslå moglege tiltak for å bøte på dei veikskapane som er påviste.

Styresmakta skal òg ta med eit samandrag av resultatane sine i dei årlege rapportane til Europaparlamentet og Kommisjonen.

4. Når det er føremålstenleg, skal styresmakta samle inn statistiske opplysningar som medlemsstatane har utarbeidd og sendt over, på dei områda av unionsretten som ligg innanfor kompetanseområdet til styresmakta. Når ho gjer dette, skal styresmakta ta sikte på å forenkle den aktuelle datainnsamlinga si på desse områda, for å unngå at data vert samla inn fleire gonger. Der det er relevant, skal artikkel 15 nyttast. Styresmakta skal samarbeide med Kommisjonen (Eurostat) og dele resultatane av datainnsamlinga si der det er føremålstenleg.

#### Artikkel 11

##### **Støtte til kapasitetsbygging**

Styresmakta skal støtte medlemsstatane i kapasitetsbygging som skal fremje ei einsarta handheving av unionsretten på alle område som er oppførte i artikkel 1. Styresmakta skal særleg utføre følgjande oppgåver:

- a) I samarbeid med nasjonale styresmakter og eventuelt med partane i arbeidslivet utarbeide felles ikkje-bindande retningslinjer til bruk for medlemsstatane og partane i arbeidslivet, medrekna rettleiing for tilsyn i saker med ein grensekryssande dimensjon, og utarbeide felles definisjonar og omgrep på grunnlag av relevant arbeid på nasjonalt plan og unionsplan.
- b) Fremje og støtte innbyrdes hjelp, anten i form av gjensidige aktivitetar eller gruppearbeid, i tillegg til utveksling av personale og utplasse-

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

- ringsordningar mellom nasjonale styresmakter.
- c) Fremje utveksling og formidling av røynsler og god praksis, medrekna døme på samarbeid mellom dei relevante nasjonale styresmaktene.
  - d) Utarbeide sektorspesifikke og sektorovergripande opplæringsprogram, mellom anna for arbeidstilsyn, og målretta opplæringsmateriale, mellom anna i form av nettbaserte læringsmetodar.
  - e) Fremje haldningskampanjar, mellom anna kampanjar for å informere einskildpersonar og arbeidsgjevarar, særleg små og mellomstore føretak, om rettane og pliktene deira og om kva som er mogleg for dei å gjere.
- over landegrensene, og for å evaluere røynsler,
- d) medverke til ei overgripande innsikt i spørsmål som gjeld svart arbeid.
3. Plattformen skal vere samansett av
    - a) ein representant på høgt nivå, oppnemnd av kvar medlemsstat,
    - b) ein representant for Kommisjonen,
    - c) opptil fire representantar for bransjeovergripande organisasjonar for partane i arbeidslivet på unionsplan, som er utpeikte av desse organisasjonane og har lik representasjon frå høvesvis fagforeinings- og arbeidsgjevarorganisasjonane.
  4. Følgjande interessepartar kan delta på møta til plattformen som observatørar, og det skal takast tilbørleg omsyn til innspela deira:
    - a) Opptil 14 representantar for organisasjonane til partane i arbeidslivet i sektorar med høg førekomst av svart arbeid, som er utpeikte av desse organisasjonane og har lik representasjon frå høvesvis fagforeinings- og arbeidsgjevarorganisasjonane.
    - b) Ein representant kvar for høvesvis Eurofound, EU-OSHA og ILO.
    - c) Ein representant for kvart tredjeland i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet.
- Andre observatørar enn dei som er nemnde i første leddet, kan inviterast til å delta på møta til plattformen, og det skal takast tilbørleg omsyn til innspela deira.
- Plattformen skal leiast av ein representant for styresmakta.

#### Artikkel 12

##### Europeisk plattform for å styrkje samarbeidet i kampen mot svart arbeid

1. Den europeiske plattformen for å styrkje samarbeidet i kampen mot svart arbeid («plattformen»), som vart innført i samsvar med artikkel 16 nr. 2, skal støtte verksemda til styresmakta i kampen mot svart arbeid ved å
  - a) styrkje samarbeidet mellom dei relevante styresmaktene i medlemsstatane og andre aktuelle aktørar for å kjempe meir føremålstenleg og effektivt mot svart arbeid i ulike former og mot feilrapportert arbeid i samband med dette, medrekna falsk sjølvstendig verksemd,
  - b) betre den evna som ulike relevante styresmakter og aktørar i medlemsstatane har til å kjempe mot svart arbeid når det gjeld dei grensekryssande aspekta ved dette, og på den måten medverke til like konkurransevilkår,
  - c) gjere ålmenta meir medviten om problemstillingar i samband med svart arbeid og om kor viktig det er å setje i verk eigna tiltak straks, og i tillegg oppmuntre medlemsstatane til å trappe opp innsatsen sin i kampen mot svart arbeid,
  - d) utføre dei oppgåvene som er oppførte i vedlegget.
2. Plattformen skal oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane ved å
  - a) utveksle beste praksis og informasjon,
  - b) utvikle sakkunnskap og analysar, og samstundes unngå dobbeltarbeid,
  - c) oppmuntre til og leggje til rette for nyskapande framgangsmåtar for å få i stand eit effektivt og føremålstenleg samarbeid

#### Artikkel 13

##### Mekling mellom medlemsstatar

1. Styresmakta kan leggje til rette for å løyse eventuelle tvistar mellom to eller fleire medlemsstatar om enkeltsaker som gjeld bruken av unionsretten på område som er omfatta av denne forordninga, utan at det rører ved fullmaktene til Domstolen. Føremålet med slik mekling skal vere å sameine ulike synspunkt mellom medlemsstatar som er part i tvisten, og å vedta ei ikkje-bindande fråsegn.
2. Dersom det ikkje er mogleg å løyse ein tvist ved direkte kontakt og dialog mellom dei medlemsstatane som er part i tvisten, skal styresmakta innleie ein meklingsprosydyre på oppmoding frå ein eller fleire av dei medlemsstatane det gjeld. Styresmakta kan òg på eige initiativ føreslå at det vert innleidd ein meklingsprosydyre. Meklinga skal finne stad



- berre dersom alle medlemsstatane som er part i tvisten, er samde om det.
3. Det første stadiet i meklinga skal gjennomførast mellom dei medlemsstatane som er part i tvisten, og ein meklar, som skal vedta ei ikkje-bindande fråsegn etter felles avtale. Ekspertar frå medlemsstatane, Kommisjonen og styresmakta kan delta som rådgjevarar i det første stadiet i meklinga.
  4. Dersom det første stadiet i meklinga ikkje fører fram til noka løysing, skal styresmakta innleie eit andre stadium i meklinga overfor meklingsutvalet, så framti alle medlemsstatane som er part i tvisten, er samde om det.
  5. Meklingsutvalet er samansett av ekspertar frå andre medlemsstatar enn dei som er part i tvisten, og skal prøve å sameine synspunkta til dei medlemsstatane som er part i tvisten, og skal kome fram til ei ikkje-bindande fråsegn. Ekspertar frå Kommisjonen og styresmakta kan delta som rådgjevarar i det andre stadiet i meklinga.
  6. Styret skal vedta sakshandsamingsreglar for meklinga, medrekna samarbeidsordningar og oppnemning av meklarar, gjeldande fristar, medverknad frå ekspertar frå medlemsstatane, Kommisjonen og styresmakta, og høve for meklingsutvalet til å delta i panel som består av fleire medlemmer.
  7. Det skal vere frivillig for medlemsstatar som er part i tvisten, å delta i begge meklingsstadia. Dersom ein slik medlemsstat tek avgjerd om å ikkje delta i meklinga, skal han melde frå skriftleg til styresmakta og dei andre medlemsstatane som er part i tvisten, òg elektronisk, og grunngje avgjerda si, innan den fristen som er fastsett i sakshandsamingsreglane som er nemnde i nr. 6.
  8. Når dei legg fram ei sak for mekling, skal medlemsstatane syte for at alle personopplysningar som gjeld saka, er anonymiserte på ein slik måte at det ikkje eller ikkje lenger er mogleg å identifisere den registrerte personen. Styresmakta skal ikkje på noko tidspunkt under meklinga handsame personopplysningar om einskildpersonar som saka omfattar.
  9. Saker som er under rettshandsaming på nasjonalt plan eller på unionsplan, kan ikkje takast opp til mekling av styresmakta. Dersom det vert teke rettslege steg under meklinga, skal meklingsprosedyren stansast.
  10. Mekling skal ikkje røre ved kompetanseområdet til Den administrative kommisjonen, medrekna alle avgjerder som han tek. Meklinga skal ta omsyn til alle relevante avgjerder som Den administrative kommisjonen tek.
  11. Dersom ein tvist heilt eller delvis dreier seg om spørsmål om trygd, skal styresmakta melde frå til Den administrative kommisjonen. For å sikre godt samarbeid, koordinere verksemda etter felles avtale og unngå dobbeltarbeid i meklingsaker som omfattar både trygde- og arbeidsrettsspørsmål, skal Den administrative kommisjonen og styresmakta inngå ei samarbeidsavtale. På oppmoding frå Den administrative kommisjonen og etter avtale med medlemsstatane som er part i tvisten, skal styresmakta vise trygdespørsmål vidare til Den administrative kommisjonen i medhald av artikkel 74a nr. 2 i forordning (EF) nr. 883/2004. Mekling som ikkje gjeld trygdespørsmål, kan halde fram. På oppmoding frå ein medlemsstat som er part i tvisten, skal styresmakta vise spørsmål som gjeld koordinering av trygd, vidare til Den administrative kommisjonen. Tilvisinga kan gjerast når som helst i meklingsprosessen. Mekling som ikkje gjeld trygdespørsmål, kan halde fram.
  12. Innan tre månader etter at den ikkje-bindande fråsegna er vedteken, skal dei medlemsstatane som er part i tvisten, melde frå til styresmakta om kva tiltak dei har gjort for å følgje opp fråsegna, eller dersom dei ikkje har gjort tiltak, om kvifor dei ikkje har gjort dette.
  13. Styresmakta skal melde frå til Kommisjonen to gonger i året om resultatet av dei meklingsakene som ho har gjennomført, og om saker som ho ikkje har gått vidare med.

#### Artikkel 14

##### **Samarbeid med byrå og spesialiserte organ**

Styresmakta skal i all verksemda si ta sikte på å sikre samarbeid, unngå overlapping og fremje samverknad og komplementaritet med andre desentraliserte byrå og spesialiserte organ i Unionen, til dømes Den administrative kommisjonen. For dette føremålet kan styresmakta inngå samarbeidsavtaler med relevante byrå i Unionen, til dømes Cedefop, Eurofound, EU-OSHA, ETF, Europol og Eurojust.

#### Artikkel 15

##### **Samverknadsevne og informasjonsutveksling**

Styresmakta skal samordne, utarbeide og nytte rammer for samverknadsevne for å sikre informasjonsutveksling både mellom medlemsstatane og

med styresmakta. Desse rammene for samverknadsevne skal byggje på og støttast av den europeiske ramma for samverknadsevne og av den europeiske referansearkitekturen for samverknadsevne, som er nemnd i avgjerd (EU) 2015/2240.

### KAPITTEL III

## ORGANISASJONEN TIL STYRESMAKTA

### Artikkel 16

#### Administrasjons- og forvaltingsstruktur

1. Administrasjons- og forvaltingsstrukturen til styresmakta skal omfatte
  - a) eit styre,
  - b) ein dagleg leiar,
  - c) ei gruppe av interessepartar.
2. Styresmakta kan oppnemne arbeidsgrupper eller ekspertpanel med representantar frå medlemsstatane eller frå Kommisjonen, eller eksterne ekspertar etter ein utveljingsprosedyre, eller ein kombinasjon av dette, for å utføre dei spesifikke oppgåvene sine eller på særskilde politikkområde. Ho skal innføre plattformar som er nemnd i artikkel 12, som ei fast arbeidsgruppe, og oppnemne meklingsutvalet som er nemnt i artikkel 13.

Møteføresegnene til slike arbeidsgrupper og panel skal fastsetjast av styresmakta etter at ho har rådført seg med Kommisjonen.

### Artikkel 17

#### Samansetnaden av styret

1. Styret skal vere samansett av
  - a) in medlem frå kvar medlemsstat,
  - b) to medlemmer som representerer Kommisjonen,
  - c) ein uavhengig ekspert som er oppnemnd av Europaparlamentet,
  - d) fire medlemmer som representerer bransjeovergripande organisasjonar for partane i arbeidslivet på unionsplan, som har lik representasjon frå høvesvis fagforeinings- og arbeidsgjevarorganisasjonane.

Berre dei medlemmene som er nemnde i bokstav a) og b) i første leddet, skal ha røysterett.

2. Kvar styremedlem skal ha ein varamedlem. Ved frávær skal medlemmen representerast av varamedlemmen.
3. Medlemmene som er nemnde i bokstav a) i nr. 1 første leddet, og varamedlemmene deira, skal oppnemnast av medlemsstaten sin.

Kommisjonen skal oppnemne dei medlemmene som er nemnde i bokstav b) i nr. 1 første leddet.

Europakommisjonen skal oppnemne den eksperten som er nemnd i bokstav c) i nr. 1 første leddet.

Dei bransjeovergripande organisasjonane til partane i arbeidslivet på unionsplan skal oppnemne representantane sine, og Europaparlamentet skal oppnemne sin uavhengige ekspert, etter å ha kontrollert at det ikkje ligg føre nokon interessekonflikt.

Styremedlemmene og varamedlemmene deira skal oppnemnast på grunnlag av kunnskapen sin på dei områda som er nemnde i artikkel 1, samstundes som det vert teke omsyn til relevant kompetanse innanfor leiar- skap, forvaltning og budsjettering.

For å sikre kontinuitet i arbeidet til styret skal alle partar som er representerte, leggje vinn på å avgrense utskiftinga av styreprerentantar. Alle partar skal arbeide for å oppnå ein jamn representasjon av kvinner og menn i styret.

4. Når dei tek på seg vervet sitt, skal kvar medlem og varamedlem underteikne ei skriftleg fråsegn om at han eller ho ikkje er del i nokon interessekonflikt. Kvar medlem og varamedlem skal ajourføre fråsegna si ved endringar i omstende som gjeld eventuelle interessekonfliktar. Styresmakta skal offentleggjere fråsegnene og ajourføringar av dei på nettstaden sin.
5. Mandatperioden til medlemmer og varamedlemmer skal vare i fire år. Denne mandatperioden skal kunne lengjast.
6. Representantar frå tredjeland som nyttar unionsretten på område som denne forordninga omfattar, kan delta i møta og drøftingane til styret som observatørar.
7. Ein representant frå Eurofound, ein representant frå EU-OSHA, ein representant frå Cedefop og ein representant for Den europeiske opplæringsstiftinga kan inviterast til å delta på møta til styret for å gjere byråa meir effektive og betre samverknaden mellom dei.

### Artikkel 18

#### Arbeidsoppgåvene til styret

1. Styret skal særleg utføre følgjande oppgåver:
  - a) Utarbeide dei strategiske retningslinjene for og føre tilsyn med verksemda til styresmakta.
  - b) Vedta det årlege budsjettet til styresmakta med eit fleirtal på to tredelar av alle med-

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

- lemmer med røysterett, og utføre andre arbeidsoppgåver som er knytte til styresmakta sitt budsjett i medhald av kapittel IV.
- c) Vurdere og vedta den konsoliderte årlege verksemdsrapporten om verksemda til styresmakta, medrekna ei oversikt over utførte oppgåver, og kvart år innan 1. juli sende over rapporten til Europaparlamentet, Rådet, Kommisjonen og Revisjonsretten og offentleggjere den konsoliderte årlege verksemdsrapporten.
  - d) Vedta dei finansielle reglane som skal gjelde for styresmakta i samsvar med artikkel 29.
  - e) Vedta ein strategi mot svik som står i høve til risikoane for svik, der det vert teke omsyn til kostnadene og føremonene ved dei tiltaka som skal gjennomførast.
  - f) Vedta reglar for å førebyggje og forvalte interessekonfliktar mellom medlemmer og uavhengige ekspertar, mellom medlemmer av gruppa av interessepartar og mellom arbeidsgruppene og panela til styresmakta som er nemnde i artikkel 16 nr. 2, og mellom utsende nasjonale ekspertar og anna personale som ikkje er tilsette av styresmakta, slik det er nemnt i artikkel 33, og kvart år offentleggjere fråsegner om interessene til styremedlemmene på nettstaden sin.
  - g) Vedta og jamleg ajourføre dei kommunikasjons- og formidlingsplanane som er nemnde i artikkel 36 nr. 3, på grunnlag av ein behovsanalyse.
  - h) Vedta møteføresegnene sine.
  - i) Vedta sakshandsamingsreglane for mekling i medhald av artikkel 13.
  - j) Oppnemne arbeidsgrupper og ekspertpanel i medhald av artikkel 16 nr. 2 og vedta møteføresegnene deira.
  - k) I samsvar med nr. 2 og med omsyn til personalet til styresmakta, utøve dei fullmaktene som vedtektene for tenestemenn gjev tilsetjingsstyresmakta, og den fullmakta som tenestevilkåra for andre tilsette gjev den styresmakta som har kompetanse til å inngå arbeidsavtaler («fullmakta til tilsetjingsstyresmakta»).
  - l) Vedta gjennomføringsreglar for å setje i verk vedtektene for tenestemenn og tenestevilkåra for andre tilsette i samsvar med artikkel 110 i vedtektene for tenestemenn.
  - m) Opprette ein funksjon for internrevisjon der det er føremålstenleg,
  - n) Oppnemne den daglege leiaren og eventuelt utvide mandatperioden hans eller hennar, eller avsetje han eller henne i samsvar med artikkel 31.
  - o) Oppnemne ein rekneskapsfører som skal vere underlagd vedtektene for tenestemenn og tenestevilkåra for andre tilsette, og som skal vere fullt ut uavhengig i utføringa av pliktene sine.
  - p) Fastsetje framgangsmåten for utveljing av medlemmer av og varamedlemmer til gruppa av interessepartar, som er fastsett i samsvar med artikkel 23, og oppnemne desse medlemmene og varamedlemmene.
  - q) Sikre ei tilstrekkeleg oppfølging av funn og tilrådingar frå interne eller eksterne revisjonsrapportar og evalueringar, og frå granskingar som OLAF har utført.
  - r) Ta alle avgjerder om oppnemning av og eventuelle endringar i styresmakta sine interne utval eller andre organ, samstundes som det vert teke omsyn til kva behov styresmakta har når det gjeld verksemd, og til god økonomistyring.
  - s) Godkjenne styresmakta sitt utkast til det felles programdokumentet som er nemnt i artikkel 24, før dokumentet vert lagt fram for Kommisjonen til fråsegn.
  - t) Etter å ha motteke fråsegna frå Kommisjonen, vedta styresmakta sitt felles programdokument med eit fleirtal på to tredelar av alle styremedlemmer som har røysterett, og i samsvar med artikkel 24.
2. I samsvar med artikkel 110 i vedtektene for tenestemenn skal styret ta ei avgjerd på grunnlag av artikkel 2 nr. 1 i dei nemnde vedtektene og artikkel 6 i tenestevilkåra for andre tilsette, om at dei relevante fullmaktene til tilsetjingsstyresmakta vert delegerte til den daglege leiaren, og om at det vert fastsett vilkår for når denne delegeringa av fullmakt kan kallast tilbake. Den daglege leiaren kan delegere desse fullmaktene vidare.
  3. Dersom særlege omstende krev det, kan styret gjere unntak og mellombels kalle tilbake delegeringa til den daglege leiaren av tilsetjingsstyresmakta sine fullmakter og av dei fullmaktene som den daglege leiaren har delegert vidare, og utøve desse fullmaktene sjølv eller delegere dei til eit av medlemmene sine eller til ein annan tilsett enn den daglege leiaren.

*Artikkel 19***Leiaren for styret**

1. Styret skal velje ein leiar og ein nestleiar blant medlemmene som har røysterett, og skal leggje vinn på å oppnå ei jamn kjønnsfordeling. Leiaren og nestleiareren skal veljast med eit fleirtal på to tredelar av alle styremedlemmer som har røysterett.

Dersom ei første avrøysting ikkje fører til fleirtal på to tredelar, skal det haldast ei andre avrøysting der leiareren og nestleiareren skal veljast med vanleg fleirtal blant dei styremedlemmene som har røysterett.

Nestleiareren skal automatisk erstatte leiaren dersom han eller ho ikkje har høve til å utføre pliktene sine.

2. Mandatperioden til leiareren og nestleiareren skal vare i tre år. Mandatperioden kan lengjast in gong. Men dersom medlemskapen deira i styret vert avslutta under mandatperioden deira, vert mandatet deira avslutta automatisk på dette tidspunktet.

*Artikkel 20***Møta i styret**

1. Leiaren skal kalle inn til møta i styret.
2. Leiaren skal organisere drøftingane i samsvar med sakene på dagsordenen. Medlemmene som er nemnde i bokstav c) og d) i artikkel 17 nr. 1 første leddet, skal ikkje delta i drøftingar av spørsmål som gjeld sensitive opplysningar om enkeltsaker, slik det er oppført i møteføresegnene til styret.
3. Den daglege leiareren for styresmakta skal delta i drøftingane utan røysterett.
4. Styret skal halde minst to ordinære møte kvart år. I tillegg skal styret møtast på oppmoding frå leiareren, på oppmoding frå Kommissjonen eller på oppmoding frå minst ein tredel av medlemmene.
5. Styret skal kalle inn til møte med gruppa av interessepartar minst ein gong i året.
6. Styret kan invitere andre personar eller organisasjonar til å delta i møta sine som observatør, medrekna medlemmer av gruppa av interessepartar, dersom synspunkta deira kan vere av interesse.
7. Så framt møteføresegnene tillèt det, kan styremedlemmene og varamedlemmene deira få hjelp av rådgjevarar eller ekspertar under møta sine.
8. Styresmakta skal ha ansvaret for sekretariatet for styret.

*Artikkel 21***Røystereglane til styret**

1. Utan at det rører ved artikkel 18 nr. 1 bokstav b) og t), artikkel 19 nr. 1 og artikkel 31 nr. 8 skal styret ta avgjerdene sine med fleirtal blant dei røysteføre medlemmene sine.
2. Kvar medlem med røysterett skal ha éi røyst. Dersom ein røystefør medlem ikkje er til stades, har varamedlemmen røysterett.
3. Den daglege leiareren for styresmakta skal delta i drøftingane utan røysterett.
4. I møteføresegnene til styret skal det fastsetjast nærmare røystereglar, særleg om vilkåra for at ein medlem kan handle på vegner av ein annan medlem, og vilkåra for bruk av skriftleg røysting.

*Artikkel 22***Ansvarsområda til den daglege leiareren**

1. Den daglege leiareren skal ha ansvaret for forvaltninga av styresmakta og leggje vinn på å sikre ei jamn kjønnsfordeling i styret. Den daglege leiareren er ansvarleg overfor styret.
2. Den daglege leiareren skal på oppmoding rapportere til Europaparlamentet om utføringa av pliktene sine. Rådet kan oppmode den daglege leiareren til å rapportere om utføringa av pliktene sine.
3. Den daglege leiareren skal vere juridisk representant for styresmakta.
4. Den daglege leiareren skal ha ansvaret for å gjennomføre dei oppgåvene som er pålagde styresmakta ved denne forordninga, særleg
  - a) den daglege forvaltninga av styresmakta,
  - b) å gjennomføre avgjerdene som styret tek,
  - c) å utarbeide utkastet til det felles programdokumentet og sende det over til styret for godkjenning,
  - d) å gjennomføre det felles programdokumentet og gje styret ein rapport om gjennomføringa,
  - e) å utarbeide utkastet til den konsoliderte årsrapporten om verksemda til styresmakta og leggje det fram for styret til vurdering og godkjenning,
  - f) å utarbeide ein handlingsplan for å følgje opp konklusjonane frå interne eller eksterne revisjonsrapportar og evalueringar i tillegg til granskingar som vert gjorde av OLAF, og å sende over ein statusrapport til Kommissjonen to gonger i året og jamleg til styret,
  - g) å verne dei økonomiske interessene til Unionen ved å setje i verk førebyggjande til-

tak mot svik, korrupsjon og alle andre former for ulovleg verksemd gjennom effektive kontrollar, utan at det rører ved den fullmakta OLAF har til å utføre granskingar og, dersom det vert påvist avvik, ved å krevje tilbakebetaling av midlar som er utbetalte på urettkome vis, og eventuelt ved å innføre sanksjonar, medrekna økonomiske sanksjonar, som er verknadsfulle, svarar til brotet og hindrar nye brot,

- h) å utarbeide ein strategi mot svik for styresmakta og leggje han fram for styret til godkjenning,
  - i) å utarbeide eit utkast til finansielle reglar for styresmakta og leggje det fram for styret,
  - j) å utarbeide eit utkast til oversikt over styresmakta sine inntekter og utgifter som ein del av det felles programdokumentet, og å gjennomføre budsjettet til styresmakta,
  - k) å ta avgjerder om forvaltning av menneskelege ressursar, i samsvar med den avgjerda som er nemnd i artikkel 18 nr. 2,
  - l) å ta avgjerder om dei interne strukturane til styresmakta, medrekna eventuell delegering av oppgåver som kan omfatte den daglege leiinga av styresmakta og eventuelle endringar av desse, samstundes som det vert teke omsyn til dei behova som er knytte til verksemda til styresmakta og til god budsjettstyring,
  - m) når det er relevant, å samarbeide med byråa i Unionen og inngå samarbeidsavtaler med dei,
  - n) å gjennomføre dei tiltaka som styret har fastsett for korleis styresmakta skal nytte forordning (EU) 2018/1725,
  - o) å melde frå til styret om innlegg frå gruppa av interessepartar.
5. Den daglege leiaren skal avgjere om det er naudsynt å utplassere ein eller fleire tilsette i ein eller fleire medlemsstatar, og om det er naudsynt å opprette eit sambandskontor i Brussel for å fremje samarbeidet mellom styresmakta og dei relevante institusjonane og organa til Unionen. Før den daglege leiaren avgjer om det skal opprettast eit lokalt kontor eller eit sambandskontor, skal det innhentast samtykke på førehand frå Kommisjonen, styret og medlemsstaten der kontoret skal plasserast. Avgjerda skal fastsetje omfanget av den verksemda som skal utførast av kontoret, på ein slik måte at unauddsynlege kostnader og overlapping av oppgåvene til styresmakta kan unngåast. Det kan krevjast ei vertsstatsavtale

med medlemsstaten der det lokale kontoret eller sambandskontoret skal opprettast.

### Artikkel 23

#### Gruppa av interessepartar

1. For å leggje til rette for samråd med dei interessepartane det gjeld, og for å dra nytte av sakkunnskapen deira på område som er omfatta av denne forordninga, skal det opprettast ei gruppe av interessepartar. Gruppa av interessepartar skal vere knytt til styresmakta og ha ein rådgjevande funksjon.
2. Gruppa av interessepartar skal orienterast på førehand og kan gje fråsegner til styresmakta, anten på oppmoding frå styresmakta eller på eige initiativ, om
  - a) spørsmål om bruk og handheving av unionsretten på dei områda som denne forordninga omfattar, mellom anna om analyser og risikovurdering av arbeidskraftmobilitet over landegrensene, slik det er nemnt i artikkel 10,
  - b) utkastet til den konsoliderte årlege verksemdsrapporten om verksemda til styresmakta, som er nemnt i artikkel 18,
  - c) utkastet til det felles programdokumentet som er nemnt i artikkel 24.
3. Gruppa av interessepartar skal leiast av den daglege leiaren og møtast minst to gonger i året etter initiativ frå den daglege leiaren eller på oppmoding frå Kommisjonen.
4. Gruppa av interessepartar skal vere samansett av to representantar for Kommisjonen og ti representantar for partane i arbeidslivet på unionsplan, med lik representasjon frå fagforeiningar og arbeidsgjevarorganisasjonar, medrekna anerkjende sektorspesifikke partar i arbeidslivet i Unionen som representerer sektorar som er særleg opptekne av spørsmål om arbeidskraftmobilitet.
5. Medlemmene av gruppa av interessepartar og varamedlemmene deira skal utpeikast av organisasjonane sine og oppnemnast av styret. Varamedlemmene skal oppnemnast av styret på dei same vilkåra som medlemmene, og skal automatisk erstatte alle medlemmer som ikkje er til stades. Det skal i størst mogleg grad leggjast vekt på å oppnå ei høveleg fordeling mellom kjønna og ein tilstrekkeleg representasjon av små og mellomstore føretak.
6. Styresmakta skal ha ansvaret for sekretariatet for gruppa av interessepartar. Gruppa av interessepartar skal vedta møteføresegnene sine med eit fleirtal på to tredelar av alle medlem-

mer som har røysterett. Møteføresegnene skal godkjennast av styret.

7. Gruppa av interessepartar kan invitere eksperter eller representantar for relevante internasjonale organisasjonar til møta sine.
8. Styresmakta skal offentleggjere fråsegnene, råda og tilrådingane frå gruppa av interessepartar og resultatata av samråda deira, bortsett frå i tilfelle som krev fortruleg handsaming.

#### KAPITTEL IV

### FASTSETJING AV OG STRUKTUR FOR BUDSJETTET TIL STYRESMAKTA

#### AVSNITT 1

#### Det felles programdokumentet til styresmakta

##### Artikkel 24

#### Årleg og fleirårig programplanlegging

1. Den daglege leiaren skal kvart år utarbeide eit utkast til eit felles programdokument som særleg skal omfatte fleirårig og årleg programplanlegging i samsvar med delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1271/2013<sup>28</sup>, samstundes som det vert teke omsyn til retningslinjene frå Kommissjonen og eventuelle andre råd frå gruppa av interessepartar.
2. Styret skal innan 30. november kvart år vedta utkastet til det felles programdokumentet som er nemnt i nr. 1. Styret skal sende utkastet over til Europaparlamentet, Rådet og Kommissjonen innan 31. januar året etter, saman med eventuelle nyare ajourførte versjonar av dette dokumentet.

Det felles programdokumentet vert endeleg etter at det allmenne budsjettet til Unionen er endeleg vedteke, og skal tilpassast i samsvar med dette dersom det er naudsynt.

3. Det årlege arbeidsprogrammet skal innehalde nærmare mål og forventa resultat, medrekna resultatindikatorar. Det skal òg innehalde ei omtale av kva tiltak som skal finansierast, og eit overslag over dei økonomiske og menneskelege ressursane som skal tildelast kvart tiltak. Det årlege arbeidsprogrammet skal vere i samsvar med det fleirårige arbeidsprogrammet som er nemnt i nr. 4. Det skal gjerast klart i programmet kva oppgåver som er vortne tilførte, endra eller fjerna jamført med det førre

rekneskapsåret. Styret skal endre det vedtekte årlege arbeidsprogrammet når styresmakta har fått ei ny oppgåve innanfor verkeområdet for denne forordninga.

Eventuelle større endringar i arbeidsprogrammet skal vedtakast etter den same framgangsmåten som for det opprinnelege arbeidsprogrammet. Styret kan delegere fullmakta til å gjere ikkje-vesentlege endringar i det årlege arbeidsprogrammet til den daglege leiaren.

4. Det fleirårige arbeidsprogrammet skal fastsetje den overordna strategiske programplanlegginga, medrekna mål, forventa resultat og resultatindikatorar. Det skal òg for kvar verksemd vise kva rettleiande økonomiske og menneskelege ressursar som vert rekna som naudsynte for å nå dei fastsette måla.

Den strategiske programplanlegginga skal ajourførast når det er føremålstenleg, særleg for å ta omsyn til resultatata av den evalueringa som er nemnd i artikkel 40.

##### Artikkel 25

#### Fastsetjing av budsjettet

1. Den daglege leiaren skal kvart år utarbeide eit mellombels utkast til overslag over inntektene og utgiftene til styresmakta i det komande rekneskapsåret, medrekna ei stillingsoversikt, og sende det over til styret.
2. Det mellombels utkastet til overslag skal byggje på måla og dei forventa resultatata i det årlege programdokumentet som er nemnt i artikkel 24 nr. 3, og skal ta omsyn til dei økonomiske ressursane som er naudsynte for å nå desse måla og forventa resultatata, i samsvar med prinsippet om resultatbasert budsjettering.
3. På grunnlag av det mellombels utkastet til overslag skal styret vedta eit utkast til overslag over inntektene til styresmakta i det komande rekneskapsåret, og skal sende det over til Kommissjonen innan 31. januar kvart år.
4. Kommissjonen skal sende utkastet til overslag over til budsjettstyresmakta saman med framlegget til det allmenne budsjettet til Unionen. Utkastet til overslag skal òg gjerast tilgjengeleg for styresmakta.
5. På grunnlag av utkastet til overslag skal Kommissjonen i framlegget til det allmenne budsjettet til Unionen føre opp det overslaget som han reknar som naudsynt med tanke på stillingsoversikta og det bidraget som skal ytast over det allmenne budsjettet, og leggje dette fram for budsjettstyresmakta i samsvar med artikkel 313 og 314 i TEUV.

<sup>28</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1271/2013 av 30. september 2013 om det finansielle rammereglement for organene nevnt i artikkel 208 i europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 966/2012 (TEU L 328 av 7.12.2013, s. 42).

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

6. Budsjettstyresmakta skal godkjenne løyvingane til bidraget frå Unionens allmenne budsjett til styresmakta.
7. Budsjettstyresmakta skal vedta stillingsoversikta til styresmakta.
8. Budsjettet til styresmakta skal vedtakast av styret. Budsjettet vert endeleg etter at det allmenne budsjettet til Unionen er endeleg vedteke, og skal tilpassast i samsvar med dette dersom det er naudsynt.
9. Delegert forordning (EU) nr. 1271/2013 skal nyttast på eventuelle byggjeprojekt som kan få store konsekvensar for budsjettet til styresmakta.

## AVSNITT 2

### Framlegging, gjennomføring og kontroll av budsjettet til styresmakta

#### Artikkel 26

##### Strukturen til budsjettet

1. For kvart rekneskapsår skal det utarbeidast overslag over alle inntektene og utgiftene til styresmakta, og desse skal først opp i budsjettet til styresmakta. Rekneskapsåret skal svare til kalenderåret.
2. Inntektene og utgiftene i budsjettet til styresmakta skal vere i balanse.
3. Utan at det rører ved andre ressursar, skal inntektene til styresmakta omfatte
  - a) eit tilskot frå Unionen, som vert ført opp i det allmenne budsjettet til Unionen,
  - b) eventuelle frivillige økonomiske bidrag frå medlemsstatane,
  - c) eventuelle bidrag frå tredjeland som tek del i arbeidet til styresmakta, slik det er fastsett i artikkel 42,
  - d) eventuell finansiering frå Unionen i form av delegeringsavtaler eller særlege tilskot i samsvar med styresmakta sine finansielle reglar som er nemnde i artikkel 29, og med føresegnene i dei relevante instrumenta som gjennomfører politikken til Unionen,
  - e) betaling for publikasjonar og andre tenester som styresmakta leverer.
4. Utgiftene til styresmakta skal omfatte løner til personalet og utgifter til administrasjon, infrastruktur og drift.

#### Artikkel 27

##### Gjennomføring av budsjettet

1. Den daglege leiaren skal gjennomføre budsjettet til styresmakta.

2. Den daglege leiaren skal kvart år sende budsjettstyresmakta alle opplysningar om resultatata av framgangsmåtane for evaluering.

#### Artikkel 28

##### Avlegging av rekneskap, og ansvarsfridom

1. Rekneskapsføraren til styresmakta skal sende den mellombels rekneskapen for rekneskapsåret (år N) til Kommisjonen sin rekneskapsfører og til Revisjonsretten innan 1. mars i det komande rekneskapsåret (år N + 1).
2. Rekneskapsføraren for styresmakta skal òg syte for at rekneskapsføraren til Kommisjonen får dei rekneskapsopplysningane som krevst av omsyn til konsolidering, på den måten og i det formatet som den sistnemnde krev, innan 1. mars i år N + 1.
3. Styresmakta skal sende rapporten om budsjett- og økonomistyringa for år N til Europaparlamentet, Rådet, Kommisjonen og Revisjonsretten innan 31. mars i år N + 1.
4. Etter å ha motteke merknadene frå Revisjonsretten til styresmakta sin mellombels rekneskap for år N, skal rekneskapsføraren til styresmakta utarbeide den endelege rekneskapen til styresmakta på eige ansvar. Den daglege leiaren skal leggje rekneskapen fram for styret til fråsegn.
5. Styret skal gje ei fråsegn om den endelege rekneskapen til styresmakta for år N.
6. Rekneskapsføraren til styresmakta skal innan 1. juli i år N + 1 sende den endelege rekneskapen for år N til Europaparlamentet, Rådet, Kommisjonen og Revisjonsretten, saman med fråsegna frå styret.
7. Ei lenkje til dei sidene på nettstaden som inneheld den endelege rekneskapen for styresmakta, skal offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen* innan 15. november i år N + 1.
8. Den daglege leiaren skal innan 30. september i år N + 1 sende Revisjonsretten eit svar om merknadene som er gjorde i årsrapporten. Den daglege leiaren skal òg sende dette svaret til styret og til Kommisjonen.
9. Den daglege leiaren skal leggje fram for Europaparlamentet, på oppmoding frå dette, alle opplysningar som er naudsynte for at framgangsmåten for melding av ansvarsfridom for år N skal kunne gjennomførast på ein tilfredsstillande måte, i samsvar med artikkel 261 nr. 3 i europaparlaments-

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

og rådsforordning (EU, Euratom) 2018/1046<sup>29</sup>.

10. Innan 15. mai år N + 2 skal Europaparlamentet på oppmoding frå Rådet, som tek avgjerda si med kvalifisert fleirtal, gje den daglege leiaren ansvarsfridom med omsyn til gjennomføringa av budsjettet for år N.

#### Artikkel 29

##### Finansielle reglar

Dei finansielle reglane som skal gjelde for styresmakta, skal vedtakast av styret etter samråd med Kommisjonen. Dei skal ikkje avvike frå delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1271/2013, med mindre drifta av styresmakta særleg krev dette og Kommisjonen har gjeve samtykke til det på førehand.

#### KAPITTEL V

##### PERSONALE

#### Artikkel 30

##### Allmenn føresegn

Vedtektene for tenestemenn og tenestevilkåra for andre tilsette, og reglane som er vedtekne etter avtale mellom institusjonane til Unionen for å setje i verk dei nemnde vedtektene og tenestevilkåra, skal gjelde for personalet til styresmakta.

#### Artikkel 31

##### Dagleg leiar

1. Den daglege leiaren skal tilsetjast i ei stilling som mellombels tilsett av styresmakta, i samsvar med artikkel 2 bokstav a) i vedtektene for tenestemenn.
2. Den daglege leiaren skal oppnemnst av styret frå ei liste over kandidatar som Kommisjonen har lagt fram etter ein open og oversiktleg utveljingsprosess. Den utvalde kandidaten skal oppmodast til å gje ei fråsegn til Europaparlamentet og til å svare på spørsmål frå medlemmene av Parlamentet. Denne utvekslinga av synspunkt skal ikkje føre til at oppnemninga vert unødig forseinka.

<sup>29</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) 2018/1046 av 18. juli 2018 om finansielle regler for Unionens alminnelige budsjett, om endring av forordning (EU) nr. 1296/2013, (EU) nr. 1301/2013, (EU) nr. 1303/2013, (EU) nr. 1304/2013, (EU) nr. 1309/2013, (EU) nr. 1316/2013, (EU) nr. 223/2014, (EU) nr. 283/2014 og beslutning nr. 541/2014/EU og om oppheving av forordning (EU, Euratom) nr. 966/2012 (TEU L 193 av 30.7.2018, s. 1).

3. Når avtala med den daglege leiaren vert inngått, skal styresmakta representerst av styreleiaren.
4. Mandatperioden til den daglege leiaren skal vare i fem år. Før utgangen av denne perioden skal Kommisjonen gjere ei vurdering som tek omsyn til ei evaluering av det arbeidet som den daglege leiaren har utført, og av dei framtidige oppgåvene og utfordringane til styresmakta.
5. Styret kan, samstundes som det vert teke omsyn til vurderinga som er nemnd i nr. 4, lengje mandatperioden til den daglege leiaren in gong og med høgst fem år.
6. Dersom mandatperioden til ein dagleg leiar er vorten lengd i medhald av nr. 5, kan denne leiaren ikkje delta i ein ny utveljingsprosess for den same stillinga ved utgangen av den samla perioden.
7. Den daglege leiaren kan avsetjast berre dersom styret har teke avgjerd om det. I avgjerda si skal styret ta omsyn til Kommisjonen si vurdering av arbeidet som den daglege leiaren har utført, slik det er nemnt i nr. 4.
8. Styret skal ta avgjerdene sine om oppnemning, lenging av mandatperioden eller avsetjing av den daglege leiaren med to tredels fleirtal blant dei medlemmene som har røysterett.

#### Artikkel 32

##### Nasjonale kontaktpersonar

1. Kvar medlemsstat skal oppnemne ein nasjonal kontaktperson til nasjonal ekspert som vert utsend til styresmakta, og som skal arbeide ved hovudkontoret i medhald av artikkel 33.
2. Dei nasjonale kontaktpersonane skal medverke i utføringa av oppgåvene til styresmakta, og mellom anna leggje til rette for samarbeid og informasjonsutveksling slik det er fastsett i artikkel 7, og støtte og koordinering av tilsyn slik det er fastsett i artikkel 8. Dei skal òg fungere som nasjonale kontaktpunkt for spørsmål frå og om medlemsstatane sine, anten ved å svare direkte på slike spørsmål eller ved å samarbeide med dei nasjonale forvaltningane sine.
3. Dei nasjonale kontaktpersonane skal ha rett til å be om og motta alle relevante opplysningar frå medlemsstatane sine, slik det er fastsett i denne forordninga, samstundes som dei fullt ut respekterer nasjonal lovgjeving eller praksis i medlemsstatane sine, særleg med omsyn til personvern og reglar om fortruleg hand-saming.



*Artikkel 33***Utsende nasjonale ekspertar og anna personale**

1. I tillegg til dei nasjonale kontaktpersonane kan styresmakta nytte andre utsende nasjonale ekspertar eller anna personale som ikkje er tilsette av styresmakta, på andre område av verksemda si.
2. Styret skal vedta ei avgjerd om reglar for utsending av nasjonale ekspertar, medrekna nasjonale kontaktpersonar.

*KAPITTEL VI***ALLMENNE FØRESEGNAR OG SLUTTFØRESEGNAR***Artikkel 34***Privilegium og immunitet**

Protokoll nr. 7 om privilegia og immuniteten til Den europeiske unionen skal nyttast på styresmakta og personalet hennar.

*Artikkel 35***Språkordning**

1. Føresegnene som er fastsette i rådsforordning nr. 1<sup>30</sup>, skal nyttast på styresmakta.
2. Omsetjingstenestene som er naudsynte for arbeidet til styresmakta, skal leverast av Omsetjingssenteret.

*Artikkel 36***Innsyn, vern av personopplysningar og kommunikasjon**

1. Forordning (EF) nr. 1049/2001 skal nyttast på dokument som styresmakta rår over. Styret skal innan seks månader etter det første møtet sitt vedta nærmare reglar for bruken av forordning (EF) nr. 1049/2001.
2. Styret skal fastsetje tiltak for å oppfylle dei pliktene som er fastsette i forordning (EU) 2018/1725, særleg dei som gjeld oppnemning av eit personvernombod i styresmakta, og dei som gjeld lovleg handsaming av data, trygg handsaming, framlegging av opplysningar og rettane til dei som vert registrerte.
3. Styresmakta kan på eige initiativ ta del i kommunikasjonsverksemd innanfor sitt kompe-

tanseområde. Tildelinga av ressursar til kommunikasjonsverksemd skal ikkje ha negativ innverknad på ei effektiv utføring av dei oppgåvene som er nemnde i artikkel 4. Kommunikasjonsverksemda skal utførast i samsvar med dei relevante kommunikasjons- og formidlingsplanane som styret har vedteke.

*Artikkel 37***Kamp mot svik**

1. For å fremje kampen mot svik, korrupsjon og anna ulovleg verksemd i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 883/2013 skal styresmakta innan seks månader frå datoen då ho er vorten verksam, tiltre den tverrinstitusjonelle avtala av 25. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet for Den europeiske unionen og Kommisjonen for Dei europeiske fellesskapa om interne granskingar som vert gjorde av Det europeiske kontoret for motkjemping av svik (OLAF), og vedta eigna føresegner som skal nyttast på alle tilsette i styresmakta, ved å nytte malen som er oppført i vedlegget til den nemnde avtala.
2. På grunnlag av dokument og kontrollar på staden skal Revisjonsretten ha fullmakt til å revidere alle tilskotsmottakarar, leverandørar og underleverandørar som har motteke unionsmidlar frå styresmakta.
3. OLAF kan utføre granskingar, mellom anna kontrollar og inspeksjonar på staden, for å avdekkje tilfelle av svik, korrupsjon eller anna ulovleg verksemd som påverkar dei økonomiske interessene til Unionen, i samband med ei tilskotsavtale eller ein kontrakt som er finansiert av styresmakta, i samsvar med dei føresegnene og framgangsmåtane som er fastsette i rådsforordning (Euratom, EC) nr. 2185/96<sup>31</sup>.
4. Utan at det rører ved nr. 1, 2 og 3, skal styresmakta sine samarbeidsavtaler med tredjeland og internasjonale organisasjonar, kontraktar, tilskotsavtaler og tilskotsavgjerder innehalde føresegner som uttrykkjeleg gjev Kommisjonen, Revisjonsretten og OLAF fullmakt til å utføre slike revisjonar og granskingar i samsvar med dei høvesvise kompetanseområda deira.

<sup>30</sup> Forordning nr. 1 av 15. april 1958 om fastsettelse av reglene for bruk av språk for Det europeiske økonomiske fellesskap (TEF 17 av 6.10.1958, s. 385).

<sup>31</sup> Rådsforordning (Euratom, EF) nr. 2185/96 av 11. november 1996 om kontroll og inspeksjon på stedet som foretas av Kommisjonen for å verne De europeiske fellesskaps økonomiske interesser mot bedrageri og andre uregelmessigheter (TEF L 292 av 15.11.1996, s. 2).

*Artikkel 38***Tryggleiksreglar for vern av graderte og av sensitive ikkje-graderte opplysningar**

Styresmakta skal vedta tryggleiksreglar som svarar til tryggleiksreglane til Kommisjonen for vern av graderte EU-opplysningar (EUCI) og sensitive ikkje-graderte opplysningar slik det er fastsett i avgjerd (EU, Euratom) 2015/443<sup>32</sup> og (EU, Euratom) 2015/444<sup>33</sup>. Tryggleiksreglane til styresmakta skal mellom anna omfatte føresegner om utveksling, handsaming og lagring av slike opplysningar.

*Artikkel 39***Ansvar**

1. Ansvaret til styresmakta når det gjeld kontraktstilhøve, skal vere underlagt den lova som gjeld for den aktuelle kontrakten.
2. Domstolen skal ha domsmakt til å ta avgjerd i medhald av ein valdgiftsklausul i ein kontrakt som styresmakta har inngått.
3. I tilfelle av ansvar utanfor kontraktstilhøve skal styresmakta, i samsvar med dei allmenne prinsippa som er felles for lovgjevinga i medlemsstatane, erstatte alle skadar som er valda av avdelingane eller personalet til styresmakta under utføringa av arbeidet deira.
4. Domstolen skal ha domsmakt til å avgjere tvistar om erstatning for skadar slik det er nemnt i artikkel 3.
5. Det personlege ansvaret dei tilsette har overfor styresmakta, skal vere underlagt dei relevante føresegnene som er fastsette i vedtektene for tenestemenn og i tenestevilkåra for andre tilsette.

*Artikkel 40***Evaluering og revisjon**

1. Innan 1. august 2024 og deretter kvart femte år skal Kommisjonen vurdere resultatata til styresmakta med omsyn til måla, mandatet og oppgåvene hennar. Ved evalueringa skal det særleg takast stilling til røynslene frå meklingsprosedyren i medhald av artikkel 13. Det skal òg vurderast om det er behov for å endre mandatet til styresmakta og verke-

området for verksemda hennar, mellom anna ved å utvide verkeområdet til å omfatte sektor-spesifikke behov, og dei økonomiske følgjene av slike endringar, samstundes som det vert teke omsyn til det arbeidet som byråa til Unionen utfører på desse områda. Ved evalueringa skal det òg undersøkjast om det på området sysselsetjing og sosialpolitikk kan finnast ytterlegare synergieffektar og forenklingar saman med desse byråa. Dersom det er føremålstenleg, kan Kommisjonen på grunnlag av evalueringa gjere framlegg til regelverk for å revidere verkeområdet for denne forordninga.

2. Dersom Kommisjonen vurderer det slik at det ikkje lenger finst grunnlag for å vidareføre styresmakta med omsyn til måla, mandatet og oppgåvene hennar, kan han gjere framlegg om at denne forordninga vert endra eller oppheva.
3. Kommisjonen skal rapportere til Europaparlamentet, Rådet og styret om resultatata av evalueringa. Resultata av evalueringa skal offentleggjerast.

*Artikkel 41***Administrative granskningar**

Verksemda til styresmakta skal vere underlagd granskningar som Det europeiske ombudet utfører i samsvar med artikkel 228 i TVEU.

*Artikkel 42***Samarbeid med tredjeland og internasjonale organisasjonar**

1. I den grad det er naudsynt for å nå dei måla som er fastsette i denne forordninga, og utan at det rører ved kompetansen til medlemsstatane og institusjonane til Unionen, kan styresmakta samarbeide med dei rette styresmaktene i tredjeland og med internasjonale organisasjonar.

For dette føremålet kan styresmakta, med atterhald for godkjenning frå styret og Kommisjonen, innføre samarbeidsordningar med dei rette styresmaktene i tredjeland og med internasjonale organisasjonar. Desse ordningane skal ikkje medføre rettslege plikter for Unionen eller medlemsstatane.

2. Styresmakta skal vere open for deltaking frå tredjeland som har inngått avtaler med Unionen om dette.

I medhald av dei relevante føresegnene i dei avtalene som er nemnde i første leddet, skal det utarbeidast ordningar der det særleg vert fastsett kva art og omfang deltakinga frå desse

<sup>32</sup> Kommisjonsbeslutning (EU, Euratom) 2015/443 av 13. mars 2015 om sikkerhet i Kommisjonen (TEU L 72 av 17.3.2015, s. 41).

<sup>33</sup> Kommisjonsbeslutning (EU, Euratom) 2015/444 av 13. mars 2015 om sikkerhetsregler for vern av graderte EU-opplysningar (TEU L 72 av 17.3.2015, s. 53).

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

tredjelanda skal ha i arbeidet til styresmakta, og korleis deltakinga skal finne stad, mellom anna føresegner om deltaking i initiativ som styresmakta utfører, om finansielle bidrag og om personale. Når det gjeld personalspørsmål, skal desse ordningane under alle omstende vere i samsvar med vedtektene for tenestemenn.

3. Kommisjonen skal innføre ei eigna samarbeidsordning med den daglege leiaren for styresmakta for å sikre at styresmakta driv verksemda si innanfor mandatet sitt og det eksisterande institusjonelle rammeverket.

#### Artikkel 43

##### **Vertsstatsavtale og driftsvilkår**

1. Dei naudsynte ordningane for lokale som skal stillast til rådvelde for styresmakta i vertsmedlemsstaten, og til dei særlege reglane i vertsmedlemsstaten som skal nyttast på den daglege leiaren, styremedlemmene og personalet og familiarane deira, skal fastsetjast i ei vertsstatsavtale mellom styresmakta og medlemsstaten der styresmakta har hovudkontoret sitt; denne avtala skal inngåast etter godkjenning frå styret og seinast 1. august 2021.
2. Vertsmedlemsstaten til styresmakta skal syte for best moglege vilkår for at styresmakta skal fungere på ein smidig og effektiv måte, medrekna eit fleirspråkleg skuletilbod med europeisk innhald og passande transportsamband.

#### Artikkel 44

##### **Innleiing av verksemda til styresmakta**

1. Styresmakta skal innleie verksemda si med kapasitet til å gjennomføre sitt eige budsjett frå 1. august 2021.
2. Kommisjonen skal ha ansvaret for innføringa og den innleiande drifta av styresmakta inntil styresmakta sjølv er vorten verksam. For dette føremålet gjeld følgjande:
  - a) Inntil den daglege leiaren tek til i stillinga si etter at han eller ho er oppnemnd av styret i samsvar med artikkel 31, kan Kommisjonen peike ut ein tenestemann i Kommisjonen som skal fungere mellombels som dagleg leiar og utføre oppgåvene til den daglege leiaren.
  - b) Som unntak frå artikkel 18 nr. 1 bokstav k) og inntil det vert teke avgjerd slik det er nemnt i artikkel 18 nr. 2, skal den mellombels utpeikte daglege leiaren utøve fullmakta til tilsetjingsstyresmakta.

- c) Kommisjonen kan tilby hjelp til styresmakta, særleg ved å sende ut tenestemenn frå Kommisjonen som kan utføre verksemda til styresmakta under leiing av den mellombels utpeikte daglege leiaren eller av den daglege leiaren.
- d) Den mellombels utpeikte daglege leiaren kan godkjenne alle utbetalingar som er omfatta av løyvingane i budsjettet til styresmakta, etter at dei er godkjende av styret, og kan inngå kontraktar, mellom anna personalkontraktar, etter at stillingsoversikta til styresmakta er vedteken.

#### Artikkel 45

##### **Endringar av forordning (EF) nr. 883/2004**

I forordning (EF) nr. 883/2004 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I artikkel 1 skal ny bokstav lyde:
 

«na)«Den europeiske arbeidsmarkedsmyndigheten» organet som er opprettet ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149(\*) og omhandlet i artikkel 74a,

(\*)Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).»

- 2) Ny artikkel skal lyde:

«Artikkel 74a

##### **Den europeiske arbeidsmarkedsmyndigheten**

1. Uten at det berører Den administrative kommisjonens oppgaver og virksomhet skal Den europeiske arbeidsmarkedsmyndigheten støtte anvendelsen av denne forordningen i samsvar med myndighetens oppgaver som fastsatt i forordning (EU) 2019/1149. Den administrative kommisjonen skal samarbeide med Den europeiske arbeidsmarkedsmyndigheten for å koordinere virksomheten etter felles avtale og unngå enhver overlapping. For dette formålet skal den inngå en samarbeidsavtale med Den europeiske arbeidsmarkedsmyndigheten.
2. Den administrative kommisjonen kan anmode Den europeiske arbeidsmarkedsmyndigheten om å henvise trygdesaker som er underlagt en meglingsprosedyre, i samsvar med artikkel 13 nr. 11 tredje leddet i forordning (EU) 2019/1149.»

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

#### Artikkel 46

##### Endringar av forordning (EU) nr. 492/2011

I forordning (EU) nr. 492/2011 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 26 skal nytt ledd lyde:

«Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta, som er innført ved europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149(\*), skal delta i møta i Det rådgevande utvalet som observatør og tilby teknisk hjelp og sakkunnskap når det er relevant.

(\*) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).»

2) Artikkel 29–34 vert oppheva med verknad frå datoen då styresmakta vert verksam, i samsvar med artikkel 44 nr. 1 i denne forordninga.

3) Artikkel 35 skal lyde:

«Artikkel 35

Dei møteføresegnene som gjaldt for Det rådgevande utvalet 8. november 1968, skal framleis nyttast.»

4) Artikkel 39 skal lyde:

«Artikkel 39

Administrasjonsutgiftene til Det rådgevande utvalet skal først opp i det allmenne budsjettet til Den europeiske unionen, i den delen som gjeld Kommisjonen.»

#### Artikkel 47

##### Endringar av forordning (EU) 2016/589

I forordning (EU) 2016/589 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 1 vert det gjort følgjande endringar:

a) Bokstav a) skal lyde:

«a) organisering av EURES-nettverket mellom Kommisjonen, Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta og medlemsstatane,»

b) Bokstav b) skal lyde:

«b) samarbeid mellom Kommisjonen, Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta og medlemsstatane om å utveksle relevante tilgjengelege data om ledige stillingar, jobbsøknader og CV-ar,»

c) Bokstav f) skal lyde:

«f) fremjing av EURES-nettverket på unionsplan gjennom effektive kommu-

nikasjonstiltak frå Kommisjonen, Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta og medlemsstatane.»

2) I nr. 3 skal nytt nummer lyde:

«(8) «Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta» det organet som er skipa i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149(\*)»

(\*) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).»

3) I artikkel 4 skal nr. 2 lyde:

«2. Personar med nedsett funksjonsevne skal vere sikra tilgang til opplysningane i EURES-portalen og til støttetjenester som er tilgjengelege på nasjonalt plan. Kommisjonen, Det europeiske samordningskontoret og EURES-medlemmene og -partnerane skal fastsetje korleis dette skal sikrast med omsyn til dei respektive pliktene dei har.»

4) I artikkel 7 nr. 1 vert det gjort følgjande endringar:

a) Bokstav a) skal lyde:

«a) Eit europeisk samordningskontor som skal skipast under Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta, og som skal ha ansvar for å hjelpe EURES-nettverket med å utføre verksemda si.»

b) Ny bokstav skal lyde:

«e) Kommisjonen.»

5) I artikkel 8 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 vert det gjort følgjande endringar:

i) Den innleiande teksta skal lyde:

«Det europeiske samordningskontoret skal hjelpe EURES-nettverket med å utføre verksemda si, særleg ved å utvikle og gjennomføre følgjande, i nært samarbeid med dei nasjonale samordningskontora og Kommisjonen:»

ii) I bokstav a) skal punkt i) lyde:

«i) som systemeigar av EURES-portalen og tilhøyrande IT-tjenester, ein definisjon av behova til brukarane og driftskrava som skal sendast over til Kommisjonen med tanke på drift og utvikling av portalen, medrekna system og framgangsmåtar for utveksling av ledige stillingar, jobbsøknader og CV-ar, underlagsdokument og andre opplysningar, i samarbeid med andre relevante

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

tenester, nettverk eller initiativ for informasjon og rådgjeving i Unionen,»

b) Nr. 2 skal lyde:

«2. Det europeiske samordningskontoret skal forvaltast av Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta. Det europeiske samordningskontoret skal ha ein jamleg dialog med representantar for partane i arbeidslivet på unionsplan.»

c) Nr. 3 skal lyde:

«3. Det europeiske samordningskontoret skal utarbeide dei fleirårige arbeidsprogramma sine i samråd med den samordningsgruppa som er nemnd i artikkel 14, og med Kommisjonen.

6) I artikkel 9 nr. 2 skal bokstav b) lyde:

«b) å samarbeide med Kommisjonen, Den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta og medlemsstatane om arbeidsformidling innanfor den ramma som er fastsett i kapittel III,».

7) I artikkel 14 skal nr. 1 lyde:

«1. Samordningsgruppa skal vere samansett av representantar på høveleg nivå ved Kommisjonen, Det europeiske samordningskontoret og dei nasjonale samordningskontora.»

8) I artikkel 16 skal nr. 6 lyde:

«6. Medlemsstatane skal, saman med Kommisjonen og Det europeiske samordningskontoret, alltid undersøkje om det er mogleg å prioritere EU-borgarar ved tilsetjing i ledige stillingar, med sikte på å oppnå jamvekt mellom tilbod og etterspurnad på arbeidsmarknaden i Unionen. Medlemsstatane kan vedta dei tiltaka som er naudsynte for dette føremålet.»

9) I artikkel 19 skal nr. 1 lyde:

«1. Medlemsstatane skal samarbeide med kvarandre, med Kommisjonen og med Det europeiske samordningskontoret når det gjeld samverknad mellom nasjonale system og den europeiske klassifiseringa som er utarbeidd av Kommisjonen. Kommisjonen skal melde frå til medlemsstatane om utviklinga av den europeiske klassifiseringa.»

10) Artikkel 29 skal lyde:

«Artikkel 29

#### **Utvexling av opplysningar om straumar og mønster**

Kommisjonen og medlemsstatane skal overvake og offentleggjere opplysningar om straumar og mønster i arbeidskraftmobiliteten i Unionen på grunnlag av rapportar frå Den

europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta, ved bruk av statistikk frå Eurostat og tilgjengelege nasjonale data.»

#### *Artikkel 48*

#### **Oppheving**

Avgjerd (EU) 2016/344 vert oppheva med verknad frå datoen då styresmakta vert verksam i samsvar med artikkel 44 nr. 1 i denne forordninga.

Tilvisingar til den oppheva avgjerda skal forståast som tilvisingar til denne forordninga.

#### *Artikkel 49*

#### **Ikraftsetjing**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel 20. juni 2019.

*For Europaparlamentet*  
A. TAJANI  
*President*

*For Rådet*  
G. CIAMBA  
*Formann*

#### *VEDLEGG*

#### **VERKSEMDA TIL PLATTFORMA SOM ER INNFØRT I SAMSVAR MED ARTIKKEL 16 NR. 2**

For å støtte måla til styresmakta når det gjeld kampen mot svart arbeid, skal plattformen særleg ta sikte på

- 1) å betre kunnskapen om svart arbeid, mellom anna om årsaker, regionale skilnader og grensekryssande aspekt ved dette, ved hjelp av felles definisjonar og omgrep, kunnskapsbaserte måleverktøy og fremjing av samanliknande analysar, og å utvikle ei gjensidig forståing av ulike system og praksisar for å kjempe mot svart arbeid og analysere kor effektiviteten av politiske tiltak, mellom anna førebyggjande tiltak og sanksjonar,
- 2) å leggje til rette for og evaluere ulike former for samarbeid mellom medlemsstatane, og eventuelt tredjeland, til dømes gjennom utveksling av personale, bruk av databasar, felles aktivitetar og felles opplæring, og innføre eit system for informasjonsutveksling med sikte på administrativt samarbeid ved

Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

- bruk av ein særskild modul for svart arbeid innanfor IMI-systemet,
- 3) å innføre verktøy, til dømes ein kunnskapsbank, for å effektivt å kunne dele informasjon og røynsler, og utarbeide retningslinjer for handheving, handbøker for god praksis, felles prinsipp for tilsyn for å kjempe mot svart arbeid og felles aktivitetar som til dømes europeiske kampanjar, og å evaluere røynslene med slike verktøy,
  - 4) å utarbeide eit program for gjensidig læring for å identifisere god praksis på alle område som er relevante i kampen mot svart arbeid, og organisere fagfellevurderingar for å følge framgangen i kampen mot svart arbeid i dei medlemsstatane som vel å delta i slike vurderingar,
  - 5) å utveksle dei røynslene som nasjonale styresmakter har med bruk av unionsretten i kampen mot svart arbeid.
-

**Vedlegg 2**

## Avgjerd i EØS-komiteen nr. 319/2023 av 8. desember 2023 om endring av vedlegg V (Fri rørsle for arbeidstakarar) og VI (Trygd) og protokoll 31 (om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene) til EØS-avtala

## EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 86 og 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344<sup>1</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) 2019/1149 opphevar, med verknad frå 1. august 2021, europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2016/344<sup>2</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og følgjeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg V og VI og protokoll 31 til EØS-avtala bør difor endrast –

## TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg V til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2 (europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011) skal nytt strekpunkt lyde:  
«– **32019 R 1149**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).»
2. I nr. 9 (europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589) vert følgjande lagt til:  
«, endret ved:  
– **32019 R 1149**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).»

3. Etter nr. 10zv (Kommisjonens gjennomføringsbeslutning (EU) 2022/1949) vert følgjande lagt til:

«**11.32019 R 1149**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga lesast med følgjande tilpassingar:

- a) Når det gjeld EFTA-statane, skal tilvisingar til unionsretten forståast som tilvisingar til EØS-avtala.
- b) Utan at det rører ved føresegnene i protokoll 1 til EØS-avtala, og med mindre anna er fastsett i denne avtala, skal orda ‘medlemsstat(ar)’ og ‘nasjonale styresmakter’ omfatte, i tillegg til tydinga dei har i forordninga, høvesvis EFTA-statane og deira nasjonale styresmakter.
- c) I artikkel 1 nr. 2 og artikkel 2 skal orda ‘og EFTAs overvakingsorgan’ leggjast til etter ordet ‘Kommissjonen’.
- d) I artikkel 7 nr. 1 bokstav e) og artikkel 13 nr. 13 skal orda ‘eller, når det gjeld EFTA-statane, EFTAs overvakingsorgan’ leggjast til etter ordet ‘Kommissjonen’.
- e) I artikkel 9 nr. 9 og artikkel 10 nr. 3 første leddet skal orda ‘eller, når det gjeld EFTA-statane, til EFTAs overvakingsorgan’ leggjast til etter ordet ‘Kommissjonen’.
- f) I artikkel 12, etter nr. 3, skal nytt nummer lyde:  
‘3a. EFTA-statane skal delta fullt ut i plattformen og skal der ha dei same

<sup>1</sup> TEU L 186 av 11.7.2019, s. 21.

<sup>2</sup> TEU L 65 av 11.3.2016, s. 12.

- rettane og pliktene som medlemsstatane i EU, bortsett frå røysterett.’
- g) I artikkel 13:
- i) i nr. 1 skal orda ‘og EFTA-domstolen’ leggjast til etter ordet ‘Domstolen’,
  - ii) i nr. 3, 5 og 6 skal orda ‘, EFTAs overvakingsorgan, når ein eller fleire av EFTA-statane er involvert,’ leggjast til etter ordet ‘Kommisjonen’.
- h) I artikkel 16 nr. 2, etter første leddet første punktum, skal nytt punktum lyde: ‘Styresmakta kan invitere representantar for EFTAs overvakingsorgan til arbeidsgruppene og ekspertpanela som observatørar.’
- i) I artikkel 17, etter nr. 1, skal nytt nummer lyde:
- ‘1a. EFTA-statane og EFTAs overvakingsorgan skal delta fullt ut i styret og skal der ha dei same rettane og pliktene som høvesvis medlemsstatane i EU og Kommisjonen, bortsett frå røysterett.’
- j) I artikkel 26 skal nytt nummer lyde:
- ‘5. EFTA-statane skal ta del i det tilskotet frå Unionen som er nemnd i nr. 3 bokstav a). For dette føremålet skal dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 82 nr. 1 bokstav a) i og protokoll 32 til EØS-avtala, nyttast tilsvarande med naudsynte endringar.’
- k) I artikkel 30 skal nye ledd lyde:
- ‘Som eit unntak frå artikkel 12 nr. 2 bokstav a) og artikkel 82 nr. 3 bokstav a) i tenestevilkåra for andre tilsette i Den europeiske unionen kan borgarar frå EFTA-statane som har fulle borgarrettar, tilsetjast på kontrakt i medhald av fullmakta til tilsetjingsstyresmakta.
- Som eit unntak frå artikkel 12 nr. 2 bokstav e), artikkel 82 nr. 3 bokstav e) og artikkel 85 nr. 3 i tenestevilkåra for andre tilsette i Den europeiske unionen skal styresmakta, med omsyn til personalet sitt, rekne dei språka som er nemnde i artikkel 129 nr. 1 i EØS-avtala, som språk i Unionen som er nemnde i artikkel 55 nr. 1 i traktaten om Den europeiske unionen.’
- l) I artikkel 32, etter nr. 1, skal nytt nummer lyde:

- ‘1a. Ein EFTA-stat kan peike ut den nasjonale kontaktpersonen til ein annan EFTA-stat eller ein medlemsstat i EU som sin nasjonale kontaktperson.’
- m) I artikkel 34 skal følgjande leggjast til:
- ‘EFTA-statane skal gje styresmakta og personalet hennar privilegium og immunitet tilsvarande dei som er omtala i protokoll 7 om privilegia og immuniteten til Den europeiske unionen.’»

#### Artikkel 2

I EØS-avtala vedlegg VI nr. 1 (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004) skal nytt strekpunkt lyde:

«– **32019 R 1149**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 (EUT L 186 av 11.7.2019, s. 21).»

#### Artikkel 3

Teksta i andre strekpunktet i artikkel 15 nr. 9 i protokoll 31 til EØS-avtala (europaparlaments- og rådsavgjerd (EU) 2016/344) vert oppheva.

#### Artikkel 4

Teksta til forordning (EU) 2019/1149 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### Artikkel 5

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. desember 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn<sup>3</sup>.

#### Artikkel 6

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 8. desember 2023.

For EØS-komiteen  
*Pascal Schafhauser*  
 Formann

<sup>3</sup> Forfatningsrettslege krav oppgjevne.



Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

*Felles fråsegn frå avtalepartane i samband med avgjerd nr. 319/2023 som innlemmar europa-parlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 i EØS-avtala*

Partane erkjenner at innlemminga av denne rettsakta ikkje rører ved den direkte bruken av proto-

koll 7 om privilegia og immuniteten til Den europeiske unionen på borgarar frå EFTA-statane på territoriet til kvar einskild medlemsstat i Den europeiske unionen, i samsvar med artikkel 11 i den nemnde protokollen.

---

---





